VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: **Formannskapet**
Møtestad: **Voldsfjorden, Volda rådhus**
Dato: **04.09.2018**
Tid: **12:00**

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb og på servicekontoret.

Jørgen Amdam
ordførar

VOLDA KOMMUNE

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 129/18	**Godkjenning av innkalling og sakliste**
PS 130/18	**Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**
OS 120/18	**Orientering Bergen Capital og Sparebank1 – finansreglement**
PS 131/18	**Finansreglement Volda kommune**
PS 132/18	**Orienteringssaker**
OS 121/18	**Arbeidsutkast til kommuneplanen sin arealdel**
OS 122/18	**Referat ordførar-/rådmannssamling Ørsta 17.08.18**
OS 123/18	**Krav om beredskapsferje Folkestad Volda i den tida Rotsethorntunnelen er stengd**
OS 124/18	**Asko Holding as og V4-Mat as - Klage over reguleringsvedtak - sak PS2016/11 i Volda kommunestyre. Reguleringsplan Volda -Furene.**
OS 125/18	**Drosjeløyvene i Volda og Ørsta kommuner - Søknad om reserveløyve fra Ørsta Taxi - Universielt utforma bil med 8 sitteplassar**
PS 133/18	**Utgreiing av forslag til nattbemanning ved Myravegen 35**
PS 134/18	**Tilleggsfinansiering Fast dekke kommunale grusareal prosjekt 701601**

PS 129/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 130/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

OS 120/18 Orientering Bergen Capital og Sparebank1 - finansreglement

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Kari Mette Sundgot	Arkivsak nr.:	2018/211
		Arkivkode:	151

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
131/18	Formannskapet	04.09.2018
	Kommunestyret	

FINANSREGLEMENT VOLDA KOMMUNE

Administrasjonen si tilråding:
Nytt finansreglement for Volda kommune vert vedteke slik det ligg som vedlegg til saka.

Vedleggsliste:
- Nytt finansreglement Volda kommune, gjeldande frå september 2018
- Eksisterande finansreglement Volda kommune, vedteke i kommunestyret 28.08.2014

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:
Finansreglementet til kommunen skal reviderast minst ein gong pr. kommunestyreperiode. Eksisterande reglement for Volda kommune vart sist vedteke i august 2014. Nytt reglement vert no lagt fram til kommunestyret for handsaming. Det nye reglementet er utarbeidd med grunnlag i Herøy kommune sitt eksisterande reglement. Dette er gjort for i seinare tid kunne samarbeide på fagområdet og ikkje minst også fordi dette reglementet er gjennomarbeidd og godkjent frå revisorane kommunane nytter. Volda kommune sitt framlegg til reglement vert i dag vurdert av revisjonen, og uttale/godkjenning frå dei vert lagt fram i møte den 4. september.

I samband med at finansreglementet no skal handsamas på nytt er Bergen Capital Management, som er vår forvaltar av gjeldsporteføljen, invitert til å forklare meir rundt føringane som ligg i reglementet som vert lagt fram. Sparebank1 er også invitert for å informere om betydinga av reglementet sine føringar på plasseringar av ledige midlar.

Om det i formannskapet kjem innspel på endringar i framlagt reglement, vil saka verte lagt fram på nytt i formannskapet den 18. september før den går til kommunestyret den 27. september. Som vedlegg til saka ligg både eksisterande reglement og framlegg til nytt reglement. Dei største endringane vert omtala under.

Saksopplysningar/fakta:
Fleire av endringane i nytt reglement handlar om redaksjonelle endringar, som kvar i reglementet vi omhandlar dei ulike formål, fullmakter og oppfølging. Dei største endringane er:

1. Formål og fullmakter er no flytta fram i reglementet. Vi er tydlegare på ansvar som ligg til kommunestyret og til administrasjon. Tidlegare låg fullmakt under kap. 11.
2. Reglementet er bygd opp med kortsiktig plassering aktiva – gjeldforvaltning passiva – langsiktig forvaltning aktiva
3. Rapporteringsplikt med innhald ligg under kvart kapittel
4. Kortsiktig plassering (tidlegare kap. 7 er flytta til kap. 6)
   Reglementet er no delt meir inn mot dei ulike plasseringsalternativa og spesifisert meir på føringar. Merk at enkeltinnskot bank er endra frå 10 mill. kr til 50 mill. kr
5. Gjeldsportefølje (tidlegare kap. 9, er no å finne i kap. 7)
   - Presisert at sertifikat – og obligasjonslån kan børsnoterast
   - Lagt inn avgrensing på at enkeltlån ikkje skal over 30 % av samla låneportefølje
   - I staden for punkt om «Lån med forfall innan 12 månader må ikkje utgjere meir enn 30% av låneporteføljen» er følgjande lagt inn:
   «Gjennomsnittleg vekta løpetid på låna (tid til forfall) bør vere over 1 år for å redusere refinansieringsrisikoen, og for å regulere størrelsen på lånegjeld som kjem til forfall»
6. Når det gjeld forvaltning av langsiktige midlar (kap. 8 som tidlegare) har vi opna opp for plassering i aksjefond og aksjar. Dette er utviding av risiko sett i høve til tidlegare reglement.
7. I reglementet er det lagt inn eit kapittel om renterguleringsfond og mål for dette. Dette er nytt.

Vurdering og konklusjon:
Framlegg til nytt finansreglement vil vere grunnlag for forvaltning av kortsiktig ledig likviditet og langsiktig likviditet samt forvaltning av gjeldsporteføljen. I dag nyttar Volda kommune Storebrand som forvaltar av langsiktige likviditet. Bergen Capital Management tok over som forvaltar av gjeldsporteføljen 01.01.2018, etter ei anbodsrunde. På sikt vil det også vere naturleg at kommunen går ut på ei anbodsrunde for vurdering av ev ny forvaltar på langsiktig portefølje på aktivasida. Som følgje av arbeidet med kommunesamanslåing ser vi ikkje at der er rom for dette arbeidet før 2020. Inntil då vil vi halde fram med Storbrand.

Plassering av langsiktig midlar har i nytt reglement opna opp for plassering i aksjar og i aksjefond. Dette medfører høgare risiko. Der er gjort ei avgrensing på at maks 30 % av samla portefølje kan plasserast i risikoklassene 4, 5 og 6. I dag er samla portefølje som Storbrand forvaltar på vel 61 mill. kroner. Føremålet med å opne opp for slike plasseringar er å kunne oppnå høgare avkastning på denne langsiktige plasseringa.

Helse og miljøkonsekvensar:
Ingen

Økonomiske konsekvensar:
Det er viktig at kommunestyret i budsjettarbeidet set mål i forhold til kva som er forventa av forvaltninga både på gjeldssida og på aktiva sida. Gjennom vedteke budsjett vil kommunen sei noko om forventa avkastning og rentekostnad. I ny kommunelov ligg der presisering om ansvaret kommunestyret har til kommunen sin økonomi og bruk av måltall. Måltala skal sei noko om kva som skal til for å ha ei forsvarleg langsiktig økonomisk utvikling. I gjeldande reglement viser ein til at fordeling av låneporteføljen på fast og flytande rente og val av rentesikring skal drøftast med formannskapet. Dette er ikkje presisert i det nye reglementet, men vert i vareteke gjennom aktivt sette måltal i budsjettarbeid og rapportering gjennom året.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen


Rune Sjurgard
Rådmann

Kari Mette Sundgot
Økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:
- Søre Sunnmøre kommunerevisjon
- Vest Kontroll
- Bergen Capital Management
- Sparebank 1 Søre Sunnmøre
- Stirebrand Asset Management

Klageinstans:

VOLDA KOMMUNE



REGLEMENT FOR FINANSFORVALTNING

Denne versjonen er i samsvar med vedtak i sak PS 152/14, Delegering til rådmannen, handsama i formannskapet den 19.08.14.

Vedteke i Volda kommunestyre i sak PS 109/14 den 28.08.14

Oversikt

1. Formål med finansreglementet 3

2. Heimel 3

3. Gyldigheit 3

4. Forvaltning og forvaltningstyper 3

5. Avgrensingar 3

6. Overordna finansiell strategi/ -målsetting 3

7. Plassering og forvaltning av ledig likviditet og andre middel berekna for driftsformål 4

8. Plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva 5

8.1. Formålet med forvaltninga 5
8.2. Forventa avkasting, finansiell risiko og bufferoppbygging 7
8.3. Implementering og drift av portefølja 7
8.4. Val av forvaltarar 7
8.5. Rebalansering 7

9. Forvaltning av kommunens gjeldsportefølje og finansieringsavtaler 8

9.1. Opptak av lån og refinansiering av eksisterande lån 8
9.2. Val av låneinstrument 8
9.3. Tidspunkt for låneopptak 8
9.4. Konkurrerande tilbod 8
9.5. Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument 8
9.6. Storleik på det einskilde lån – fordeling av låneopptak 9

10. Rapportering 9

11. Fullmakter 10

12. Rutinar for oppfølging av finansreglementet 10

13. Kvalitetssikring av reglementet 11

1. Formål med finansreglementet

Formålet med reglementet er å gje rammer og retningsliner for korleis kommunen si finansforvaltning skal skje ved å definere det risikonivå som er akseptabelt for plassering av likvide middel og andre middel berekna for driftsformål, plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva og opptak av lån.

2. Heimel

Reglementet er utarbeidd på bakgrunn av

- Lov av 25. september 1992 nr 107 om kommuner fylkeskommuner § 52.
- Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning av 9. juni 2009.

3. Gyldigheit

Reglementet trer i kraft frå 01.10.2014. Finansreglementet skal vedtakast minst ein gong i kvar kommunestyreperiode.

4. Forvaltning og forvaltningstyper

I samsvar med føresegner i forskrift om kommunar og fylkeskommunar si finansforvaltning skal reglementet omfatte forvaltninga av alle finansielle aktiva (plasseringar) og passiva (renteberande gjeld). Reglementet regulerer mål, strategi og rammer for:

- Forvaltning av ledig likviditet og andre middel berekna for driftsformål.
- Plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.
- Forvaltning av kommunens gjeldsporteføljе og andre finansieringsavtaler.

5. Avgrensingar

Ingen andre enn dei som kjem fram av reglementet og underliggande fullmakter, instruksar og rutinar.

6. Overordna finansiell strategi/ -målsetjing

Hovudmålsetjinga for kommunen sin finansforvaltning er at den skal sikre ei stabil finansiering av kommunen si verksemd. Det primære målet skal være å sikre at kommunen til ei kvar tid er likvid, betalingsdyktig og lite eksponert for risiko. Kommunen skal ha ein låg risikoprofil med fokus på å redusere i kva grad svingingar i finansmarknadene vil påverke kommunens finansielle stilling.

Kommunen skal unngå selskap, kontakter og verdipapirfond der forretningsidé og etisk standard kjem i konflikt med kommunen sin etiske standard. Dette gjeld forhold som har

samband med barn som arbeidskraft, brot på menneskerettar, miljø forureiningar, våpenindustri og aktivitet som bryt med norsk - eller eige lands - lovgiving.

7. Plassering og forvaltning av ledig likviditet og andre middel berekna for driftsformål

Forvaltning av likvide middel skal utførast slik at den overordna målsetjinga for finansforvaltninga vert nådd. Plasseringane skal utførast slik at likviditetsbehovet vert dekt, jf kravet til storleik på grunnlikviditeten - samtidig som ei forsvarleg avkastning vert nådd innanfor rammene for risiko i dette reglement. Alle plasseringar skal vere utført i norske kroner.

Før handel vert utført skal ein vurdere finansiell risiko. Likeeins skal ein overvake og vurdere alle posisjonar innan finansområdet med tanke på finansiell risiko.

Kommunen sine likvide middel vil vere samansett av følgjande delar:

Grunnlikviditet; som skal sikre det behov for likviditet som oppstår som følgje av tidsforskjellen mellom inn- og utbetalingar. Kommunen skal til ei kvar tid halde ein grunnlikviditet som er like stor som forventa likviditetsbehov dei neste 30 dagar. All likviditet utover dette utgjer overskotslikviditet.

Overskotslikviditet: midlertidig overskotslikviditet samansett av likvide middel utover den nødvendige grunnlikviditet.

Generelle avgrensingar:

- Kommunestyret skal sjølv, gjennom fastsetjing av dette finansreglementet, ta stilling til kva som er tilfredsstillande avkastning og vesentleg finansiell risiko, jf kommunelova § 52.
- Det kan ikkje plasserast i aksjar eller eigenkapitalbevis (grunnfondsbevis).
- Det kan ikkje plasserast middel i ansvarlege lån.
- Det kan ikkje plasserast i obligasjonsfond med gjennomsnittleg varigheit (rentebinding) lengre enn 1 år.
- Det kan ikkje plasserast i obligasjonsfond med gjennomsnittleg løpetid (tid til innfriing) lengre enn 3 år.
- Plasseringar i pengemarknadsfond kan berre gjerast dersom gjennomsnittleg varigheit i fondet er avgrensa til maksimalt 0,5 år og ingen enkeltpapir i fondet har varigheit over 1 år.
- Gjennomsnittlig varigheit på kommunens samla plasseringar i renteberande verdipapir kan ikkje overstige 0,5 år.

Forventa avkasting vil i all hovudsak avhenge av porteføljen si aktivaallokering[1]. Dette må sjåast i forhold til ein akseptabel risiko for grunnkapitalen.

[1] Fordeling mellom ulike aktivaklasser, eksempelvis eigedom, obligasjonar og pengemarknad

Strategiske retningsliner

Kommunen sin grunnlikviditet skal alltid plasserast innanfor konsernkonto eller som andre oppseielege bankinnskot. Plasseringa av overskotslikviditet kan gjerast innanfor den investeringshorisonten som følgjer av likviditetsprognosen. For plassering av overskots-likviditet skal ein søkje å oppnå tilfredsstillande avkastning innanfor risikoprofilen i dette reglement.

Taktiske retningslinjer

Overskotslikviditet kan plasserast på konsernkonto innanfor avgrensingane i dette reglementet. Vidare kan overskotslikviditet plasserast i følgjande renteberande instrument:

1. Andelar i pengemarknads-/ obligasjonsfond, med kredittvekt inntil 20%, forvalta av velrenommerte forvaltningsselskap etablert i Noreg.
2. Tidsinnskot i bank med inntil 1 års løpetid.

Beløpsavgrensingar

- For plasseringar nemnt i pkt. 1 vert det sett ei beløpsgrense på 10% av fondets verdi .
- For plasseringar nemnt i pkt. 2 vert det sett ei beløpsgrense på 10 millionar pr. bank når innskotet ikkje er i hovudbank.

Plasseringar i og utanfor bank skal samanliknast mot 3 månaders nibor-rente (benchmark).

8. Plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva

Plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skild frå kommunen sine middel berekna for driftsformål, skil seg frå sistnemnde ved at forvaltninga av desse midla ikkje er utslagsgivande for kommunen sin tenesteproduksjon på kort sikt. Ved slik forvaltning skal det fokuserast på langsiktig avkasting og mindre på kortsiktige svingingar. Det skal likevel ikkje takast finansiell risiko som kan sjåast på som vesentleg[2]. Kommunestyret avgjer til ei kvar tid kva slags middel som vert definert som langsiktige (ref. kapitalfond).

8.1. Formålet med forvaltninga

Kommunen har ei firedelt målsetjing for plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva:

- Oppretthalde formuesverdien knytt til langsiktig investert kapital[3]
- Nytte delar av årleg avkasting frå langsiktige investerte midlar som buffer for framtidig eventuell låg avkasting[4]

[2] Jf. kommunelova § 52 nr. 3
[3] Det er i berekningane forutsett årleg inflasjon lik 2,5%
[4] Langsiktige krav til avkasting på porteføljen er 4%. Avkasting utover dette vert avsett som bufferfond

- Søkje å oppnå avkasting på langsiktige investerte midlar som i gjennomsnitt er høgare enn eit risikofritt alternativ[5] til akseptabel risiko

Uttak av middel skal fortrinnsvis skje utan at det reduserer inflasjonsjustert formuesverdi.

Risikospreiing

Ei spreiing av investeringane over fleire ulike aktivaklasser (eksempelvis eigedom, obligasjonar og pengemarknad), reduserer porteføljen sin totale risiko. Ei fordeling mellom norske og internasjonale kapitalmarknader vil også redusere porteføljen sin finansielle risiko.

- Dette tyder at risikoen og avkastingsmoglegheitene blir fordelt mellom både norske og internasjonale obligasjonar samt norske pengemarknadsinvesteringar
- Investeringar i eigedom bidreg til å spreie risiko og gje ein høgare forventa avkastning
- Internasjonale investeringar i tråd med ein verdsindeks vil gi god spreiing mellom ulike regionar og økonomiar, og dermed god spreiing av marknadsrisiko innanfor obligasjonar.

Investeringsstrategi

Kommunen sin investeringsstrategi er utforma som ein prosentvis fordeling av midlane mellom ulike aktivaklasser og marknader, der det også er presisert kva for rammer for avvik i forhold til strategien som er akseptable. På bakgrunn av dei føresetnader[6] som er teke og kommunen sine målsetjingar, skal middel forvaltast etter følgjande investeringsstrategi:

AKTIVAKLASSE	BEHALDNING			REFERANSEINDEKS (BENCHMARK)
	MÅL	**MAKS**	**MIN**	
Bank	0%	10%	0%	ST1X
Pengemarknad	45%	85%	10%	ST1X
Omløpsobligasjonar	45%	85%	10%	ST4X
Sum Rentebærande	**90%**			
Eigedom	10%	15%	0%	ST1X + 2% poeng
Sum Portefølje	**100%**			

Kommunen sine plasseringar i utanlandske renteberande verdipapir skal være valutasikra til norske kroner.

Ved investering i verdipapirfond vil forvaltar alltid nytte fondets offisielle målindeks som referanse for avkastingsmåling. På aktivaklassenivå vert indeksane i tabellen over brukt.

For å implementere investeringsstrategien kan kommunen primært nytte fondsplasseringar i tillegg til bank.

[5] Langsiktig forventa avkasting for bank er 4%
[6]Vedlegget utdjupar føresetnadane

8.2. Forventa avkasting, finansiell risiko og bufferoppbygging

Dei langsiktige resultateffektane av investeringsstrategien er ei forventa meiravkasting i forhold til eksempelvis bankinnskot. Meir kortsiktig vil avkastinga svinge noko rundt det forventa nivå.

Kommunen tek på seg ein finansiell risiko ved plassering av midlar. Kommunestyret må vurdere om den totale finansielle risiko som fylgjer av ein strategi er akseptabel. Den totale finansielle risiko består av marknadsrisiko, her under renterisiko, kredittrisiko m.m.

8.3. Implementering og drift av portefølja

I implementeringsfasen vil det kunne vere avvik mellom faktiske porteføljevekter og kommunen sin investeringsstrategi. Etter full implementering skal porteføljevektene vere i samsvar med investeringsstrategien.

8.4. Val av forvaltarar

Val av forvaltarar skal skje på grunnlag av kriterium som ivaretek krav til kva som samla sett er mest økonomisk tenleg for kommunen.

Kommunen skal velje velsette forvaltarar som er godkjende verdipapirføretak eller verdipapirfondsføretak (tilsvarande dei internasjonale marknadane) og underlagt tilsyn av offentlege tilsynsmynde. Til forvaltning av heile eller delar av utanlandsk obligasjonsportefølje kan det nyttast utanlandske forvaltarar. Kommunen vil kunne velje å nytte ulike forvaltarar for forvaltninga både i Noreg og utland.

Kommunen skal ut frå etiske normer som kommunen følgjer vurdere etiske- og miljømessige kriterium ved val av forvaltarar og produkt. Dette skal ikkje medføre lågare avkasting og/eller høgare risiko.

8.5. Rebalansering

Faktisk aktivaallokering vil endre seg over tid etter kvart som dei ulike marknadane utviklar seg ulikt. Porteføljen skal minimum rebalanserast når faktiske porteføljevekter er maksimums- eller minimumsgrensene. Rebalansering skal i utgangspunktet bringe porteføljevektene til strategisk nivå. Dette kan avvikast av marknadsmessige omsyn.

9. Forvaltning av kommunens gjeldsportefølje og finansieringsavtaler

9.1. Opptak av lån og refinansiering av eksisterande lån

Kommunestyret gjer vedtak om opptak av lån i samband med årsbudsjettet. Rådmannen gjer låneopptak i samsvar med kommunestyret sitt vedtak og rammene i kommunelova § 50 og dette reglementet.

9.2. Val av låneinstrument

- Det kan berre takast opp lån i norske kroner.
- Lån kan takast opp som direkte lån i offentlege og private finansinstitusjonar og livselskap.
- Lån kan takast opp som opne seriar (rammelån) og utan avdrag (bulletlån),
- Det er også adgang til å legge ut lån i sertifikat og obligasjonsmarknaden
- Finansiering kan også skje gjennom finansiell leasing.

9.3. Tidspunkt for låneopptak

Låneopptak skal vurderast opp mot likviditetsbehov, vedteke investeringsbudsjett, forventningar om framtidig renteutvikling og generelle forhold i marknaden.

9.4. Konkurrerande tilbod

Låneopptak skal gjerast til marknadens gunstigaste vilkår på det tidspunktet konkurransen vert gjennomført. Det skal normalt hentast inn minst 2 konkurrerande tilbod frå aktuelle långjevarar. Prinsippet kan fråvikast ved låneopptak i statsbank (t.d. startlån i Husbanken).

9.5. Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument

Styring av låneporteføljen skal skje ved ein kombinasjon av lånevilkår til oppfatningar om framtidig renteutvikling, og innanfor eit akseptabelt risikonivå, med sikte på lågast mogeleg renteutgift i kombinasjonen av produktet.

Forvaltninga skal leggjast opp i tråd med følgjande;

- Refinansieringsrisikoen (risikoen for at ein ikkje får teke opp nytt lån når eit lån forfell) skal reduserast ved å spreie tidspunkt for forfall, jfr punkt 9.6.b.
- Rentevilkåra skal kontinuerleg følgjast opp for å vurdere binding til fastrente
- Lån med fast rente kan liggje mellom 0 – 75% av den renteberande låneporteføljen

- Ved fastrenteavtalar skal renterisikoen reduserast ved å spreie tidspunkta for renteregulering

Det er høve til å ta i bruk rentebytteavtaler (SWAP). Rentesikringsinstrumenta kan nyttast for å endre renteeksponeringa for kommunen si lånegjeld. Føresetnadar for å gå inn i slike kontraktar skal vere ut frå ei totalvurdering av renteforventningar og risikoprofil på eit gitt tidspunkt. Det er ikkje lov å lausrive denne derivathandelen frå den andre finansforvaltninga. Intensjonen bak kvar derivatkontrakt skal dokumenterast, og kontraktane skal knytast til underliggjande lån eller låneportefølje.

9.6. Storleik på det einskilde lånet – fordeling av låneopptak

a) Låneporteføljen skal bestå av færrast mogeleg lån, men likevel slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall vert lågast mogeleg.
b) Lån med forfall innan 12 månader må ikkje utgjere meir enn 30% av låneporteføljen.
c) Under elles like forhold vil det være formålstenleg at kommunen fordeler låneopptaka på fleire långjevarar.
d) Låneporteføljen skal kontinuerleg vurderast med tanke på reforhandling på heile eller delar av porteføljen.
e) Låneporteføljen kan setjast bort til ekstern forvaltar/rådgjevar om rådmannen finn det tenleg.

10. Rapportering

Rådmannen skal ved tertialrapporteringar pr. 30. april og 31. august, leggje fram rapport for kommunestyret som syner status for plasseringar og gjeldsforvaltninga.

I tillegg skal rådmannen etter årets utgang leggje fram ein rapport for kommunestyret som syner utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapporten skal minimum innehalde følgjande:

For plasseringar og forvaltning:

- Samansetjing av plasseringar i bank, rentepapir og andelar i rentefond.
- Avkastning, løpetid og varigheit/gjennomsnittlig rentebinding.
- Benchmarking.
- Marknadsverdi på plasseringar i rentepapir/rentefond.
- Vesentlige marknadsendringar.
- Endringar i risikoeksponering.
- Avvik mellom faktisk forvaltning og krava i finansreglementet.
- Marknadsrenter og eigne rentevilkår.

For forvaltning av gjeldsporteføljen:

- Opptak av nye lån (inkludert avtalar om finansiell leasing) så langt i året
- Refinansiering av eldre lån så langt i året
- Samansetjing av låneporteføljen fordelt på dei ulike typar passiva (i NOK og %)
- Løpetid for passiva og gjennomsnittleg rentebinding
- Eigne renter samanlikna mot marknadsrente
- Kommentarar i forhold til endring i risikoeksponering, attverande rentebinding og rentekrav i forhold til kommunens økonomiske situasjon og situasjonen i lånemarknaden, samt førestående finansierings-/refinansieringsbehov.
- Skildre og vurdere eventuelle avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet.
- oversikt (stresstest) som illustrerer korleis ei renteauke på 2 prosentpoeng påverkar kommunen sine renteutgifter i økonomiplanperioden

11. Fullmakter

Innanfor dei generelle retningsliner som fylgjer av dette dokument vert det delegert fylgjande fullmakter til rådmannen:

- Gjennomføre opptak av lån etter lovleg fatta vedtak av kommunestyret.
- Gjennomføre refinansiering av eksisterande lån.
- Godkjenne rentevilkår på lån.
- Stå føre den gåande forvaltninga av kommunen sine likvide middel, her under:
    - inngå avtale om kjøp og sal av verdipapir.
    - inngå avtaler om kjøp og sal av andelar i verdipapirfond.
    - foreta plasseringar på særvilkår.
- Inngå nødvendig avtale om ekstern bistand til nødvendig styrking av kommunens finanskompetanse, her under
    - avtalar om generell finansiell rådgiving.
    - Inngå avtalar om bruk av rentesikringsinstrument innanfor dei avgrensingar som følgjer av pkt. 7.2.

Fordeling av låneporteføljen på fast og flytande rente og val av rentesikring skal drøftast med formannskapet.

Formannskapet skal haldast informert om ev vidaredelegering frå rådmannen.

12. Rutiner for oppfølging av finansreglementet

Det skal etablerast administrative rutinar som syt for at finansforvaltninga er gjenstand for trygg kontroll og at utøvinga skjer i tråd med finansreglementet, gjeldande lover og forskrift om kommunars og fylkeskommunars finansforvaltning. Rutinane må godkjennast av uavhengig instans.

Kommunen må ha eigenkompetanse til å kunne utøve finansreglementet sitt innhald.

Dersom det er oppstått avvik frå gjeldande regelverk skal dette lukkast snarast mogleg dersom det kan skje utan at tapet overskrid 3% av nominelt plassert beløp. Oppståtte avvik skal fortløpande rapporterast saman med den ordinære rapporteringa. Rapporteringa skal innehalde årsak til at avviket oppsto og kva økonomiske konsekvensar lukkinga medførte.

Dersom forvaltar rapporterer tap som overskrid 3% av nominell verdi av en plassering (som følgje av brot på gjeldande reglement), skal saka snarast presenterast for formannskapet. Formannskapet avgjer korleis ein skal lukke avviket.

13. Kvalitetssikring av reglementet

Finansforskrifta pålegg kommunestyret å la uavhengig part med kompetanse om finansiell risiko vurdere kommunens reglement for finansforvaltning. Dette er gjennomført ved at reglementet er førelagt revisjonen.

Vedteke av Volda kommunestyre den ……, jfr K-sak …..

Reglement for finans- og gjeldsforvaltning

Volda kommune

Vedteke i kommunestyret …….

REGLEMENT FOR FINANS – OG GJELDSFORVALTNING

1. Finansreglementet sitt virkeområde 3
1.1 Hensikta med reglementet 3
1.2 Kven reglementet gjeld for 3
2. Heimel og gyldigheit 3
2.1 Heimel 3
2.2 Gyldigheit 3
3. Forvaltning og forvaltningstypar 3
4. Formålet med kommunen si finansforvaltning 4
5. Generelle rammer og avgrensingar 4
6. Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar rekna for driftsformål 4
6.1 Innskot i bank 5
6.2 Plassering i pengemarknadsfond 5
6.3 Direkte eige av verdipapir 5
6.4 Felles plasseringsavgrensingar 6
6.5 Rapportering 6
7 Forvaltning av kommunen si gjeldsportefølje og finansieringsavtalar 6
7.1 Opptak av lån og refinansiering av eksisterande lån 6
7.2 Val av låneinstrument 6
7.3 Tidspunkt for låneopptak 7
7.4 Konkurrerande tilbod 7
7.5 Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument 7
7.6 Storleik på det einskilde lån – fordeling av låneopptak 7
7.7 Rentereguleringsfond 8
7.8. Rapportering 8
8 Forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva 8
8.1 Formål 8
8.2 Overordna investeringsrammer 8
8.2.1 Generelt 8
8.2.2 Likviditetsmål 9
8.3 Produktspekter 9
8.4 Risikorammer 9
8.4.1 Likviditetsrisiko 9
8.4.2 Kredittrisiko 9
8.4.3 Risikoklasser 9
8.4.4 Avgrensing av plasseringar – risikoklasse 10
8.4.5 Avgrensingar av plasseringar- debitor 10
8.5 Valutarisiko 11
8.6 Avkastningsrisiko og benchmarks 11
8.7 Etiske retningslinjer 11
8.8 Rapportering 12
9 Vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko 13
9.1 Risikovurdering 13
9.2 Kvalitetssikring 13
Vedlegg Defisjonar og uttrykk 14

1. Finansreglementet sitt virkeområde

1.1 Hensikta med reglementet

Reglementet gjev ei samla oversikt over dei rammer og avgrensingar som gjeld for kommunen sin finansforvaltning for å sikre ei forsvarleg økonomiforvaltning. Tilhøyrande fullmakter, instruksar og/eller rutinar skal vere heimla i reglementet. Reglementet definerer dei avkastnings- og risikonivå som er akseptable for plassering og forvaltning av likvide midlar og midlar rekna til driftsføremål, opptak av lån og gjeldsforvaltning, og plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.

1.2 Kven reglementet gjeld for

Reglementet gjeld for Volda kommune. Reglementet gjeld også for verksemd i kommunale føretak etter kommuneloven kapittel 11 og interkommunalt samarbeid etter kommuneloven § 27. I den grad desse verksemdene har eigen finansforvaltning, skal denne skje i samsvar med dette reglementet.

2. Heimel og gyldigheit

2.1 Heimel

Dette reglementet er utarbeidd på bakgrunn av:

- Lov om fylkeskommunar og kommunar av 25. september 1992, § 52
- Forskrift om fylkeskommunar og kommunar si finans- og gjeldsforvaltning fastsatt av KRD 9. juni 2009 (FOR 2009-06-09 nr 635).
- Endra ved forskrift 1 nov 2016 nr. 1428.

2.2 Gyldigheit

Finans- og gjeldsforvaltningsreglementet skal vedtakast minst ein gong i kvar kommunestyreperiode, og då fortrinnsvis i starten av ei slik periode, og vurderast årleg om behov for revisjon.
Dette reglementet erstattar alle tidlegare reglar og instruksar som kommunestyret eller anna politisk organ har vedteke for kommunen si finansforvaltning.
Reglementet trer i kraft frå vedtaksdato.

3. Forvaltning og forvaltningstypar

I samsvar med forskrift om kommunar og fylkeskommunar sin finans- og gjeldsforvaltning skal reglementet omfatte forvaltninga av alle kommunen sine finansielle aktiva (plasseringar) og passiva (renteberande gjeld).

Gjennom dette finansreglementet er det vedteke målsettingar, strategiar og rammer for:

- Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar rekna for driftsformål.
- Forvaltning av kommunen si gjeldsportefølje og andre finansieringsavtalar (finansiell leasing)
- Plassering og forvaltning av kommunen si langsiktige finansielle aktiva.
- Forvaltning av ledig likviditet (kap. 6), gjeldsportefølje (kap. 7) og langsiktig finansielle aktive (kap. 8) kan setjast vekk til fondsforvaltningsselskap og/eller føretak med konsesjon til å drive aktiv forvaltning, men kommunen må sjølv ha den nødvendige kompetanse til å utøve finans- og gjeldsforvaltninga i tråd med reglementet.

4. Formålet med kommunen si finansforvaltning

Finansforvaltninga har som overordna formål å sikre ei god avkastning samt stabile og låge netto finansieringskostnadar for kommunen sine aktivitetar innanfor definerte risikorammer.
Dette skal ein søke å oppnå gjennom følgjande delmål:

- Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet til å dekke sine løpande forpliktingar.
- Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko, der ein tek omsyn til tidsperspektiv på plasseringane.
- Lånte midlar skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko, der ein også tek omsyn til mest mogleg langsiktig kontroll på lånekostnadane.
- Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gje ei god langsiktig avkastning til akseptabel risiko som over tid skal bidra til å gje innbyggjarane eit best mogleg tenestetilbod

5. Generelle rammer og avgrensingar

Kommunen er utsett for finansiell risiko knytt til plasseringar av midlar og lån av midlar. Finansiell risiko er utryggleiken om den framtidige verdien på plasseringar og plikter i høve til verdien på plasseringstidspunktet. Det er samvariasjon mellom grad av risiko og avkastningspotensiale. Ved høgare avkastningskrav må ein normalt leggje til grunn høgare finansiell risiko.

- Kommunestyret skal sjølv, gjennom fastsetjing av dette finansreglementet, ta stilling til kva som er tilfredsstillande avkastning og vesentleg finansiell risiko, jf. Kommunelova §52.
- Kommunestyret skal ta stilling til prinsipielle spørsmål om finansforvaltninga, under her kva som skal regnast som langsiktige finansielle aktiva. Rådmannen har ei sjølvstendig plikt til å greie ut og leggje fram saker for kommunestyret som er av prinsipiell art.
- Rådmannen skal til ei kvar tid ha tilstrekkeleg kunnskap om finansielle marknadar og instrument som inngår i dette reglementet for å kunne utøve si finans- og gjeldsforvaltning
- Rådmannen skal løpande vurdere om dei forskjellige rammene og avgrensingane i reglementet til ei kvar tid er tilfredstillande, og om desse på ein klar og tydeleg måte sikrar at finansforvaltninga vert utøvd forsvarleg i høve til risikoar og refinansieringsrisikoar som kommunen er eksponert for
- Det vert lagt til rådmannen å inngå avtalar i samsvar med dette reglementet
- Det vert lagt til rådmannen å utarbeide nødvendige fullmakter, instruksar og rutinar for dei einskilde forvaltningsformer som er i samsvar med dette reglementet
- Finansielle instrument og/eller produkt som ikkje er eksplisitt nemnt som lovlege å bruke gjennom dette reglementet, kan ikkje nyttast i kommunen sin finansforvaltning
- Konkrete rammer for forvaltning av kommunen sine midlar til driftsformål, gjeldsporteføljen og langsiktige finansielle aktiva vert omtalt i dette reglementet kvar for seg
- Plassering av kommunen sine midlar skal skje etter etiske kriteria. Kriteria inngår i kap. 8.7

6. Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar rekna for driftsformål

Forvaltning av likviditet til driftsformål skal sikre at kommunen kan betale sine utgifter ved forfall og samtidig som ein får tilfredsstillande avkastning. Kommunen sine midlar til driftsformål (herunder ledig likviditet) kan plasserast i bankinnskot, pengemarknadsfond og renteberande verdipapir med kort løpetid. Alle plasseringar skal gjerast i norske kroner (NOK).

Kommunen kan inngå rammeavtale for å ivareta det løpande behovet for banktenester. Ved val av hovudbankforbindelse bør det vere eit krav om minimum kredittrating BBB - eller tilsvarande kredittvurdering. Det kan gjerast avtale om trekkrettigheit.

Kommunen sin driftslikviditet skal plasserast i kommunen sin hovudbank, eventuelt supplert med innskot i andre større spare- eller forretningsbankar med forvaltningskapital som overstig NOK 20 mrd.

Ledig likviditet og andre midlar for driftsformål, utover det som trengst til dekning av kommunen sine løpande forpliktingar dei næraste 3 månader, kan plasserast etter følgjande retningslinjer:

6.1 Innskot i bank

Bankinnskot skal vere i kommunen sin hovudbank, eventuelt supplert med innskot i andre større spare- eller forretningsbankar:

a) Tidsbinding kan ikkje avtales for ei periode på meir enn 12 månader
b) Et enkelt innskot med tidsbinding kan ikkje utgjere meir enn NOK 50 mill

6.2 Plassering i pengemarknadsfond

For plassering i pengemarknadsfond gjeld følgjande:

a) Det kan berre plasserast i fond forvalta av fondsforvaltningsselskap med konsesjon/tillating frå Finanstilsynet
b) Det skal berre plasserast i fond med løpetid kortare enn 12 månader
c) Ingen av fondet sine enkeltpapir skal ha lågare kredittrating enn BBB- (" investment grade" - IG), eller dei skal vere vurdert av forvaltar til å ha minimum tilsvarande kredittkvalitet
d) Porteføljen i aktuelle pengemarknadsfond skal bestå av papir med lav kredittrisiko, under her:
    - Renteberande verdipapir utstedt eller garantert av den norske stat eller norske statsføretak
    - Renteberande NOK denominerte papir utstedt eller garntert av OECD/EØS sone A-statar*
    - Obligasjonar med fortrinnsrett (særskilt sikra obligasjonar)**
    - Renteberande papir utstedt eller garantert av norske kommunar eller fylkeskommunar
    - Renteberande papir, i form av "senior" sertifikatlån, obligasjonslån og ansvarlig lån, utstedt eller garantert av norske bankar eller kredittinstitusjonar (OMF føretak)
e) Det kan ikkje plasserast midlar i pengemarknadsfond som inneheld fondsobligasjonar
f) Det skal ikkje vere avgrensingar på uttaksretten i fonda det vert plassert i, og midlane skal alltid vere tilgjengelege på få dagar (maks 5 bankdagar)
g) Samla vekta løpetid for kreditten (kredittdurasjon) i eit enkelt pengemarknadsfond skal ikkje overstige 3 år

* Stat i sone A: Statar innan OECD området, samt Det europeiske økonomiske fellesskap. Statar som reforhandlar sin statlege utanlandskgjeld skal utelukkast i eit tidsrom på 5 år.
** Obligasjonar utstedt av kredittføretak med fortrinnsrett i ei sikkerhetsmasse bestående av offentlege lån, utlån med pant i bustad eller anna fast eigedom.

6.3 Direkte eige av verdipapir

For direkte plassering i renteberande papir gjeld følgjande:

a) Det skal berre plasserast i renteberande papir med kortare løpetid enn 12 månader til endeleg forfall
b) Samla vekta løpetid for kreditten (kredittløpetid) skal ikkje overstige 3 år. Løpetid for enkeltplasseringar skal ikkje overstige 5 år
c) Ingen enkeltpapir skal ha lågare kredittrating enn BBB- ("investment grade" IG) på investeringstidspunktet, eller dei skal vere vurdert av forvaltar til å ha minimum tilsvarande kredittkvalitet

d) Papira skal bestå av verdipapir med låg kredittrisiko, og kan bestå av:
   - Renteberande papir utstedt eller garantert av den norske stat
   - Renteberande papir utstedt eller garantert av norske statsføretak
   - Renteberande papir utstedt eller garantert av norske kommunar eller fylkeskommunar
   - Renteberande papir, i form av" senior" sertifikatlån, obligasjonslån og ansvarlig lån, utstedt eller garantert av norske bankar eller kredittinstitusjonar.
e) Det kan ikkje plasserast midlar direkte i fondsobligasjonar
f) Ingen enkeltplassering i renteberande papir kan utgjere meir enn NOK 25 mill. Denne grensa gjeld ikkje for plasseringar i statspapir

6.4 Felles plasseringsavgrensingar

- Kommunen sine samla innskot i bank/kredittinstitusjon (inkl. direkte eige av verdipapir utstedt eller garantert av institusjonen) skal ikkje overstige 2 % av institusjonen sin forvaltningskapital
- Kommunen si plassering i et pengemarknadsfond skal ikkje overstige 5 % av fondet sin forvaltningskapital
- Fondsplasseringar avgrensast til fond der det er minimum 10 innskytarar, og der enkeltinnskytar ikkje innehar meir enn 25 pst. av fondet sitt totale innskot

6.5 Rapportering

Rådmannen skal ved tertialrapportering pr. 30. april og pr. 31. august, leggje fram rapportar for kommunestyret som viser status for forvaltning av ledig likviditet rekna for driftsformål. I tillegg skal rådmannen etter årets utgang leggje fram ein rapport for kommunestyret som syner utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapporten skal minimum innehalde følgjande:

- Fordeling på dei ulike plasseringane/aktivaklassane i NOK (marknadsverdiar) og i prosent av dei samla midlar til driftsformål
- Eigne rentevilkår samanlikna med marknadsrenta
- Kommentarar knytt til den faktiske samansetting, endringar i risikoeksponering, vesentlege marknadsendringar, avkastning i forhold til marknaden og målt mot kommunestyrets budsjetterte avkastning
- Skildring og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet

7 Forvaltning av kommunen si gjeldsportefølje og finansieringsavtalar

7.1 Opptak av lån og refinansiering av eksisterande lån

Kommunestyret gjer vedtak om opptak av lån i samband med årsbudsjettet. Slikt vedtak skal som minimum innehalde storleiken på lånet.

Med utgangspunkt i kommunestyret sitt vedtak gjer rådmann låneopptak, godkjenning av lånevilkår og anna forvaltning av kommunen sine innlån etter dei retningsliner som går fram av dette reglementet, og i tråd med Kommunelova § 50 om låneopptak.

Rådmannen har innafor rammene i dette reglementet fullmakt til å ta opp lån til refinansiering av eksisterande lån, og til å godkjenne nye rentebetingelsar på forfalne renteavtalar på eksisterande lån.

7.2 Val av låneinstrument

Det kan berre takast opp lån i norske kroner.

- Lån kan takast opp som direkte lån i offentlege og private finansinstitusjonar og livselskap
- Lån kan takast opp som opne seriar (rammelån) og utan avdrag (bulletlån), likevel samla avgrensa mot låneavdrag tilsvarande minimumsavdraget
- Ein kan legge ut lån i sertifikat- og obligasjonsmarknaden og desse kan børsnoterast
- Lån som ligg i verdipapirmarknaden kan børsnoterast
- Finansiering kan også skje gjennom finansiell leasing

7.3 Tidspunkt for låneopptak

Låneopptak skal vurderast opp mot likviditetsbehov, unytta lånemidlar, vedteke investeringsbudsjett, forventningar om framtidig renteutvikling og generelle marknaden.

7.4 Konkurrerande tilbod

Låneopptak skal gjerast til marknadens gunstigaste vilkår. Det skal normalt hentast inn minst 2 konkurrerande tilbod frå aktuelle långjevarar. Prinsippet kan også fråvikast ved låneopptak i statsbank (t.d. startlån i Husbanken).

7.5 Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument

Styring av låneporteføljen skal skje ved å optimalisere låneopptak og rentebindingsperiode i forhold til oppfatningar om framtidig renteutvikling og innanfor eit akseptabelt risikonivå, for å oppnå lågast mogleg renteutgift. I dette ligg det også best mogleg kunnskap om framtidige lånekostnadar i den til ei kvar tid eksisterande låneportefølje.

Forvaltninga skal leggjast opp i tråd med følgjande:

a) Refinansieringsrisikoen skal reduserast ved å spreie tidspunkt for renteregulering/forfall
b) Gjennomsnittlig resterande rentebinding (durasjon – vekta rentebindingstid) på samla renteberande gjeld skal til ei kvar tid vere mellom 0,5 og 5 år
c) Lån med fast rente, bør fordelast i 1 til 5 års segmentet på ein slik måte at kommunen får lågast mogleg refinansieringsrisiko

For å oppnå den rentebindinga ein ønskjer, er det høve til å ta i bruk framtidige renteavtaler (FRA) og rentebytteavtaler (SWAP). Rentesikringsinstrument kan nyttast for å endre renteeksponeringa for kommunen si lånegjeld. Føresetnadar for å gå inn i slike kontraktar skal vere ut frå ei totalvurdering av renteforventningar og risikoprofil på eit gitt tidspunkt.

Det er ikkje lov å lausrive denne derivathandelen frå den andre finansforvaltninga, og berekningar under punkt b) skal inkludere FRA- og SWAP-kontraktar. Intensjonen bak kvar derivatkontrakt skal dokumenterast, og kontraktane skal knytast til underliggjande lån eller låneportefølje.

7.6 Storleik på det einskilde lån – fordeling av låneopptak

a) Låneporteføljen skal bestå av færrast mogleg lån, men likevel slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall vert lågast mogleg
b) Eit einskild lån skal ikkje utgjere meir enn 30 % av kommunen si samla låneportefølje
c) Under elles like forhold vil det vere formålstenleg at kommunen fordelar låneopptaka på fleire långjevarar
d) Gjennomsnittleg vekta løpetid på låna (tid til forfall) bør vere over 1 år for å redusere refinansieringsrisikoen, og for å regulere størrelsen på lånegjeld som kjem til forfall.

7.7 Rentereguleringsfond

For å handtere framtidige renteendringar skal kommunen over tid etablere og oppretthalde eit rentereguleringsfond. Rentereguleringsfondet vil vere eit ubunde driftsfond og vil vere underlagt strykingsreglar i rekneskapsforskrifta.
Dette betyr at i år med rekneskapsmessig underskot i drift vil det ikkje vere mogleg å setje av til rentereguleringsfond.
Kommunen si målsetting er at rentereguleringsfondet skal utgjere 2 pst. av netto renteberande gjeld. Renteberande gjeld er lån som har direkte verknad på driftsbudsjettet, dvs. sum av samla lånegjeld balanseført i kommunerekneskapet men utan startlån frå Husbanken og ev andre lån som er sjølvfinansiert. Avsetning til rentereguleringsfond vil vere underordna gjeldande økonomiplan, årsbudsjett og årsrekneskap i lov og forskrift.

7.8. Rapportering

Rådmannen skal ved tertialrapportering per 30. april og per 31. august leggje fram rapport for kommunestyret som syner status for gjeldsforvaltninga. I tillegg skal rådmann etter årets utgang leggje fram ein rapport for kommunestyret som syner utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapporten skal minimum innehalde følgjande:

- Opptak av nye lån (inkl. avtalar om finansiell leasing) så langt i året
- Refinansiering av eldre lån så langt i året
- Verdi av lån som har forfall og må refinansierast innan 12 månader
- Samansetjing av låneporteføljen fordelt på dei ulike typar passiva (i NOK og %)
- Løpetid for passiva og gjennomsnittleg rentebinding
- Eigne renter samanlikna mot marknadsrente
- Kommentarar knytt til endring i risikoeksponering, gjenverande rentebinding og rentekrav i høve kommunen sin økonomiske situasjon og situasjonen i lånemarknaden, samt førestående finansierings-/refinansieringsbehov
- Skildre og vurdere eventuelle avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet
- Vesentlege marknadsendringar

8 Forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva

8.1 Formål

Forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva har som formål å sikre ei langsiktig avkastning som kan vere med på å gi innbyggjarane i Volda kommune eit godt tenestetilbod. Det skal styrast etter ein rullerande investeringshorisont utover 1 år, samtidig som ein søkjer ein rimeleg årleg bokført avkastning. Langsiktig likviditet er midlar som ikkje kjem til utbetaling dei neste 12 månadane.

8.2 Overordna investeringsrammer

8.2.1 Generelt

For å kunne oppfylle formålet for forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal midlane til ei kvar tid forvaltast etter desse kriteria

- Tryggleik for midlane
- Risikospreiing
- Likviditet
- Avkastning

Risikospreiing reduserer den finansielle risikoen. Risikospreiing får ein ved å fordele midlane på ulike produkt og verdipapir innanfor fleire aktivaklasser og risikoklasser.

8.2.2 Likviditetsmål

Investeringane skal skje i børsnoterte verdipapir med rimeleg god omsetning og andre papir med tilsvarande god likviditet. Unntak frå dette skal vurderast og handsamast særskilt.

8.3 Produktspekter

Følgjande instrument er tilgjengelege for inkludering i ei forvaltningsportefølje:

- Bankinnskot
- Sertifikat
- Pengemarknadsfond
- Obligasjonar
- Obligasjonsfond
- Eigedomsfond
- Ansvarlege lån
- Aksjefond
- Aksjar og eigenkapitalbevis
- Valutainstrumenter*

* Valutainstrumenter tillates kun i sikringsøyemed i tilknytning til kjøp av utenlandske papirer og fond denominert i annen valuta enn NOK.

8.4 Risikorammer

8.4.1 Likviditetsrisiko

Likviditetsrisikoen er faren for at plasseringar ikkje kan gjerast disponible for kommunen på kort tid, utan at det oppstår vesentlege verdifall på plasseringane i samband med realisasjon.

Likviditetsrisikoen vert styrt mellom anna gjennom storleiken på statspapir i porteføljen. Statssertifikat og statsobligasjonar er dei verdipapira som er mest likvide i den norske marknaden og der det til ei kvar tid vert kvotert kursar i marknaden med lågast differanse mellom kjøp- og salskurs.

8.4.2 Kredittrisiko

Kredittrisikoen er definert ved faren for at ein motpart i ei kontrakt ikkje innfrir sine plikter. Eit døme her kan vere at ein seljar av ein obligasjon ikkje betalar tilbake heile eller delar av lånet ved forfall (inkludert renter).

Kredittrisikoen vert styrt gjennom å klassifisere kredittrisikoen i risikoklasser og ved å etablere avgrensingar for plassering i risikoklasse og debitor med utgangspunkt i det krav som er sett til kredittrisiko.

8.4.3 Risikoklasser

Kredittrisiko skal klassifiserast i risikoklasser som vist nedanfor. Denne oppstillinga i risikoklasser tek føre seg dei mest vanlege produkt i marknaden. Kommunen må likevel halde seg innafor bruk av dei produkt som dette reglementet gjev løyve til i kap. 8.3 og dei rammene som kjem fram elles i dette reglementet.

Risikoklasse 1	Norske obligasjonar/sertifikat utstedt av stat eller føretak med statsgaranti, samt statsobligasjonsfond.
Risikoklasse 2	Norske obligasjonar med fortrinnsrett, obligasjonar/sertifikat utstedt av statsføretak, fylkeskommunar og kommunar, kraftverk med garanti frå kommune/ fylkeskommune, bankar, forsikringsselskap og kredittføretak, innskot i bankar. BIS-vekt maksimum 20%. Pengemarknads- og obligasjonsfond etter same kriteria som over.
Risikoklasse 3	Norske obligasjonar/sertifikat utstedt av industriføretak eller fond med tilsvarande risiko. BIS-vekt inntil 100%. Pengemarknads- og obligasjonsfond etter same kriteria som over. Obligasjonar, sertifikat og innskot som inngår i Risikoklasse 2 og Risikoklasse 3 (enten enkeltvis eller gjennom verdipapirfond) er minimum ratet investmentgrade, dvs. BBB- eller betre.
Risikoklasse 4	Ansvarlege lån, Eigedom
Risikoklasse 5	Aksjefond
Risikoklasse 6	Enkeltaksjar og, eigenkapitalbevis

8.4.4 Avgrensing av plasseringar – risikoklasse

For å styre kredittrisiko skal følgjande avgrensingar gjelde for plasseringane:

Kredittrisiko	**Total porteføljefordeling**
Risikoklasse 1	Maksimalt 100 %
Risikoklasse 2	Maksimalt 100 %
Risikoklasse 3	Maksimalt 30 %
Risikoklasse 4	Maksimalt 10 % *
Risikoklasse 5	Maksimalt 30 % *
Risikoklasse 6	Maksimalt 30 %*

*Sum risikoklasse 4, 5 og 6 kan ikkje overstige 30 % av samla langsiktig finansielle aktiva

8.4.5 Avgrensingar av plasseringar- debitor

Volda kommune sine rammer for maksimal plassering pr. debitor skal reknast av kommunen sine samla forvalta kapital (ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål og langsiktige finansielle aktiva).

Kredittrisiko	**Maksimal plassering pr. debitor i % av samla forvalta kapital**
Risikoklasse 1	Maksimalt 100 %

Kredittrisiko	Maksimal plassering pr. debitor i % av samla forvalta kapital
Risikoklasse 2	Statsføretak/obligasjonar med fortrinnsrett: 35 % Kommune: 35 % Bank: 15 %
Risikoklasse 3	Obligasjonar /Sertifikat: 10 %
Risikoklasse 4	Maksimalt 10 %
Risikoklasse 5	Maksimalt 10 %
Risikoklasse 6	Maksimalt 10 %

- Det er ikkje anledning å plassere meir enn 10 % av porteføljens totale plasserte kapital i eitt enkelt aksjefond
- Kommunen kan ikkje eige meir enn 10 % av fondsdelane i eitt enkelt verdipapirfond
- Kommunens eksponering (innskot og direkteeige i obligasjonar/sertifikat) i ein enkelt bank skal ikkje utgjere meir enn 2 % av bankens forvaltningskapital

8.5 Valutarisiko

Volda kommune skal ikkje ha/ta valutarisiko i sin finans- og gjeldsforvaltning.

8.6 Avkastningsrisiko og benchmarks

Avkastningsrisiko er definert som risiko for verdiendring på eigedelar som følgje av endringar i marknadsforhold – slik som endring i aksjekursar, rentenivå og endring i volatiliteten (svingingar over tid) i disse marknadene. Avkastningsrisikoen for aksjar skal styrast gjennom storleiken som vert sett for maksimal ramme for denne risikoklassa. Det er samtidig gjeve visse avgrensingar ved val av aksjefond, jf. punkt 8.4.5, Risikoklasse 5.

Samtidig med den absolutte risiko (risikoen for ikkje å nå oppsett avkastningsmål) har kommunen også ein relativ risiko som er risikoen for ikkje å oppnå avkastninga til ei samanlikningsportefølje (benchmarkportefølje).

Benchmark (referanseindeks) finansielle aktiva:

- Bank/likviditet Gjennomsnittlig 3 MND NIBOR
- Renteberande portefølje Gjennomsnittlig 3 MND NIBOR
- Eigenkapitalbevis Oslo Børs egenkapitalbevisindeks (OSEEX)

Ved benchmark samanlikningar skal den faktiske porteføljen og avkastninga på denne målast mot ”normalporteføljen” og ”avkastning” på denne i same periode.

Renteporteføljen skal ha en varighet (durasjon) på mellom 0,5 og 3,0 år avhengig av renteforventning.

8.7 Etiske retningslinjer

Dei etiske retningslinene skal byggje på FN`s Global Compact sine 10 prinsipp:

Menneskerettar:

1. Sikre at selskapet ikkje medverkar til brot mot menneskerettane
2. Støtte internasjonalt anerkjente menneskerettar innafor dei område bedrifta opererer i

Arbeidstakarrettar:
3. Anerkjenne foreiningsfridomen og retten til å føre kollektive forhandlingar
4. Avskaffe alle former for tvangsarbeid
5. Fjerne bruken av barnearbeid
6. Avskaffe diskriminering i sysselsetting og yrke

Miljø:
7. Støtte "føre var"-prinsippet i miljøspørsmål
8. Ta initiativ til å fremme miljøansvar
9. Oppfordre til utvikling og spreiing av miljøvenleg teknologi

Korrupsjon:
10. Bekjempe all form for korrupsjon, inklusive utpressing og bestikkelsar

Disse retningslinene fører mellom anna til at selskap som produsera særleg inhumane våpen skal utelukkast frå porteføljen. Vidare skal selskap utelukkast dersom det er ein uakseptabel risiko for at kommunen gjennom sine investeringar medverkar til:
- Grove eller systematiske krenkingar av menneskerettar, som for eksempel drap, tortur, frihetsfråråving, tvangsarbeid og utnytting av born
- Alvorleg krenking av individ sine rettar i krig eller konfliktsituasjonar, alvorleg miljøskade, grov korrupsjon og andre særleg grove brot på grunnleggjande etiske normer

Dersom kommunen blir gjort merksam på at det hos ein forvaltar er plasseringar i selskap med ein uakseptabel etisk profil, skal dette takast opp til diskusjon med forvaltaren med sikte på at nemnte plasseringar vert endra, eller at kommunen trekker seg ut av det aktuelle produkt hos forvaltaren.

8.8 Rapportering

Rådmannen skal ved tertialrapporteringar pr. 30. april og 31. august, leggje fram rapport for kommunestyret som syner status for forvaltninga av langsiktige finansielle aktiva. I tillegg skal rådmannen så snart råd etter årets utgang leggje fram ein rapport for kommunestyret som syner utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapporten skal minimum innehalde følgjande:
- Fordeling på dei ulike plasseringar/aktivaklassar i NOK (marknadsverdiar) og i prosent av dei samla langsiktige finansielle aktiva
- Avkastning hittil i år samanlikna med referanseindeks pr. aktivaklasse og samla
- Kommentarar knytt til den faktiske aktivafordelinga, endringar i risikoeksponering, vesentlege marknadsendringar, avkastning i forhold til marknaden og målt mot kommunestyrets budsjetterte avkastning.
- Skildre og vurdere avvik ,ellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet, og korleis avvik vert/er handtert
- Vurdering om dei etiske retningslinjene vert/er følgd

Stresstest
I tillegg skal plasseringa av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva ved kvar rapportering stresstestast med følgjande parameter:
- +2 % parallelt skift i rentekurven
- -20 % verdiendring på utanlandske aksjar

- -30 % verdiendring på norske aksjar

Samla verdifall på langsiktige finansielle aktiva skal kome fram, og rådmannen skal kommentere kommunen si evne til å bære det potensielle tapet. Dersom rådmannen si vurdering er at det potensielle tapet er for stort i forhold til kommunen si risikoberande evne, skal rådmannen legge fram forslag til endring i reglementet og samansetninga av den risikoberande porteføljen.

9 Vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko

9.1 Risikovurdering

Det skal til kvar rapportering til kommunestyret gjerast følgjande risikovurderingar:

a) Renterisikoen for plasseringar av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål og gjeldsporteføljen sett i samanheng
   - Ei "netto" gjeldsbetraktning som viser kommunen sin renterisiko angitt i NOK ved 1 % generell endring i rentekurva
b) Den absolutte risikoen i forvaltning av langsiktige finansielle aktiva
   - Berekna rullerande standardavvik over 36 månader til porteføljen sin strategi (benchmark)
c) Den relative risikoen i forvaltning av langsiktig finansielle aktiva
   - Berekne rullerande relativ volatilitet (standardavviket til differansen mellom faktisk avkastning og strategi avkastning) over 36 månadar

9.2 Kvalitetssikring

Finansforskrifta krev at kommunestyret skal la uavhengig kompetanse vurdere om finansreglementet legg rammer for ei finansforvaltning som er i samsvar med kommunelova sine reglar og reglane i finansforskrifta. I tillegg skal uavhengig kompetanse vurdere rutinar for vurdering og handtering av finansiell risiko, og rutinar for å avdekke avvik frå finansreglementet.

Rådmannen har ansvar for at slike eksterne vurderingar vert innhenta.

Kvalitetssikring av finansreglementet skal finne stad ved kvar endring av reglementet, og før kommunestyret vedtek nytt, endra finansreglement. I denne samanhengen skal det også rapporterast på utført kvalitetssikring av rutinane.

Vedlegg Defisjonar og uttrykk

Aksje
Eigardel i aksjeselskap. Aksjeeigarane er ikkje personleg ansvarleg for selskapet sine plikter. Alle aksjar (av samme klasse) gir lik rett i selskapet. Gjennom generalforsamlinga utøver aksjeeigarane den øvste mynde i aksjeselskapet. Sjå også grunnfondsbevis.

Aksjeforvaltning
Styring og oppfølging av ei portefølje av aksjar (eller andre eigenkapitalinstrument).

Aktivaklasser
Ulike former for verdipapir, som til dømes aksjar og obligasjonar.

Basispunkt
Eit basispunkt er eit hundredels prosentpoeng. Denne måleeininga vert mest brukt til å syne kostnader og ulikskapar i avkastninga i kapitalforvaltning.

BBB
BBB er eit nivå når ein tek kreditvurdering. BBB er middels klasse lånetakarar, som er tilfredsstillande i øyeblikket.

Benchmark
Samanlikningsgrunnlag. I rentemarknaden nyttar ein ofte renta på statspapir som benchmark, mens leiande aksjeindeksar vert nytta som benchmark i aksjemarknaden.

BIS
BIS = Bank Of International Settlement. BIS klassifiserer risiko gjennom vekter frå 0 til 100 der 0 er lågast risiko og 100 er høgste risiko.

D-lånsrenten
Rente på "lån som går over natta" i Norges Bank.

Deflasjon
Vedvarande fall i det generelle prisnivået (sjå inflasjon).

Derivat
Ein finansiell kontrakt der verdien er avhengig av verdien til ein underliggjande variabel på eit framtidig tidspunkt. Prisar på finansielle aktiva, råvarer osb. Vert ofte nytta som underliggjande variabel. Opsjonar og terminkontrakter er dømer på derivat.

Durasjon
Durasjonen til ein fastrenteobligasjon er den tid det i gjennomsnitt tek før alle kontantstraumar (rentekupongar og hovudstol) forfall til betaling. Durasjonen (eigentleg modifisert durasjon) gir i tillegg uttrykk for kor følsom verdien av obligasjonen er for endringar i rentenivået, og fortel kor mange prosent verdien av obligasjonen vil gå ned med dersom marknadsrenta stig med eitt prosentpoeng. Lang durasjon tyder at obligasjonsverdien er veldig følsom for renteendringar.

Effektiv rente
Avkastninga (gjort om til årleg rente) ein vil oppnå ved å investere i eit rentepapir til dagens kurs og sitje på det til forfall. Vert også kalla yield.

Eigenkapitalinstrumenter
Aktivaklasse som i hovudsak omfattar (fysiske) aksjar, aksjefuturekontrakter og opsjonar knytt til aksjeverdiar.

Emisjon
Innhenting av kapital ved å skrive ut verdipapir. Ved ein aksjeemisjon blir det utstedande aksjeselskapet tilført ny eigenkapital, medan ved utsteding av obligasjons- og sertifikatlån blir utstedar tilført ny framandkapital.

ESB
Den europeiske sentralbanken, lokalisert i Frankfurt, som frå 1. januar 1999 har hatt ansvaret for å utforme og gjennomføre pengepolitikken innanfor den monetære unionen i EU.

Fastrenteobligasjon
Obligasjon som gir same nominelle rente i hele løpetida.

Finansieringsforetak
Samlebegrep for finansieringsselskap og kredittføretak.

Finansieringsselskap
Selskap som har konsesjon til å drive finansieringsverksemd, men ikkje er bank, forsikringsselskap eller låneformidlingsføretak. I motsetnad til kredittføretak er finansieringsselskap ikkje obligasjonsutstedande.

Finansinstitusjoner
Selskap, føretak eller annen institusjon som driv finansieringsverksemd, med unntak av offentlege kredittinstitusjonar og fond, verdipapirfond, verdipapirføretak m.m. Finansinstitusjon vert brukt som samlebegrep for banker, finansieringsføretak og forsikringsselskap.

F-innskudd
Bankane sine innskot i Norges Bank til fast rente og løpetid.

Float
Floatperiode: Perioden frå det tidspunkt betalar sin konto vert belasta ein sum til det tidspunktet mottakar sin konto vert godskriven den same summen. Floatinntekt: Avkastninga den betalingsformidlande institusjon har av floatsummen i floatperioda.

F-lån
Bankane sine lån i Norges Bank til fast rente og løpetid.

Foliorenta
Renta bankane får på sine innskot frå ein dag til den neste i Norges Bank. Foliorenta er det viktigaste verkemiddelet i pengepolitikken.

Forvaltningskapital
Den samla verdien av midlane ein finansinstitusjon har til forvaltning. Forvaltningskapitalen tilsvarar balansesummen. Forkortinga GFK vert nytt for gjennomsnittleg forvaltningskapital.

FRA-rente
Forward Rate Agreement. Framtidig renteavtale. Avtale mellom to partar om å låse fast rentesatsen på eit framtidig innlån eller utlån for ei gitt periode.

Gjenkjøpsavtale
Sal av verdipapir der ein samstundes gjer ei avtale om å kjøpe papira attende på eit seinare tidspunkt til ein avtalt pris.

Grunnfondsbevis
Eit verdipapir som liknar på ein aksje, men som skil seg frå ein aksje med omsyn til eigarrett til selskapsformua og påverknad i selskapet sine organ. Grunnfondsbevis kan skrivast ut av sparebankar, kredittforeiningar og gjensidige forsikringsselskap for å trekke til seg ny kapital.

IMM-dager
Vanleg brukte forfallsdagar for standardiserte pengemarknadsprodukt (forkortinga står for International Money Market).

Implisitt volatilitet
Forventa framtidig volatilitet utleda frå opsjonsprisar.

Indeks
Ein veia sum av økonomiske/finansielle storleikar. Indekser som vert brukt til å seie noko om utviklinga over tid. Konsumprisindeksar og aksjeindeksar er dømer på indeksar som ofte vert nytta.

Inflasjon
Vedvarande vekst i det generelle prisnivået. Inflasjonen måle ein vanlegvis ved veksten i konsumprisindeksen (KPI).

Intervensjonar
Norges Banks kjøp og sal av utanlandsk valuta med sikte på å påverke valutakursen.

Kapitaldekning
Eit forholdstal som seier noko om soliditeten til finansinstitusjonar og verdipapirføretak. Det er spesielle regler for korleis kapitaldekninga skal bereknast.. Sjå Kredittilsynets internettsider om kapitaldekning.

Konkurransekursindeksen (KKI)
Indeks som syner verdien av norske kroner målt mot eit veid gjennomsnitt av valutaene til 25 av Norge sine viktigaste handelspartnarar. Stigande indeksverdi tyder ein svakare kronekurs.

Korrelasjon
Korrelasjonen mellom to variable skildrar grada av samvariasjon. Dersom korrelasjonen er lik 1 vil dei 2 variablane alltid gå i same takt. Dersom det er null korrelasjon, vil dei alltid gå heilt uavhengig av kvarandre.

KPI
Konsumprisindeks. Indeks som måler veksten i konsumprisen (sjå inflasjon).

KPI-JAE
Eit mål på veksten i konsumprisane justert for avgiftsendringar og utan energivarer. KPI-JAE er eit mål på den underliggjande prisveksten.

Kredittføretak
Føretak som i hovudsak finansierer si utlånsverksemd ved å utstede obligasjonar.

Kredittilsynet
Kredittilsynet fører tilsyn med finansinstitusjonar, institusjonane i verdipapirmarknaden, pensjonskasser, revisorar, rekneskapsførarar, eigedomsmeklarar og inkassoselskap.

Kredittindikatorane (K2, K3)
Månadlege indikatorar for kreditt til publikum (kommuneforvaltning, ikkje-finansielle føretak og hushaldningar). Dei viktigaste indikatorane omfattar hhv publikum si bruttogjeld til innanlandske kreditorar (K2) og til alle kreditorar, dvs. inkludert utlandet, (K3).

Kredittinstitusjon
Foretak som mottek innskott eller andre tilbakebetalingspliktige midlar og yter lån for eiga rekning.

Kredittrisiko
Risiko for at motpart ikkje oppfyller sine plikter i høve til avtale. I eit låneforhold består kredittrisikoen i at låntakar ikkje oppfyller låneavtalen.

Likviditetspremie
Ulike verdipapir er meir eller mindre lett omsettelege. Til dømes vert det i dei fleste land omsett statsobligasjonar for store summar kvar dag, mens det for enkelte obligasjonar utsteda av private selskap kan vere vanskeleg å finne ein kjøper eller seljar om ein ynskjer å utføre ein handel. Papir som det er vanskeleg å få seld har gjerne litt høgare avkastning på grunn av det. Denne meiravkastninga kallar ein likviditetspremie.

Likviditetsrisiko (for finansinstitusjonar)
Risiko for økte kostnader som følgje av at ein motpart ikkje gjer opp sin plikter til rett tid. Risikoen skyldas først og fremst at finansinstitusjonane, og spesielt bankane, i stor grad finansierer ein forholdsvis langsiktig utlånsporteføljе med kortsiktige innskott eller innlån av midlar.

Likviditetsrisiko (i finansielle marknad)
Risikoen for å oppnå ein dårleg pris i ein finansiell marknad fordi talet aktuelle kjøparar/seljarar i marknaden er lite.

M2
Pengehaldande sektors (publikum og andre finansielle føretak enn bankar og statlege låneinstitutt) behaldning av setlar og mynt, ubundne bankinnskott og banksertifikat. M2 vert omtalt som det breie pengemengdsomgrepet. Sjå også pengemengda.

Marknadskapitaliseringsvekter
Marknadskapitaliseringsvekter er vekter som svarer til den del kvart aktivum eller aktivaklasse eller land/region har av total marknadsverdi innan eit definert univers. Petroleumsfondet brukar slike vekter til å bestemme kor stor del kvart lands aksjeindeks skal ha i totalindeksen for ein region.

Marknadsrisiko
Risiko for potensielt tap i form av redusert marknadsverdi som følgje av prisfluktuasjonar i finansielle marknader.

Meiravkastning, mindreavkastning
Sjå differanseavkastning.

Nominell rente
Pålydande rente på ein finansiell fordring. Sjå også realrente.

Nullkupongobligasjon
Ein obligasjon utan rentebetalingar. Nullkupongobligasjonar vert lagt ut til underkurs, dvs. til ein kurs lågare enn pålydande verdi, og vert løyst inn til pålydande verdi ved forfall.

Obligasjon
Standardisert omsetteleg lån med opprinneleg løpetid på minst eit år. Vilkåra ved eia obligasjonslån, slik som løpetid, rente, renteutbetalingsdatoar og eventuelle rentereguleringsvilkår, vert avtalt ved utsteding av lånet.

Operasjonell risiko
Risiko knytt til faren for forstyrrelsar og avbrot av driftsmessig art, til dømes brot på prosedyrar, feil i IT-system eller maskinvarer, regelbrot, bedrageri, brann og terrorangrep.

Oppgjørsrisiko
Risiko for tap og likviditetsproblem i samband med avreknings- og oppgjørsfunksjonane. Oppgjørsrisiko omfattar kredittrisiko, likviditetsrisiko, juridisk risiko og operasjonell risiko. Ved betalingsformidling blir transaksjonar generert av kundar og de resulterande eksponeringar vil ikkje vere resultat av eksplisitte kredittvurderingar. Dette setter risikoen som oppstår i betalingssystemet i ei særstilling.

Opsjon
Ein skil mellom to typar opsjonar, kjøpsopsjonar og salsopsjonar. Ein kjøpsopsjon (salsopsjon) er ein rett, men ikkje plikt til å kjøpe (selje) eit underliggjande aktivum til ein på førehand avtalt pris. Mogelege underliggjande aktiva er aksjar, valuta m.m.

Pengemengda
Pengehaldande sektor si behaldning av setlar og mynt, bankinnskott og andre finansielle instrument som inngår i ulike pengemengdsomgrep (sjå også M2). Pengehaldande sektor består av publikum (kommuneforvaltninga, ikkje-finansielle føretak og hushaldningar) samt andre finansielle føretak enn banker og statlege låneinstitutt. (Merk at det gjeld andre definisjonar for basispengemengda).

Pengeoppgjøret
Pengedelen av verdipapiroppgjeret.

Pengepolitikk
Styresmaktene si styring av renter og likviditet i marknaden for norske kroner. Det viktigaste virkemiddelet i pengepolitikken er renta på bankane sine innskott i Norges Bank (foliorenta).

Portefølje
Vert brukt om samla mengde av dei verdipapir som eit fond blir investert i. Petroleumsfondet si portefølje består blant anna av aksjar, aksjefuturekontraktar, obligasjonar, pengemarknadsplasseringar, rentefuturekontraktar og valutaterminkontraktar.

Realrente
Realrenta er nominell rente korrigert for prisstigning (inflasjon).

Referanseportefølje
Ei referanseportefølje er ei tenkt portefølje med ei bestemt samansetjing av verdipapir (obligasjonsindeks eller aksjeindeks) som ein forvaltar vert resultatmålt i høve til. Referanseporteføljen representerer ein nøytral investeringsstrategi.

Renteberande instrument
Finansielle kontraktar der avkastninga er knytt til ei avtalt rente av ein pålydande verdi. Eit døme her er obligasjonar.

Renteforvaltning
Styring og oppfølging av ei portefølje av renteberande instrument.

Rentemargin
Differansen mellom (ein banks) utlåns- og innskottsrente.

Rentepapir
Fellesomgrep for obligasjonar, sertifikat og statskassevekslar.

Renterisiko
Risiko for potensielt tap i form av redusert marknadsverdi som følgje av fluktuasjonar i renta.

Risikopremie
Den ekstra avkastninga ein investor forventar å oppnå ved ein risikabel investering i høve til ein risikofri investering. Investeringar i statlege rentepapir vert til vanleg nytta som det risikofrie samanlikningsgrunnlaget, sjølv om ingen investeringar er heilt utan risiko.

Sertifikat
Standardisert omsetteleg lån med løpetid på inntil 12 månader (eit år). Sjå også obligasjon.

Short-sal
I mange marked er det lov å avtale sal av verdipapir ein ikkje eig. På avtalt leveringsdato må imidlertid seljaren ha papiret, enten etter å ha kjøpt det eller vanlegare ved å ha lånt det av ein tredjepart. Short-sal kan vere lønne seg dersom ein ventar at prisen på verdipapiret skal bli redusert før ein må kjøpe det.

Spread
Vert brukt generelt om forskjellen mellom to prisar. I obligasjonsmarknaden brukar ein spread om forskjellen mellom sals- og kjøpskurs på ein obligasjon. Ved omsetning av obligasjonar tek ikkje meklaren direkte betalt for sine tenester, men stiller i staden ulike kursar for kjøp og sal.

Standardavvik
Standardavvik er eit mål som viser kor mykje verdien av ein variabel kan ventast å svinge. For ein konstant verdi vil standardavviket vere lik 0. Høgare standardavvik tyder større svingingar.

Statskasseveksel
Eit standardisert omsetteleg lån utsteda av den norske stat med løpetid under eit år og ingen rentebetalingar. Sjå også nullkupongobligasjon.

Styringsrente
Sentralbanken si sentrale rente i utøvinga av pengepolitikken. I Norge er dette foliorenta.

Støttekjøp
Ein sentralbank sitt kjøp av ein valuta for å auke prisen/kursen på valutaen (sjå intervensjonar).

Swap
Avtale mellom to partar om å bytte framtidige kontantstraumar. Til dømes kan den eine parten betale den andre flytande rente, medan den sjølv mottek fast rente.

Taktisk aktivaallokering
Å velje andre aktiva- eller marknadssamansetjingar enn i referanseporteføljen med sikte på å oppnå høgare avkastning.

Terminkontraktar
Kontraktar om kjøp eller sal av aktiva på eit framtidig tidspunkt og til ein bestemt pris. Petroleumsfondet kjøper og sel valuta på termin, for å unngå valutakursrisiko i høve til referanseporteføljen si valutasamansetjing.

Terminrenter
Terminrenter er renter som løper mellom to framtidige tidspunkt. Terminrentene kan under visse føresetnadar gi uttrykk for marknaden sine forventningar om framtidig rentenivå.

Valutakurs
Prisen på eit lands valuta målt mot andre lands valuta, til dømes norske kroner per euro.

Valutaopsjonar
Ein rett, men ikkje plikt, til å kjøpe eller selje in bestemt sum valuta til ein på førehand avtalt valutakurs.

Valutareserver
Norges Banks behaldning av finansielle aktiva i utanlandsk valuta som skal kunne nyttast i gjennomføringa av pengepolitikken. Norges Bank forvaltar i tillegg Statens Petroleumsfond på vegne av Finansdepartementet.

Valutarisiko
Risiko for potensielt tap i form av redusert marknadsverdi som følgje av fluktuasjonar i valutakursen.

Valutaswapmarknaden
Ein marknad der to aktørar i dag utfører eit bytte mellom to valutaer med avtale om å reversere byttehandelen på eit framtidig tidspunkt til eit bestemt kursforhold mellom dei to valutaane (valutabytteavtale).

Verdipapirfond
Eit fond som vert eigd av ein ubestemt krets av personar og der midlane i det vesentlege er investert i verdipapir.

Verdipapirføretak
Føretak som yter investeringstenester.

Volatilitet
Eit statistisk mål for svingingar i ein tidsserie.

VPS
Verdipapirsentralen (VPS) er ein privat, sjølveigande institusjon, oppretta ved lov om verdipapirsentral, som driv eit elektronisk rettighetsregister for aksjar, obligasjonar og andre finansielle instrument med i hovudsak norske utstedarar.

PS 132/18 Orienteringssaker

Kommuneplanen sin arealdel

Prosjektgruppa for kommuneplanen sin arealdel held på med utarbeiding av konsekvensutgreiing (KU), føresegner, plankartet og planomtalen til kommuneplanen sin arealdel. Arbeidet er ikkje ferdig, men prosjektgruppa ynskjer å legge fram dokumenta for formannskapet og få kommentarar frå politikarane.

12. september skal prosjektgruppa legge fram arbeidsutkastet for regionalt planforum. Målet med møtet i regionalt planforum er å medverke til gjensidig informasjon, avklare konkrete spørsmål og sektorinteresser og førebyggje konfliktar. På møtet vil føresegner og framlegg til ny/endra arealbruk vere hovudfokus. Formannskapet bør vere representert med 1-2 personar, gjerne ved ordførar.

1. Konsekvensutgreiing

Fyrste del av konsekvensutgreiinga, som skildrar metoden, ligg som vedlegg 1.

Vedlegg 2 viser ein oversikt over vurderte innspel, inkludert vurdering i KU (vist med fargekode).

Vedlegg 3 er eit arbeidsutkast til KU for fylgjande formål:

- Bustadareal
- Forretningar
- Fritids- og turistformål
- Fritidsbustadar og naust
- Kombinert byggje og anleggsformål
- Offentleg og privat tenesteyting
- Sentrumsformål

Arbeidsutkasta til KU for andre formål er ikkje klare til utsending, dei som vert ferdige før formannskapsmøtet 4. september vil verte ettersendt.

Vurderingane i KU er gjort av prosjektgruppa, i samarbeid med teknisk sektor og landbruk. Leiargruppa har også vore involvert i arbeidet. Prosjektgruppa ynskjer likevel å presisere at dette er eit arbeidsutkast, dokumenta er ikkje fullstendig kvalitetssikra eller vurdert samla, og det kan kome forandringar frå administrasjonen si side.

Prosjektgruppa ynskjer å involvere politikarane i arbeidsprosessen, og ber om at formannskapet går gjennom vurderingane og kjem med kommentarar til dei.

2. Plankart

Plankartet (vedlegg 4) viser administrasjonen sitt arbeidsutkast til noverande og framtidig arealbruk. Kartet er utarbeidd av prosjektgruppa, og diskutert i leiargruppa.

Prosjektgruppa ynskjer likevel å presisere at dette er eit arbeidsutkast, kartet er ikkje kvalitetssikra, og det kan kome forandringar frå administrasjonen si side. Det er positivt at

politikarane får høve til å påverke arbeidet undervegs i prosessen, og prosjektgruppa ynskjer kommentarar frå formannskapet til arbeidsutkastet.

3. Føresegner

Arbeidsutkast til føresegner ligg som vedlegg 5. Dokumentet inneheld verknader av planen (kapittel 1) og generelle føresegner til kommuneplanen sin arealdel (kapittel 2),

Føresegner til arealformål og omsynssoner og retningsliner for ma. handsaming av frådelings- og byggjesaker (kapittel 3-6) er ikkje klart for utsending, og vil sendast seinare.

Dokumentet er utarbeida av prosjektgruppa, i samarbeid med teknisk sektor og landbruk. Leiargruppa har også vore involvert i arbeidet. Prosjektgruppa ynskjer likevel å presisere at dette er eit arbeidsutkast, dokumentet er ikkje fullstendig kvalitetssikra, og det kan kome forandringar frå administrasjonen si side.

Det er viktig at politikarane får høve til å påverke planen og føresegnene undervegs i prosessen. Prosjektgruppa ber formannskapet lese arbeidsutkastet, og kome med kommentarar.

4. Planomtale

Planomtalen til kommuneplanen er under arbeid, men ikkje klar for utsending. Planomtalen vil verte presentert for formannskapet seinare.

Vedlegg:

1. Konsekvensutgreiing - metode
2. Vurdering av innspel til arealdelen
3. Arbeidsutkast KU
4. Plankart, arbeidsutkast
5. Arbeidsutkast føresegner

KONSEKVENSUTGREIING

KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL

Volda kommune

Dato: 27. juni 2018



1 INNHALD

1	INNHALD	s. 2
2	BAKGRUNN	s. 3
		s. 3
3	METODE	s. 4
	Krav om konsekvensutgreiing	s. 5
	Metode for vurdering av konsekvensar	
		s. 6
4	KONSEKVENSUTGREIING	s. 6

2 BAKGRUNN

Krav om konsekvensutgreiing

Som del av arealdelen skal det gjennomførast konsekvensutgreiing, der verknader for miljø og samfunn skal skildrast for alle nye område for utbygging, og der arealbruken vert vesentleg endra i eksisterande byggeområde. Oppdatering av arealdelen i samsvar med vedtekne reguleringsplanar vert ikkje omfatta av kravet om konsekvensutgreiing.

2 METODE

Metode for vurdering av konsekvensar

Det skal takast utgangspunkt i metodikken skissert i rettleiaren frå MD "Konsekvensutredninger, Kommuneplanens arealdel".

1. Avgrensing av utgreiingsområde/influensområde.
2. Verdien av området.
3. Omfanget (påverknad) i forhold til 0-verdien.
4. Konsekvens. Samanstilling av verdien av området med omfanget av tiltaket.
5. Samla vurdering av konsekvens.

Vurdering av konsekvens for dei enkelte utgreiingstema og samla konsekvens for utbyggingsforslaget bør kunne etterprøvast og det skal derfor gå tydeleg fram korleis verdien av eit område og omfanget av utbygginga er vurdert og fastsett. Til hjelp i arbeidet med fastsetting av konsekvens har ein nytta metodikken i Statens vegvesen si handbok V712. Det er i stor grad tatt utgangspunkt i den forenkla metoden i handbok V712. For dei tema der metodikken er lite hensiktsmessig, er det nytta ein verbal vurdering av foreslått utbyggingsformål med fastsetting av konsekvensar. basert på kriteria bestemt på førehand. Konsekvensutgreiinga skal i utgangspunktet baserast på eksisterande kunnskap. Planprogrammet har fastsett utgreiingstema og krav om innhenting av ny kunnskap.

Alle forslag til nye/endra arealbruk er og vurdert opp mot arealstrategiane fastsett i planprogrammet. Både den samla verknad av kvart utbyggingsforslag, men også verknad av dei samla arealbruksendringane i forslaget til ny arealdel er vurdert.

Trinn 1: Avgrensing av utgreiingsområde og eventuelt influensområde

Dette vil vere avhengig av type utbyggingsformål. Kommuneplanen sin arealdel er ein lite detaljert plan og innspel om nye utbyggingsområde er heller ikkje særleg detaljert. Det er tatt ei enkel vurdering av influensområde for dei foreslegne utbyggingsområda, som berre vil vere verbalt skildra.

Trinn 2: Verdivurdering

Verdiar i området vert vurdert på bakgrunn av eksisterande eller innsamla data. Vurderingstema, kunnskaps- og vurderingsgrunnlag er vist i tabellen under:

Tema	Kunnskaps- og vurderingsgrunnlag
Miljø	
Forureining	Registreringar. Miljødata. Grunnforurensningsdatabasen. Støykartleggingar langs hovudvegar og i samband med nyare reguleringsplanar. Hovudplan for vatn og avlaup.
Landbruk og jordressursar	Gardskart, FKB-data. Data for produksjonstilskot. Kjerneområde landbruk, ev. synfaringar. Temakart landbruk.
Naturmangfald og naturmiljø	Naturbase, naturtyperegistreringar. Ev. synfaringar. Temakart grønstruktur.
Kulturminne og kulturmiljø	Askeladden. Kommunedelplan for kulturminne. Kartlegging bygningsmiljø i Volda sentrum, ev. synfaringar. Temakart kulturminne, -miljø og -landskap.
Landskap	Høgde- og terrengdata, ortofoto. Ev. synfaringar. Tettstadanalysen. Temakart kulturminne, -miljø og -landskap.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Generelt kartgrunnlag. Kartlegging og verdisetjing av friluftslivsområde. Arbeidsnotat friluftsliv. Hovudnett for sykkel i Ørsta og Volda. Tettstadanalysen. Temakart grønstruktur.
Energiforbruk og energiløysingar	Konkret vurdering av lokalisering mot viktige strukturar i samfunnet elles. Temakart sårbare objekt (ROS).
Klima	Kartgrunnlag. Arbeidsdokument: Klimaendringar og arealplan. Klimaberegning/ klimaeffekt.
Vassmiljø og verna vassdrag	Verneforskrift. Kartlegging av vassdrag. Ev. synfaring. Strandsonekartlegging.
Strandsone langs sjø og vassdrag	Kartgrunnlag. Strandsonekartlegging. Ev. synfaring. Temakart sjøområde og marin næring.
Samfunn	
Transport og trafikk	Vegdatabanken, kartgrunnlag. Trafikktryggingsplan. Hovudnett for sykkel i Ørsta og Volda. Arbeidsdokument: kollektivtrafikk, elbil, sykkel. Temakart infrastruktur.
Teknisk infrastruktur	Kartgrunnlag, VA-kart, Hovudplan for vatn og avlaup.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Generelt kartgrunnlag. Ein må vurdere om utbyggingsområda fører til behov for investering i nye funksjonar eller infrastruktur.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Heilskapleg ROS-analyse og overordna ROS-analyse for arealdelen.
Folkehelse	Folkehelsebarometer. Generelt kartgrunnlag. Vurdere helsekonsekvensar av nye tiltak og vektlegge folkehelseperspektivet. Universell utforming som overordna prinsipp.
Estetikk og arkitektur	Generelt kartgrunnlag. Ev. synfaring. Tettstadanalyse. Bygningsmiljø og estetisk rettleiar.
Barn og unge	Barnetrakk-registreringar. Arbeidsdokument: kartlegging kvartalsleikeplassar.
Forholdet til strategiar om arealbruk	Bustadbehovsanalyse. Senterstruktur, sentrumssoner. Andre aktuelle arbeidsnotat og kartleggingar.


Det vert ikkje utarbeidd verdikart. Det er tatt utgangspunkt i Statens vegvesen si handbok V712 tabell 6-1 som grunnlag for verdisetting innanfor kvart utgreiingstema. Eit område kan ha ei verdsetting frå utan betydning til svært stor verdi innan dei ulike utgreiingstema. Handbok V712 har utarbeidd kriteria for verdisetting innanfor fleire utgreiingstema. For andre utgreiingstema er det tatt utgangspunkt i tab. 6-1.

	Uten betydning	Noe verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
Forvaltnings-prioritet	Uten betydning for temaet eller sterkt reduserte kvaliteter		Forvaltnings-prioritet	Høy forvaltnings-prioritet	Høyeste forvalt-nings-prioritet
Viktighet/ betydning for fagtemaet		Alminnelig/ lokalt vanlig	Lokal/regional betydning	Regional/ nasjonal betydning	Nasjonal/ interna-sjonal betydning Unikt
Funksjoner og sammenhenger		Kontekst/ sammenheng er lite synlig	Kontekst/ sammenheng er noe fragmentert	Viktige sammen-henger og funksjoner	Særlig viktige sammenhenger og funksjoner
Bruksfrekvens		Betydning for få	Betydning for flere	Betydning for mange	Betydning for svært mange
Faglige kvalite-ter[38]		Få kvaliteter	Gode kvaliteter	Særlig gode kvaliteter	Unike kvaliteter

Tabell 6-1: Generelt grunnlag for verdisetting. Figuren er henta frå Handbok V712 s. 117.

Trinn 3: Omfang (påverknad) i forhold til 0-verdien


Omfang/påverknad er eit uttrykk for endringar som tiltaket vil medføre i eit område i forhold til 0-alternativet. Omfang/påverknad er relatert til ferdig etablert situasjon og ein skal skildre både dei verknadane utbygginga har for sjølve arealbeslaget og verknader utbygginga vil ha for influensområdet. Eit tiltak (utbyggingsforslag) kan i eit område gi frå stor forbetring til sterkt reduserte kvalitetar, med i verste fall øydelegging, for dei ulike utgreiingstema. Det er tatt utgangspunkt i skalaen i figur 6-5 i handbok V712 for vurdering påverknad.



Figur 6-5: Skala for vurdering av påvirkning. Figuren er henta frå Handbok V712 s. 118.

Trinn 4: Konsekvens

Konsekvensane av eit tiltak (utbyggingsforslaget) har for eit utgreiingstema, får ein fram ved å samanstille området sin verdi med omfanget/påverknaden av utbygginga. Alle forslag til utbygging vert sett inn i ei matrise der X-aksen er verdiskalaen og Y-aksen er omfang/påverknad. Det er tatt utgangspunkt i handbok V712. Dei mest negative konsekvensane vil ein berre kunne få i område med stor og svært stor verdi. Positive konsekvensar vil ein berre kunne få i område utan verdi eller med noko verdi, der påverknaden medfører betring eller ubetydeleg endring.



Konsekvensvifta. Figuren er ein forenkla versjon av figur 6-6 i Handbok V712.

Skala	Trinn 4: Kriteria for fastsetting av konsekvens for kvart utbyggingsområde
Svært stor/kritisk negativ konsekvens	Stor til svært stor miljøskade for temaet. Vil i stor grad redusere kvalitetane i området. Gjerne med store samla verknader. Høg konfliktgrad i heile eller i ein stor del av utbyggingsområdet med høg grad av påverknad.
Middels negativ konsekvens	Fleire til berre få konfliktpunkt for temaet. Berre delar av området kan ha høg konsekvensgrad. Noko til ubetydeleg påverknad i stor del av området.
Ubetydeleg/ positiv konsekvens	Medfører forbetring eller ikkje endring frå 0-alternativet for området. Større eller mindre delar av området vil ha positiv konsekvensgrad. Berre mindre område med lave negative konsekvensgradar, som vert vege opp av område med positiv konsekvensgrad.

Trinn 5: Samla vurdering av konsekvens

Den samla vurderinga av konsekvens for dei einskilde utbyggingsområda er basert på resultata av vurdering av konsekvens for dei einskilde utgreiingstema supplert med fagleg skjønn, lokalkunnskap og ev. spesielle forhold ved utbyggingsforslaget. Område av nasjonal eller regional verdi er vektlagt. Det er og lagt stor vekt på om forslaget er i samsvar med dei fastsette arealstrategiane.

Skala	Trinn 5: Samla vurdering av konsekvens
Svært stor/kritisk negativ konsekvens	Stor til svært stor miljøskade i området. Har fleire tema med kritisk til svært stor negativ konsekvens. I liten grad i samsvar med arealstrategiar.
Middels negativ konsekvens	Kan medføre noko miljøskade og er dårlegare enn 0-alternativet. Kan ha nokre få (1-2?) tema med kritisk til svært stor negativ konsekvens. Er i stor grad i samsvar med fastsette arealstrategiar.
Ubetydeleg/ positiv konsekvens	Medfører forbetring eller ikkje vesentleg endring frå 0-alternativet for fleire av utgreiingstema. Kan ha nokre få (1-2?) tema med middels negativ konsekvens. Er i stor grad i samsvar med arealstrategiar.

Skjema for konsekvensutgreiing - mal

Område nr. xx - (Områdenemning, grunnkrins)

Eigedom:
Formål i dagens kommuneplan:
Gjeldande reuleringsplan:
Foreslått formål:
Areal:

Forslagsstillar:
Skildring av tiltak:

Kartutsnitt
t.v. gjeldande plan
t.h. innspel





Tema	Vurdering	Konse-kvens
Miljø		
Forureining	(Vurdering om det er eksisterande forureiningskjelder i nærleiken. Nye utbyggingsområde kan medføre ureining, støy, klimaendringar m.m.)	
Landbruk og jordressursar	(Vurdering av omfang og verknad på landbruksareal; tap av produksjonsareal, driftsulemper m.v.)	
Naturmangfald og naturmiljø	(Endra arealbruk kan endre naturmangfald og naturmiljø.)	
Kulturminne og kulturmiljø	(Vurdering av om utbygging kan gje negativ konsekvens for kulturminne-/miljø.)	
Landskap	(Vurdering av om ny utbygging kan endre landskap og gi nær og fjernverknad.)	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	(Vurdering av om ny utbygging kan gi negativ konsekvens for nærmiljø, grønstruktur og utøving av friluftsliv.)	
Energiforbruk og energiløysingar	(Vurdering av om ny utbygging kan gi auka energiforbruk.)	
Klima	(Vurdering av om det er eller om ny utbygging vil gi utfordringar i forhold til overvasshandtering, stormflo og havnivåstigning.)	
Vassmiljø og verna vassdrag	(Vurdering av om ny utbygging kan gi negative konsekvensar for verna vassdrag eller andre vassmiljø.)	
Strandsone langs sjø og vassdrag	(Vurdere om ny utbygging kan redusere kvaliteten og gi negative konsekvensar for strandsona langs sjø og vassdrag.)	
Samfunn		
Transport og trafikk	(Vurdering av om nye utbyggingsområde må vere trafikksikre og fungere i forhold til vegsystemet.)	
Teknisk infrastruktur	(Vurdering av om ny utbygging kan ha konsekvensar for eksisterande infrastruktur og gi behov for større investeringar.)	
Befolkningsutvikling og tenestebehov	(Vurdering av om ny utbygging kan ha konsekvensar for dagens tenestestruktur og gi behov for endringar.)	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	(Vurdering av om nye utbyggingsområde kan gi endra risikobilde, eller utbyggingsområdet ligg i eit risikoutsett område. Kan gi endra behov for førebygging og normalisering ved uføresette hendingar.)	
Folkehelse	(Vurdering av mulegheit for å gå og sykle til viktige funksjonar og kvardagsaktivitetar og tilgjenge til bygningar, uteområde og tenester for alle.)	
Estetikk og arkitektur	(Vurdering av om ny utbygging kan gi endra estetisk uttrykk i eit område.)	
Barn og unge	(Vurdering av om utbygging kan komme i konflikt med verdiar i barn og unge sine oppvekstområde.)	
Forholdet til strategiar om arealbruk	(Vurdering av om tiltaket er i samsvar med arealstrategiane.)	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:
(Samla vurdering av konsekvensar med forslag til oppfølging eller utgreiing på reguleringsplannivå. Trinn 4.)

Konklusjon:
(Oppsummering. Trinn 5.)



Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Telefon: +47 70 05 87 00
Faks: +47 70 05 87 01
Åpningstider: 08.00–16.00

Vurdering av innspel til arealdelen.

Det er krav om at alle framtidige utbyggingsområde i kommuneplanar skal gjevast ei særskild vurdering og skildring av planen sine verknader for miljø og samfunn, jf. pbl. § 4-2. Dette gjeld alle nye utbyggingsområde og vesentleg endring av eksisterande arealbruk. Oppdatering av arealdelen i samsvar med vedtekne reguleringsplanar vert ikkje omfatta av kravet om konsekvensutgreiing.

Gjennom ROS-analyse av alle innspel er det avdekka at fleire innspel ligg i område med uakseptabel risiko i forhold til ulike farar. Spesielt når det gjeld naturfare (skred og flaum) er det ikkje ønskjeleg å ta med innspel som ligg i område med uakseptabel risiko. Så lenge vi ikkje har kunnskap om farenivå har vi ikkje mulegheit for å avklare om det er sikker byggegrunn i området. Ein kan dermed risikere at det er svært lite av arealet som kan nyttast til formålet.

Etter gjennomført ROS-analyse, vurdering opp mot arealstrategiane og vurdering i forhold til ev. krav om KU for innspelet m.v. kome ein fram til ei liste med forslag til nye/endra utbyggingsområde som er ønskjeleg å ta med vidare i prosessen fram mot eit planutkast. Desse forslaga skal først vurderast gjennom ei konsekvensutgreiing for å klarlegge verknader for miljø og samfunn. For nokre av innspela vil det ikkje vere krav om konsekvensutgreiing. Desse innspela vil likevel vere med i lista. Under sluttføring av utkast til arealdel kan det kome fram behov for endra arealbruk som må konsekvensutgreiast. Dette kan vere areal som t.d. bør endre formål som følgje av oppdatering i forhold til eksisterande bruk av eit område. Lista over innspel/endringar som skal konsekvensutgreiast vil derfor måtte bli oppdatert fram mot endeleg planforslag.

I konsekvensutgreiinga skal innspela vurderast opp mot ei rekke utgreiingstema som er fastsett i planprogrammet kap. 6. Gjennom konsekvensutgreiinga kan derfor fleire innspel bli vurdert som uaktuelle. Det er derfor først når resultatet av konsekvensutgreiinga er klar vi har full oversikt over kva endra arealbruk vi kan forslå. Som del av konsekvensutgreiinga vil det og vere aktuelt å sette krav om ulike avbøtande tiltak, som må fastsettast gjennom føresegner og/eller retningslinjer. Det er derfor først etter konsekvensutgreiinga vi kan legge fram 1. utkast til ny arealdel.

I lista i dette dokumentet er det ei oversikt over innspel som er vurdert i konsekvensutgreiinga, og kva forslag som ikkje er vurdert i konsekvensutgreiinga fordi dei er uaktuelle av andre årsaker. Det vil for kvart arealbrukstema vere ei oversikt over forslag til ny/endra utbyggingsformål som det er ønskjeleg å ta inn i den nye arealdelen.

Sist endra pr.: 28.08.2018.

UTKAST

Innhald

Innspel om nye areal til bustader 3
Innspel om nye areal til fritidsbustader og naust 6
Innspel om nye areal til sentrumsformål 7
Innspel om nye areal til forretningar 8
Innspel om nye areal til Offentleg eller privat tenesteyting 9
Innspel om nye areal til Fritids- og turistformål 10
Innspel om nye areal til råstoffutvinning 11
Innspel om nye areal til Næringsverksemd 12
Innspel om nye areal til Idrettsanlegg 13
Innspel om nye areal for «Andre typar bygningar og anlegg» 14
Innspel om nye areal til Grav- og urnelund 15
Innspel om nye areal til Kombinert byggje- og anleggsformål 16
Innspel om nye areal til Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur 17
Innspel om nye areal til Spreidde bustader i LNF-område 19
Innspel om nye areal til Spreidde næringsbygningar i LNF-område 20
Innspel om nye areal til Småbåthamn 21
Innspel om nye areal til Kombinerte formål i sjø og vassdrag NFFFA 22
Innspel om nye areal til Akvakultur 22

UTKAST

Bebyggelse og anlegg

Innspel om nye areal til bustader

Aktuelle arealstrategiar som gir føringar for lokalisering av nye bustadareal finn vi først og fremst i kap. 5.1 Sentrumsutvi kling og senterstruktur og kap. 5.2 Busetting i planprogrammet. Andre arealstrategiar kan og vere med på å gi føringar for lokalisering av nye bustadområde. Dokumenta «Bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting» og «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda» legg føringar for lokalisering av nye bustadareal.

KU av forslag til nye bustadareal

OMR. NAVN	Areal (daa.)	Eks. formål	Forslagsstillar	Eigedom	Område	Vurdering KU
B2	3,62		Ann-Mari Stave	4_2	Lid/Berknes	
B3	6,95	LNF	Ann-Mari Stave	4_2	Lid/Berknes	Uakseptabelt ift. ROS. (Tatt inn av formannskapet)
B4	26,83		Mork Grendalag	12_1, 12_3	Morkabygda	B104
B5	27,75	LNF	Mork Grendalag	11_1	Morkabygda	
B7	76,16	LNF	Mork Grendalag		Morkabygda	Ny E39 før utbygging. Redusert alternativ. B106
B12	8,15	Grønstruktur	Tore Bjørneseth og Inger-Johanne Lothe Bjørneset	18_5	Volda sentrum	
B13	6,89	Grønstruktur	Sverre Engeset Foldal	18_12	Volda sentrum	
B14	0,66		Torild og Roar Driveklepp	19_598	Volda sentrum	Bustad/forretning/kontor? BKB13? Utvida!
B16	3,38	Bandlagt kml	Opplysningsvesenets Fond	29_1	Volda sentrum	
B17	66,53		Norhus AS	30_2 m.fl.	Volda sentrum	B111
B21	16,54	Kombinert, Grønstruktur	Gunn Karin Kvistad Strand og Inger Anne Kvistad Holm	20_14	Volda sentrum	
B22	15,92	Kombinert, Grønstruktur	Din Bolig AS	20_523	Volda sentrum	
B24	7,82		Per Arne Heltne	20_4	Volda sentrum	
B28	40,81	LNF	Robin Heltne	20_1	Volda sentrum	Ikkje imøtekome jf. behovsanalyse.
B32	62,92	LNF	Per Sigvald Hoggen	26_2	Vikebygda	
B34	13,21	LNF	Greg og Herdis Rotevatn		Vikebygda	

B36	8,97	LNF	Eli og Harald Vassbotn	28_3	Vikebygda	LSB76. totalt inntil 7 hus innanfor LSB76 og 79.
B38	4,67	LNF	Eli og Harald Vassbotn	28_3	Vikebygda	Vurdere som spreidd bustadbygging i LNF LSB 79
B39	27,31		Austefjord grendautval	47_1 m.fl.	Austefjordområdet	
B42	28,47		Dravlausbygda og Innselset grendalag		Dalsfjordområdet	Ikkje imøtekome jf. behovsanalyse.
B43	29,41		Velsvik og Lauvstad grendalag		Dalsfjordområdet	
B45	8,96		Velsvik og Lauvstad grendalag	160_8 m.fl.	Dalsfjordområdet	Ikkje imøtekome – jf. eksisterande RP.
B46	9,54		Velsvik og Lauvstad grendalag	158_1, 158_3	Dalsfjordområdet	Vurdere som spreidd bustadbygging i LNF
B47	1,52	LNF	Per E Vassbotn		Vikebygda	Vurdere som spreidd bustadbygging i LNF
B50	9,3		Tømrer Service AS	20_12		
B52	6,4		Bernhard Rekkedal	42/2	Austefjordområdet	LSB77
B53	25,8		Ola Veddeng	14_2	Morkabygda	
B54	71,87		Leite og Howden As	14_3	Morkabygda	
B55	23,22		Norhus AS	20_12	Volda sentrum	

Innspel om nye bustadareal som ikkje er med i KU pga. strid med ROS, arealstrategiar eller andre årsaker

OMR. NAVN	Areal (daa.)	Eks. formål	Forslagsstillar	Eigedom	Område	Kommentar
B1	11,69	Friområde	Odd og Runar Bjerknes		Lid/Berknes	I strid med grønstrukturstrategi.
B6	7,28	LNF	Jorun Rangsæter	13_22	Morkabygda	Uakseptabelt ift. ROS
B7	76,16	LNF	Mork Grendalag		Morkabygda	For stor avstand til eksisterande busetnad, infrastruktur m.v.
B8	16,42	LNF	v/Harald Thunheim	13_18	Morkabygda	For stor avstand til eksisterande busetnad, infrastruktur m.v.
B9	77,78	LNF	Erling og Sigrid Skarstein	16_1	Volda sentrum	Ikkje ønskjeleg/behov med stor grad av bustadareal i Ytre sentrumssone, utfordringar m.o.t. infrastruktur.

B10	1,14	LNF	Erling og Sigrid Skarstein	16_1	Volda sentrum	Ikkje ønskjeleg/behov med stor grad av bustadareal i Ytre sentrumssone, utfordringar m.o.t. infrastruktur.
B11	7,25		Sverre Engeset Foldal	18_12	Volda sentrum	Ikkje behov for KU. Ingen endring av formål.
B15	3,69	Friområde	Geir Halkjelsvik	19_564, 19_594	Volda sentrum	I strid med grønstrukturstrategi.
B18	55,27	LNF	Tomteservice AS	19_1 m.fl.	Volda sentrum	Ikkje ønskjeleg/behov med stor grad av bustadareal i Ytre sentrumssone, utfordringar m.o.t. infrastruktur.
B19	110,68		Grete Jorunn Halkjelsvik m.fl.	19_1 m.fl.	Volda sentrum	Ikkje ønskjeleg/behov med stor grad av bustadareal i Ytre sentrumssone, utfordringar m.o.t. infrastruktur.
B20	5,13	Bustad	Grete Jorunn Halkjelsvik m.fl.		Volda sentrum	I strid med offentlege behov
B23	2,67		Per Arne Heltne	20_4	Volda sentrum	I strid med grønstrukturstrategi.
B25	14,89		Lene og Roy Inge Heltne	20_6	Volda sentrum	Ikkje ønskjeleg/behov med stor grad av bustadareal i Ytre sentrumssone, utfordringar m.o.t. infrastruktur.
B26	42,88	LNF	Dag Bratteberg	21_2, 21_6	Volda sentrum	Ikkje ønskjeleg/behov med stor grad av bustadareal i Ytre sentrumssone, utfordringar m.o.t. infrastruktur.
B27	28,12	LNF	Øyvind Eidså	21_1	Volda sentrum	Ikkje ønskjeleg/behov med stor grad av bustadareal i Ytre sentrumssone, utfordringar m.o.t. infrastruktur.
B29	1,41	Grønstruktur	Tor Halvar Flacké Botnen	20_36	Volda sentrum	I strid med grønstrukturstrategi.
B30	20,08	LNF	Lene og Roy Inge Heltne	20_6	Volda sentrum	Ikkje ønskjeleg/behov med stor grad av bustadareal i Ytre sentrumssone, utfordringar m.o.t. infrastruktur.
B31	17,44	LNF	Alice Ødegård Rotevatn	27_7	Volda sentrum	Ikkje ønskjeleg/behov med stor grad av bustadareal i Ytre sentrumssone, utfordringar m.o.t. infrastruktur.
B33	5,08	LNF	Per Sigvald Hoggen	26_2	Vikebygda	Ikkje ønskjeleg/behov med stor grad av bustadareal i Ytre sentrumssone, utfordringar m.o.t. infrastruktur.
B35	27,57	LNF	Kaisa Olsen	27_17	Vikebygda	For stor avstand til eksisterande busetnad, infrastruktur m.v.
B37	5,7	LNF	Eli og Harald Vassbotn	28_3	Vikebygda	Uakseptabelt ift. ROS
B40	16,05		Austefjord grendautval	66_1, 66_2 m.fl.	Austefjordområdet	Uakseptabelt ift. ROS
B41	14,02		Kalvatn grendautval		Austefjordområdet	For stor avstand til bygdesenter, infrastruktur m.v.
B44	23,89		Velsvik og Lauvstad grendalag	157_4	Dalsfjordområdet	For stor avstand til bygdesenter, infrastruktur m.v.
B48	12,9	LNF	Per E Vassbotn		Vikebygda	For stor avstand til eksisterande busetnad, infrastruktur m.v.

UTKAST

B49	10,9	LNF	Vegard Bjørdal	85_2	Austefjordområdet	For stor avstand til eksisterande busetnad, infrastruktur m.v.
B51	4,5		Tømrer Prosjekt AS	19_29	Volda sentrum	I strid med offentlege behov

Innspel om nye areal til fritidsbustader og naust

Forureining	Området er utsett for trafikkstøy. Elles ikkje kjennskap til forureining i området. Krav til utslepp vert ivareteke i RP.Middels negativ konsekvens.	
Landbruk og jordressursar	Ikkje relevant jf. anna formål i gjeldande plan. Ubetydeleg konsekvens.	
Naturmangfald og naturmiljø	Delvis nedbygd og delvis kantsone langs Øyraelva som mest sannsynleg er ein del av økologisk funksjonsområde for viktige artar. Delar av området ar stor verdi og delar har ingen verdi, samla sett middels verdi. Middels negativ konsekvens.	
Kulturminne og kulturmiljø	Nedre del av Elvadalen er eit område med både lokal og regional kulturhistorisk betydning. Middels verdi. Middels negativ konsekvens.	
Landskap	Øvre delar av området har gode visuelle kvalitetar og er ein del av heilskapen i Elvadalen. Middels verdi og middels negativ konsekvens.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Øvre del inngår i svært viktig friluftslivsområde og grønsstruktur. Middels verdi og middels negativ konsekvens.	
Energiforbruk og energiløysingar	Større utbygging om bør kunne nytte framtidsretta lavenergiløysingar. Ubetydeleg konsekvens.	
Klima	Større utbygging som gir tette flater med hurtig avrenning. Må sikre gode lokale løysingar for håndtering av overvatn.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Øyraelva har viktig vassmiljø av lokal betydning som gir middels verdi. Tiltaket vil kunne forringe kvalitetar. Middels negativ konsekvens.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Tiltaket ligg ikkje i strandsona. Ubetydeleg konsekvens.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Tiltaket ligg ved E39 med stor trafikk. Kan vere utfordrande med tilkomst. Middels negativ konsekvens.	
Teknisk infrastruktur	Kan truleg nytte eksisterande infrastruktur. Ubetydeleg konsekvens.	
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Tiltaket vil gi auka busetting i indre sentrumssone, som vil gi driftsfordelar for offentleg tenstetilbod. Ubetydeleg positiv konsekvens.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Området kan vere utsett for flaum, ligg ved sterkt traffikert veg med støy. Stor negativ konsekvens.	
Folkehelse	Frå området er det mulegheit for å gå og sykle til viktige funksjonar og kvardagsaktivitetar. Vil kunne ha tilgjengelege bygningar, uteområde og tenestar for alle. Ubetydeleg positiv konsekvens.	
Estetikk og arkitektur	Området har liten verdi når det gjeld estetikk og arkitektur. Transformasjon av området kan vere positivt. Ubetydeleg konsekvens.	
Barn og unge	Elvadalen er nytta av barn og unge. Nedbygging kan vere negativ for barn og unge sin bruk av området. Middels negativ konsekvens.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket er i samsvar med arealstrategi om busetting, næringsliv og transport og kommunikasjon. Er ikkje vesentleg i strid med andre arealstrategiar.	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:
Tiltaket er i samsvar med viktige arealstrategiar som vil gi auka aktivitet og busetting indre sentrumssone. Tiltaket må avklare ROS-utfordringar, men dette kan truleg løysast. Tiltaket må ta omsyn til utgreiingstema med negative konsekvensar. Det må settast krav til å løyse utfordringar gjennom omsynssoner og føresegner med krav til reguleringsplan.

Konklusjon:
Kan imøtekomast med vilkår om avbøtande tiltak.

UTKAST

Område nr. xx - (Områdenemning, grunnkrins)

Eigedom:	19/589, 590, 780	Forslagsstillar:	Volda Turisthotell AS
Formål i dagens kommuneplan:	Erverv	Skildring av tiltak:	Ønskjer å utnytte området til ulike sentrumsformål.
Gjeldande reguleringsplan:	Område ved Volda turisthotell 1996001		
Foreslått formål:	Sentrumsformål		
Areal:			

Kartutsnitt
t.v. gjeldande plan
t.h. innspel





Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Ikkje registrert forureining i området. Krav til utslepp vert ivareteke i RP. Ubetydeleg konsekvens.	
Landbruk og jordressursar	Ikkje relevant jf. anna formål i gjeldande plan. Ubetydeleg konsekvens.	
Naturmangfald og naturmiljø	Utbygd areal. Det er registrert nær trua art i området. Arten er relativt vanleg i området men har noko verdi for naturmangfald. Tiltaket vil medføre liten endring for verdien og tiltaket vil ha ubetydeleg konsekvens.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert at området har kulturminne eller er ein del av eit viktig kulturmiljø. Ubetydeleg konsekvens.	
Landskap	Ligg i tilknyting til bebygd område som er regulert til utbyggingsformål. Ubetydeleg konsekvens.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Det er ikkje registrert at området har verdi som grønstruktur, friluftsliv, eller som verdi for nærmiljøet. Endring frå Ubetydeleg konsekvens.	
Energiforbruk og energiløysingar	Større utbygging som bør kunne nytte framtidsretta lavenergiløysingar. Ubetydeleg konsekvens.	
Klima	Større utbygging som gir tette flater med hurtig avrenning. Må sikre gode lokale løysingar for håndtering av overvatn.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Ikkje relevant.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ikkje relevant.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Kan truleg nytte tilkomst frå eksisterande vegsystem. Ubetydeleg konsekvens.	
Teknisk infrastruktur	Kan truleg nytte eksisterande infrastruktur. Ubetydeleg konsekvens.	
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Tiltaket vil gi auka busetting i indre sentrumssone, som vil gi driftsfordelar for offentleg tenstetilbod. Ubetydeleg positiv konsekvens.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Området kan vere utsettt for skred og det er gjort funn av sårbar art.	
Folkehelse	Frå området er det mulegheit for å gå og sykle til viktige funksjonar og kvardagsaktivitetar. Vil kunne ha tilgjengelege bygningar, uteområde og tenestar for alle. Ubetydeleg positiv konsekvens.	
Estetikk og arkitektur	Området ligg i område med blokkbebyggelse uten spesielle kvalitetar. Tiltaket vil kunne komplettere området og vere med på å skape ein betre heilskap og eit betre totalinntrykk. Ubetydeleg konsekvens.	
Barn og unge	Barn og unge nyttar Porsemyrvegen som er opplevd som utrygg. Tiltaket bør inkludere tiltak som gjer Porsemyrvegen trygg som ferdselsveg for barn og unge.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket er i samsvar med arealstrategi om busetting, næringsliv og transport og kommunikasjon. Er ikkje vesentleg i strid med andre arealstrategiar.	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:
Tiltaket er i samsvar med viktige arealstrategiar som vil gi auka aktivitet og busetting indre sentrumssone. Tiltaket må avklare ROS-utfordringar, men dette kan truleg løysast. Tiltaket må ta omsyn barn og unge sin ferdsel på vegsystemet i området.

Konklusjon:
Kan imøtekomast med vilkår om avbøtande tiltak.

UTKAST

Område nr. KU BS3 - Volda sentrum

Eigedom:	19/108, 227, 492, 638, 912 og 29/29 og 55 19/90, 502 og 650	Forslagsstillar:	Volda Sentrum AS/Industrigata AS
Formål i dagens kommuneplan:	Forretning, kontor, bustad, industri	Skildring av tiltak:	Ønskjer å legge til rette for utvikling av Volda sentrum i samsvar med Utviklingsplanen m.v. Forretning, tenesteyting, kulturaktivitetar, bustader m.m.
Gjeldande reguleringsplan:	Holmen 2005005, Volda sentrum 65 1965001		
Foreslått formål:	Sentrumsformål		
Areal:	ca. 16 daa.		

Kartutsnitt
t.v. gjeldande plan
t.h. innspel





Tema	Vurdering	Konsekvens
Miljø		
Forureining	Området er utsett for trafikkstøy. Elles ikkje kjennskap til forureining i området. Krav til utslepp vert ivareteke i RP. Middels negativ konsekvens.	
Landbruk og jordressursar	Ikkje relevant jf. anna formål i gjeldande plan. Ubetydeleg konsekvens.	
Naturmangfald og naturmiljø	Sterkt nedbygd. Ubetydeleg verdi og ubetydeleg konsekvens.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er registrert arkeologisk kulturminne. Er regulert til park og foreslått tiltak vil ikkje endre på dette. Ubetydeleg konsekvens.	
Landskap	Fullstendig bebygd område utan landskapsmessig verdi. Ubetydeleg konsekvens.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Ikkje del av grønstruktur eller friluftsliv. Er nærmiljø for busette i området. Bortfall av formålet industri vil vere positivt. Ubetydeleg positiv konsekvens.	
Energiforbruk og energiløysingar	Større utbygging som bør kunne nytte framtidsretta lavenergiløysingar. Ubetydeleg konsekvens.	
Klima	Utbygd areal.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Ikkje relevant.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Ikkje relevant.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Kan truleg nytte eksisterande veginfrastruktur. Ubetydeleg konsekvens.	
Teknisk infrastruktur	Kan truleg nytte eksisterande infrastruktur. Ubetydeleg konsekvens.	
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Tiltaket vil gi auka busetting i indre sentrumssone, som vil gi driftsfordelar for offentleg tenstetilbod. Ubetydeleg positiv konsekvens.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	(Vurdering av om nye utbyggingsområde kan gi endra risikobilde, eller utbyggingsområdet ligg i eit risikoutsett område. Kan gi endra behov for førebygging og normalisering ved uføresette hendingar.)	
Folkehelse	Ligg sentralt til for at mange kan nå Frå og til området er det mulegheit for å gå og sykle til viktige funksjonar og kvardagsaktivitetar. Vil kunne ha tilgjengelege bygningar, uteområde og tenestar for alle. Ubetydeleg positiv konsekvens.	
Estetikk og arkitektur	Området har variert bebyggelse som gir eit noko redusert totalinntrykk. Tiltaket kan vere med på å betre dei visuelle kvalitetane i området. Ubetydeleg positiv konsekvens.	
Barn og unge	Mange barn og unge oppheld seg og ferdast i området. Tiltaket må ta omsyn til dette i vidare planlegging.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket er i samsvar med strategiar om sentrumsutvikling og fleire andre arealstrategiar. Er ikkje i vesentlig strid med arealstrategiar.	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:
Tiltaket er i samsvar med fleire arealstrategiar og vil vere viktig i forhold til å nå målsettingar om utvikling av Volda sentrum. Må ta omsyn til gode løysingar for mjuke trafikantar og spesielt når det gjeld ferdsel og opphald i området for barn og unge.


Konklusjon:
Kan imøtekomast.

UTKAST

Område nr. KU BS4

Eigedom:	19/94	Forslagsstillar:	Volda kommune
Formål i dagens kommuneplan:	Forretning, kontor, bustad	Skildring av tiltak:	Ønskjer å kunne nytte arealet til sentrums-formål.
Gjeldande reguleringsplan:	Skjellebreida 2003002		
Foreslått formål:	Sentrumsformål		
Areal:	ca. 0,6 daa.		

Kartutsnitt
t.v. gjeldande plan
t.h. innspel






Tema	Vurdering	Konse-kvens
Miljø		
Forureining	Ikkje kjennskap til forureining i området. Krav til utslepp vert ivareteke i RP. Ubetydeleg konsekvens.	
Landbruk og jordressursar	Ikkje relevant jf. anna formål i gjeldande plan. Ubetydeleg konsekvens.	
Naturmangfald og naturmiljø	Planert flate. Grensar mot kantsone langs bekk som mest sannsynleg er ein del av økologisk funksjonsområde for viktige artar. Området har liten verdi for naturmangfald. Ubetydeleg konsekvens.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert at området har kulturminne, eller er ein del av eit viktig kulturmiljø. Ubetydeleg konse-kvens.	
Landskap	Planert flate utan landskapsmessige kvalitetar. Kantsone langs bekk har landskapsmessig verdi som grøntdrag. Middels negativ konsekvens.	
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Det er ikkje registrert at området har verdi som friluftsliv, nærmiljø eller grønstruktur. Tiltaket kan medføre ned-bygging. Ubetydeleg konsekvens.	
Energiforbruk og energiløysingar	Større utbygging bør kunne nytte framtidsretta lavenergiløysingar. Ubetydeleg konsekvens.	
Klima	Større utbygging som gir tette flater med hurtig avrenning. Må sikre gode lokale løysingar for håndtering av overvatn.	
Vassmiljø og verna vassdrag	Håmyrelva kan ha viktig vassmiljø av lokal betydning som gir middels verdi. Tiltaket vil kunne forringe kvalitetar. Middels negativ konsekvens.	
Strandsone langs sjø og vassdrag	Tiltaket ligg ikkje i strandsona. Ubetydeleg konsekvens.	
Samfunn		
Transport og trafikk	Tiltaket ligg ved sentral samleveg med stor trafikk, men muleg med direkte tilkomst for sentrumsfunksjonar. Ubetydeleg konsekvens.	
Teknisk infrastruktur	Kan truleg nytte eksisterande infrastruktur. Ubetydeleg konsekvens.	
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Tiltaket vil kunne gi auka busetting i indre sentrumssone, som vil gi driftsfordelar for offentleg tenstetilbod. Ubetydeleg positiv konsekvens.	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Området har marine avsetningar og kan vere utsett for flaum. Ulukkespunkt ved området. Stor negativ konse-kvens.	
Folkehelse	Frå området er det mulegheit for å gå og sykle til viktige funksjonar og kvardagsaktivitetar. Vil kunne ha tilgjen-gelege bygningar, uteområde og tenestar for alle. Ubetydeleg positiv konsekvens.	
Estetikk og arkitektur	Området har liten verdi når det gjeld estetikk og arkitektur. Transformasjon av området kan vere positivt. Ubety-deleg konsekvens.	
Barn og unge	Mange barn og unge oppheld seg og ferdast i området. Tiltaket må ta omsyn til dette i vidare planlegging.	
Forholdet til strategiar om arealbruk	Tiltaket er i samsvar med strategiar om sentrumsutvikling og fleire andre arealstrategiar. Er ikkje i vesentlig strid med arealstrategiar.	

Samla vurdering og eventuelle avbøtande tiltak eller alternativ:
Tiltaket er i samsvar med fleire arealstrategiar og vil vere viktig i forhold til å nå målsettingar om utvikling av Volda sentrum. Må ta omsyn til gode løysingar for mjuke trafikantar og spesielt når det gjeld ferdsel og opphald i området for barn og unge.

Konklusjon:
Kan imøtekomast med vilkår om avbøtande tiltak.



Volda kommune

Komuneplanens arealdel 2018 - 2030

Teiknforklaring	Nåværende	Framtidig
Kommuneplanar PBL 2008		
§11-7. Nr. 1 - Bebyggelse og anlegg		
Bustader	B	B
Fritidsbusetnad	BFR	BFR
Sentrumsformål		BS
Forretningar	BF	
Offentleg eller privat tenesteyting	BOP	BOP
Fritids- og turistformål	BFT	BFT
Råstoffutvinning	BRU	
Nærings bygningar	BN	
Næringsvirksomhet	BN	
Idrettsanlegg	BIA	
Andre typar bygningar og anlegg	BAB	
Grav- og urnelund	BGU	
Kombinert byggje- og anleggsformål	BKB	BKB
§11-7. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur		
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (areal)	S	
Veg	SV	
Hamn	SHA	
Parkeringsplassar	SPA	
Fjernveg		
Hovedveg		
Adkomstveg		
Gang/sykkelveg		
Skipsled		
§11-7. Nr. 3 - Grønnstruktur		
Grøntstruktur	G	
Naturområde -grønnstruktur	GN	
Friområde	GF	
Park	GP	
§11-7. Nr. 5 - Landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift		
Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift (LNFR)		
LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden	L	
LNFR areal for spreidde bustader- fritidsbygningar eller næringsbygningar m.m. Uttrykket m.m. indikerer anlegg og bygningar som ikkje er ledd i landbruk.	LS	
Spreidde bustader	LSB	LSB
Spreidd fritidsbusetnad	LSF	
Spreidde næringsbygningar	LSN	
§11-7. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone		
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	V	
Småbåthamn	VS	
Akvakultur	VA	
Naturområde	VN	
Friluftsområde	VFR	
Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone	VKA	
§11-8 - Omsynssoner		
Omsyn friluftsliv		
Bevaring naturmiljø		
Bandlegging for regulering etter plan- og bygningslova		
Bandlegging etter lov om kulturminne		
Bandlegging etter andre lover		
Gjeldande reguleringsplan skal framleis gjelde		
§12-7 - Bestemmelseområder		
krav om reguleringsplan		
Linjesymbol		
KpArealGrense		
KpAngittHensynGrense		
KpBåndleggingGrense		
KpDetaljeringGrense		
KpGrense		
Byggegrense		
Forbudsgrense sjøen		
Strandlinje sjø		
Strandlinje vassdrag		

Dette er eit foreløpig arbeidsutkast der ikkje alle planformål er oppdatert og kvalitetssikra.

Kartopplysningar

Kjelde for basiskart:

Dato for basiskart:

Koordinatsystem: UTM sone 32 basert på EUREF89/WGS84

Høgdegrunnlag: NN2000

Ekvidistanse 5 m

Kartmålestokk: 1:50000 m

0 2,5 5 7,5 10 m

N

Kommuneplanens arealdel
Arealdel 2018 - 2030
Med tilhøyrande føresegner
Volda kommune

Arealplan-ID: **1519_2016005**

Forslagstillar: **Volda kommune**

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA	SAKS-NR.	DATO	SIGN.
Dato Revisjon			
Dato Revisjon			
Dato Revisjon			
Kommunestyret sitt vedtak			
Ny 2. gongs handsaming			
Offentleg ettersyn frå ..... til			
2. gongs handsaming			
Offentleg ettersyn frå ..... til			
1. gangs behandling			
Kunngjering av oppstart av planarbeid			
Oppstartsmøte.....			
PLANEN ER UTARBEIDD AV:	**TEGNNR.**	**DATO**	**SIGN.**
	KPA-01	28.08.2018	HI

Det stadfestas at planen er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak

Dato Formål

Volda kommune

Komuneplanens arealdel 2018 - 2030

Teiknforklaring	Nåværende	Framtidig
Kommuneplanar PBL 2008		
§11-7. Nr. 1 - Bebyggelse og anlegg		
Bustader	B	B
Fritidsbusetnad	BFR	BFR
Sentrumsformål		BS
Forretningar	BF	
Offentleg eller privat tenesteyting	BOP	BOP
Fritids- og turistformål	BFT	BFT
Råstoffutvinning	BRU	
Nærings bygningar	BN	
Næringsvirksomhet	BN	
Idrettsanlegg	BIA	
Andre typar bygningar og anlegg	BAB	
Grav- og urnelund	BGU	
Kombinert byggje- og anleggsformål	BKB	BKB
§11-7. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur		
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (areal)	S	
Veg	SV	
Hamn	SHA	
Parkeringsplassar	SPA	
Fjernveg		
Hovedveg		
Adkomstveg		
Gang/sykkelveg		
Skipsled		
§11-7. Nr. 3 - Grønnstruktur		
Grøntstruktur	G	
Naturområde -grønnstruktur	GN	
Friområde	GF	
Park	GP	
§11-7. Nr. 5 - Landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift		
Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift (LNFR)		
LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden	L	
LNFR areal for spreidde bustader- fritidsbygningar eller næringsbygningar m.m. Uttrykket m.m. indikerer anlegg og bygningar som ikkje er ledd i landbruk.	LS	
Spreidde bustader	LSB	LSB
Spreidd fritidsbusetnad	LSF	
Spreidde næringsbygningar	LSN	
§11-7. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone		
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	V	
Småbåthamn	VS	
Akvakultur	VA	
Naturområde	VN	
Friluftsområde	VFR	
Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone	VKA	
§11-8 - Omsynssoner		
Omsyn friluftsliv		
Bevaring naturmiljø		
Bandlegging for regulering etter plan- og bygningslova		
Bandlegging etter lov om kulturminne		
Bandlegging etter andre lover		
Gjeldande reguleringsplan skal framleis gjelde		
§12-7 - Bestemmelseområder		
krav om reguleringsplan		
Linjesymbol		
KpArealGrense		
KpAngittHensynGrense		
KpBåndleggingGrense		
KpDetaljeringGrense		
KpGrense		
Byggegrense		
Forbudsgrense sjøen		
Strandlinje sjø		
Strandlinje vassdrag		

Dette er eit foreløpig arbeidsutkast der ikkje alle planformål er oppdatert og kvalitetssikra.

Kartopplysningar

Kjelde for basiskart:

Dato for basiskart:

Koordinatsystem: UTM sone 32 basert på EUREF89/WGS84

Høgdegrunnlag: NN2000

Ekvidistanse 5 m

Kartmålestokk: 1:50000 m

0 12.5 25 37.5 50 m

N

Kommuneplanens arealdel
Arealdel 2018 - 2030
Med tilhøyrande føresegner
Volda kommune

Arealplan-ID: **1519_2016005**

Forslagsstillar: **Volda kommune**

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA	SAKS-NR.	DATO	SIGN.
Dato Revisjon			
Dato Revisjon			
Dato Revisjon			
Kommunestyret sitt vedtak			
Ny 2. gongs handsaming			
Offentleg ettersyn frå ..... til			
2. gongs handsaming			
Offentleg ettersyn frå ..... til			
1. gangs behandling			
Kunngjering av oppstart av planarbeid			
Oppstartsmøte.....			

PLANEN ER UTARBEIDD AV:	TEGNNR.	DATO	SIGN.
	KPA.01	28.08.2018	HI

Det stadfestas at planen er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak

Dato Plansjef

Volda kommune

Komuneplanens arealdel 2018 - 2030

Teiknforklaring	Nåværende	Framtidig
Kommuneplanar PBL 2008		
§11-7. Nr. 1 - Bebyggelse og anlegg		
Bustader	B	B
Fritidsbusetnad	BFR	BFR
Sentrumsformål		BS
Forretningar	BF	
Offentleg eller privat tenesteyting	BOP	BOP
Fritids- og turistformål	BFT	BFT
Råstoffutvinning	BRU	
Nærings bygningar	BN	
Næringsvirksomhet	BN	
Idrettsanlegg	BIA	
Andre typar bygningar og anlegg	BAB	
Grav- og urnelund	BGU	
Kombinert byggje- og anleggsformål	BKB	BKB
§11-7. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur		
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (areal)	S	
Veg	SV	
Hamn	SHA	
Parkeringsplassar	SPA	
Fjernveg		
Hovedveg		
Adkomstveg		
Gang/sykkelveg		
Skipsled		
§11-7. Nr. 3 - Grønnstruktur		
Grøntstruktur	G	
Naturområde -grønnstruktur	GN	
Friområde	GF	
Park	GP	
§11-7. Nr. 5 - Landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift		
Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift (LNFR)		
LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden	L	
LNFR areal for spreidde bustader- fritidsbygningar eller næringsbygningar m.m. Uttrykket m.m. indikerer anlegg og bygningar som ikkje er ledd i landbruk.	LS	
Spreidde bustader	LSB	LSB
Spreidd fritidsbusetnad	LSF	
Spreidde næringsbygningar	LSN	
§11-7. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone		
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	V	
Småbåthamn	VS	
Akvakultur	VA	
Naturområde	VN	
Friluftsområde	VFR	
Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone	VKA	
§11-8 - Omsynssoner		
Omsyn friluftsliv		
Bevaring naturmiljø		
Bandlegging for regulering etter plan- og bygningslova		
Bandlegging etter lov om kulturminne		
Bandlegging etter andre lover		
Gjeldande reguleringsplan skal framleis gjelde		
§12-7 - Bestemmelseområder		
krav om reguleringsplan		
Linjesymbol		
KpArealGrense		
KpAngittHensynGrense		
KpBåndleggingGrense		
KpDetaljeringGrense		
KpGrense		
Byggegrense		
Forbudsgrense sjøen		
Strandlinje sjø		
Strandlinje vassdrag		

Dette er eit foreløpig arbeidsutkast der ikkje alle planformål er oppdatert og kvalitetssikra.

Kartopplysningar

Kjelde for basiskart:

Dato for basiskart:

Koordinatsystem: UTM sone 32 basert på EUREF89/WGS84

Høgdegrunnlag: NN2000

Ekvidistanse 5 m

Kartmålestokk: 1:10000 m

0 12.5 25 37.5 50 m

N

Kommuneplanens arealdel
Arealdel 2018 - 2030
Med tilhøyrande føresegner
Volda kommune

Arealplan-ID: **1519_2016005**

Forslagsstillar: **Volda kommune**

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA		SAKS-NR.	DATO	SIGN.
Dato	Revisjon			
Dato	Revisjon			
Dato	Revisjon			
Kommunestyret sitt vedtak				
Ny 2. gongs handsaming				
Offentleg ettersyn frå ..... til				
2. gongs handsaming				
Offentleg ettersyn frå ..... til				
1. gangs behandling				
Kunngjering av oppstart av planarbeid				
Oppstartsmøte.....				
PLANEN ER UTARBEIDD AV:		**TEGNNR.**	**DATO**	**SIGN.**
		KPA.01	28.08.2018	HI

Det stadfestas at planen er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak

Dato Rettsleg



FØRESEGNER OG RETNINGSLINER

KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL

Volda kommune

Arbeidsutkast. Dato: 27. august 2018

INNLEIING

Kommuneplanen sin arealdel er utarbeid med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 11-5. Kommuneplanen sin arealdel består av ein planomtale, plankart og føresegner. Dette dokumentet inneheld føresegner og retningsliner knytt til Volda kommune sin kommuneplan.

Føresegnene er saman med plankartet juridisk bindande for framtidig arealbruk og vert lagt til grunn ved all planlegging og sakshandsaming av enkeltsaker innan planområdet. Det er ikkje høve til å ta i bruk, dele og/eller bebygge ein eigedom på anna måte enn det som er fastsett på plankartet eller i føresegnene, jf. pbl § 1-6.

Retningsliner er ikkje juridisk bindande. Retningslinene utfyllar føresegnene og angir viktige omsyn og vurderingstema for vidare planlegging, forvaltning og sakshandsaming. Retningslinene viser også til temaplanar, temakart og nasjonale eller lokale rettleiarar. Retningsliner er vist i *kursiv*.

Kommunen sine parkeringsvedtekter (frå 2005) basert på plan- og bygningslova frå 1985 vert erstatta av føresegner i dette dokumentet.

INNHALD

	INNLEIING	s. 2
	INNHALD	s. 3
	FØRESEGNER	s. 4
1	Verknad av planen (pbl § 11-5)	s. 4
1.1	Planar som vert oppheva	
2	Generelle føresegner til kommuneplanen sin arealdel (pbl § 11-9)	s. 5
2.1	Krav om reguleringsplan (pbl § 11-9 nr. 1)	s. 5
2.2	Krav til reguleringsarbeid (pbl § 11-9 nr. 8)	s. 5
2.3	Utbyggingsavtalar (pbl § 11-9 nr. 2)	s. 9
2.4	Krav til infrastruktur (pbl § 11-9 nr. 3)	s. 9
2.5	Rekkjefylgjekrav (pbl § 11-9 nr. 4)	s. 10
2.6	Byggegrenser (pbl § 11-9 nr. 5)	s. 10
2.7	Universell utforming (pbl § 11-9 nr. 5)	s. 10
2.8	Leike-, ute og opphaldsplassar (pbl § 11-9 nr. 5)	s. 11
2.9	Skilt og reklame (pbl § 11-9 nr. 5)	s. 11
2.10	Sykkelparkering (pbl § 11-9 nr. 5)	s. 12
2.11	Parkeringsplassar for bil (pbl § 11-9 nr. 5)	s. 13
2.12	Avkøyrsle frå kommunal veg (pbl § 11-9 nr. 5)	s. 14
2.13	Estetikk (pbl § 11-9 nr. 6)	s. 14
2.14	Omsyn til eksisterande bygningar og anna kulturmiljø (pbl § 11-9 nr. 7)	s. 15
2.15	Landskap og grøntstruktur (pbl § 11-9 nr. 6)	s. 16
3	Retningsliner til kommuneplanen sin arealdel	
3.1	Senterstruktur og funksjonsfordeling (handel mv.)	
4	Føresegner til arealformål (pbl § 11-10 og 11-11)	
4.1	Bebyggelse og anlegg (pbl § 11-10)	
4.2	Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 11-10)	
4.3	Grønnstruktur (pbl § 11-10)	
4.4	Landbruks-, natur- og friluftsformål (pbl § 11-11)	
4.5	Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (pbl § 11-11)	
5	Føresegner til omsynssoner (pbl § 11-8)	
5.1	Sikrings-, støy- og faresoner (pbl § 11-8a)	
5.2	Særlege krav til infrastruktur (pbl § 11-8b)	
5.3	Særlege omsyn (pbl § 11-8c)	
5.4	Bandlegging (pbl § 11-8d)	
5.5	Krav om felles planlegging (pbl § 11-8e)	
5.6	Sone der reguleringsplan framleis skal gjelde (pbl § 11-8f)	
6	Retningsliner for handsaming av frådelings- og byggjesaker	
6.1	Handsaming av søknader om dispensasjon frå planen	

FØRESEGNER

1 Verknad av planen (pbl § 11-5)

1.1 Planar som vert oppheva

Fylgjande kommune- og kommunedelplanar vert oppheva som følgje kommuneplanen sin arealdel:

Namn:	**Planid:**
- Kommuneplanen sin arealdel	1990004
- Kommunedelplan for Aldalen og Hjartåbygda	1996003
- Kommunedelplan for Bjørkedalen	2003004
- Kommunedelplan for Dalsbygd	1994008
- Kommunedelplan for Dravlaus	1994009
- Kommunedelplan for Folkestad	2006001
- Kommunedelplan for Fyrde	1993002
- Kommunedelplan for Grøndalen	1997009
- Kommunedelplan for Høydal	1994005
- Kommunedelplan for Lid og Berknes	1990009
- Kommunedelplan for Steinsvik og Åmelfot	1994006
- Kommunedelplan for Straumshamn	1994007
- Kommunedelplan for Ulvestadbygda	1994010
- Kommunedelplan for Volda sentrum	2007010
- Kystsoneplanen	2003001

Fylgjande reguleringsplanar vert oppheva som følgje av kommuneplanen sin arealdel:

Namn:	**Planid:**
-	
-	

Områder der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde er markert i plankartet med omsynssone xxx og er lista opp under kapittel x.x Omsynssoner. Ved eventuell motstrid går ny plan med føresegner føre eldre plan for same areal.

2 Generelle føresegner til kommuneplanen sin arealdel (pbl § 11-9)

2.1 Krav om reguleringsplan (pbl § 11-9 nr. 1)

§ 2.1.1 Områder med plankrav

a. I område for Bebyggelse og anlegg, i område avsett til Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur og for større tiltak i område avsett til Grønstruktur kan tiltak etter § 1-6, jf. kap. 20 i pbl inkludert frådeling, ikkje setjast i verk før områda inngår i godkjend reguleringsplan.

b. Områder med krav om områderegulering er vist i tabell 1. Områda med krav om detaljregulering kan også inngå i ein større områderegulering der dette er føremålstenleg.

Områderegulering jf. pbl § 12-2
BX, BX, BX

Tabell 2.1: Kvart av områda med krav om detaljreguleringsplan skal planleggast samla, med mindre det kan dokumenterast som forsvarleg å dele områda i fleire delområde.

§ 2.1.2 Utarbeiding av detaljregulering

Der det i gjeldande reguleringsplan er krav om utbyggingsplan eller bebyggelsesplan (§ 28-2 i pbl av 1985), skal det heretter utarbeidast detaljregulering.

Områder med plankrav bør så langt råd planleggast samla. Dersom dette ikkje vert gjort, må det dokumenterast at det er forsvarleg å dele dei opp i fleire delområde.

§ 2.1.3 Unntak frå plankrav

For bustadområde som i dag er heilt eller delvis utbygde til bustadføremål, men som ikkje har gjeldande reguleringsplan, kan fylgjande byggast ut utan plankrav: Nye bustadar med maks to bueiningar eller tilbygg/påbygg, bruksendring, garasje og liknande på bebygd eigedom. Føresegnene i kapittel 4.1: Bebyggelse og anlegg skal leggast til grunn ved slik utbygging. Utbyggingsprosjekt med to eller fleire bustadbygg skal regulerast.

2.2 Krav til reguleringsarbeid (pbl § 11-9 nr. 8)

§ 2.2.1 VA-rammeplan

For alle planframlegg med bebyggelse og anlegg skal det utarbeidast ein VA-rammeplan (overordna vass- og avlaupsplan) i samsvar med kommunen sin VA-norm.

VA-rammeplanen tek for seg tema som grøfter og leidningsutføring, overvatn, sløkkevatn, spillvatn, vatn- og avlaupsanlegg og vassforsyning.

§ 2.2.2 Handtering av overvatn

a. Handsaming av overvatn skal vere utgreiingstema ved alle planar for utbygging. Ny utbygging skal ikkje medføre auka utslepp til vassdrag i form av forureining.

b. Ved berekning av overvatn og vassvegar skal ein legge til grunn 200-års flaum med 40 % klimapåslag som dimensjonerande faktor.

c. Overvatn skal hovudsakleg takast hand om lokalt og ope, dvs. gjennom infiltrasjon og fordrøyning i grunnen og opne vassvegar, utslepp til resipient, eller på annan måte utnytta som ressurs, slik at vatnet sitt naturlege kretsløp vert ivareteke og naturen si sjølvreinsingsevne vert utnytta. Ein skal prøve å få til fleirfunksjonelle løysingar.

d. Ved regulering og seinast ved søknad om tiltak, skal det gjennomførast ROS-analyse som dokumenterer korleis avrenninga og avrenningsfarta endrast og vert teke i vare.

§ 2.2.3 Krav til sløkkevatn

Tilstrekkeleg sløkkevasskapasitet skal undersøkast og gjerast greie for ved alle utbyggingar.

§ 2.2.4 Flaumvegar

a. Naturlege flaumvegar skal kartleggast og det skal visast korleis dei vert teke i vare. Der det er behov skal det avsettast areal for nye flaumvegar.

b. Bygningar og anlegg ved flaumvegar skal utformast slik at tilstrekkeleg tryggleik både innanfor og utanfor reguleringsområdet er teke i vare.

§ 2.2.5 Havnivåstigning og stormflo (bølgepåverknad)

a. Reguleringsplanar og tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 (byggesak) som rører ved sone for havnivåstigning, skal planleggast og utformast slik at ein oppnår tilstrekkeleg sikkerheit. Behov for risikoreduserande tiltak skal alltid vurderast.

b. Vurderingar knytt til havnivåstigning, stormflo og bølgjepåverknad skal utførast etter gjeldande råd frå Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap.

c. Ved tiltak i strandsona skal det takast omsyn til nivået for 200-års stormflo. Fundament og lager kan etablerast lågare så framt konstruksjonen er dimensjonert for 200-års stormflo, jf. pbl § 11-9, nr. 5.

§ 2.2.6 Skred- og flaumfare

a. Sikkerheit i høve til skred skal dokumenterast i samband med utarbeiding av reguleringsplan. NVE sine gjeldande retningsliner skal leggjast til grunn i plan- og byggesakshandsaminga.

b. Bygningar og anlegg skal utformast på ein slik måte at naturlege flaumvegar vert ivaretekne og slik at ein oppnår tilstrekkeleg sikkerheit mot flaumskadar.

c. I 100-metersbeltet langs sjøen, og for område langs vassdrag og større elvar inntil 50 m frå strandlinje målt i horisontalplanet ved høgste vanlege flaumvasstand, skal det takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser, jf. pbl § 1-8. Langs mindre elvar og bekkar gjeld ei grense på 20 meter.

§ 2.2.7 Forureina grunn

Alle tiltak skal planleggast og gjennomførast slik at forureining frå grunnen ikkje kan føre til helse- eller miljøskade.

I område der det kan være forureina grunn, skal tiltakshavar sørge for at det blir utført nødvendige undersøkingar for å få klarlagt omfanget og verknaden av ei eventuell forureining. Dersom forureining vert påvist, skal det utarbeidast og godkjennast ein tiltaksplan, jf. forurensningsforskriften kap. 2.

§ 2.2.8 Støy

a. Alle tiltak skal planleggast slik at støytilhøva innandørs og utandørs vert tilfredsstillande. Miljødepartementet sin Retningsline for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442), skal leggast til grunn for planlegging og tiltak etter pbl § 20-1.

Retningslinene skal også fylgjast ved planlegging av landingsplass og nye trasear for helikopterflyging.

Ved etablering av støyfølsame bruksformål kan kommunen krevje ein støyfagleg utgreiing dersom det ikkje er utarbeida støysonekart for området, og dersom ein har grunn til å tru at støynivået overskrider nedre grense for gul sone. Med støyfølsame bruksformål meinast barnehagar, bustadar, fritidsbustadar, pleieinstitusjonar, skular og sjukehus.

b. Ved etablering av nye bygningar med støyfølsame bruksformål i gul sone, skal det utarbeidast ein støyfagleg utgreiing som synleggjer støynivå ved ulike fasadar på dei aktuelle bygningane, og på uteopphaldsareal. Det tillatast støyfølsam bruksformål i gul støysone, dersom bebyggelsen har ein stille side og tilgang til egna uteopphaldsareal med tilfredsstillande støynivå.

c. I raud støysone tillatast det ikkje støyfølsam arealbruk. Etablering av nye bustadar kan likevel vurderast i indre sentrumssone og andre viktige fortettingsområde langs kollektivtrasear dersom bueiningane er gjennomgåande og har ein stille side. Minst halvparten av rom for varig opphald og minst eit soverom skal vende mot stille side. Støykrav for uteopphaldsareal skal vere tilfredsstilt.

Støyande næringsaktivitet bør ikkje etablerast i same bygning som bustadar. I plan- og byggesaker for støyande næringsverksemd skal det fastsettast maksimumsgrenser for støy for tidsrommet 23.00—07.00 og på søn- og heilagdagar, maksimumsgrenser for dag og kveld og ekvivalente støygrenser.

Ved planforslag eller søknad om tiltak som kan auke støytilhøva, kan kommunen krevje ein støyfagleg utgreiing med berekning og kartfesting av støysoner. Utgreiinga skal vise påverknad på nærliggande støyfølsame bruksformål og innehalde forslag til avbøtande tiltak med vurdering av effekten av desse.

Det tillates ikke støyfølsam bebyggelse i raud støysone med brudd på forurensningsforskriften.

§ 2.2.9 Hushaldningsavfall og næringsavfall

a. Det skal leggast ved ein plan for oppsamling og tømming av avfall.
b. Nedgravde avfallsløysningar for husholdningar skal vere universelt utforma.
c. Krav til avfallsløysing for nye hushald etter bustadtettleik:

Oppsamlingstype	**Tal bustadar**
Småbehaldar på hjul	under 10 bustadar
Nedgreve avfallsløysing (eller tilsvarande løysingar)	Over 10 bustadar

Tabell 2.2: Krav til avfallsløysing for nye hushald etter bustadtettleik.

d. Handtering av næringsavfall skal løsast på eigen grunn og fortrinnsvis innomhus. Utomhus skal det tilstrebast nedgravde oppsamlingsløsninger. Nedgravde avfallsløsninger skal være universelt utformet.

Under planlegging, etablering og drift må ein vere særskilt merksam på fylgjande tilhøve:

- *Det bør etablere rutinar for samhandling med andre organ som har ansvar for infrastruktur på og under bakken (elektrisitet, tele, kabel-TV, fjernvarme, veg, vatn og avlaup) ved planlegging av tiltak.*
- *Plasseringa må ikkje vere til hinder for vedlikehald av kommunale vegar, fortau og plassar. Det må takast særskilt omsyn til snøbrøyting og snøopplag.*
- *Det skal takast omsyn til bustadmiljø og omgjevnader ved val av plassering.*
- *Tiltaket må visast i teknisk plan og takast med i utbyggingsavtaler.*
- *God tilkomst og tryggleik må vektleggjast.*
- *Fleire sorteringsfraksjonar kan bli aktuelle og dette må det takast omsyn til ved planlegging av nye tiltak.*
- *Det skal leverast data av innmålte tiltak til kommunen på format som kan leggjast inn i kommunal kartbase.*
- *Nedgravne avfallsløysingar skal ikkje medføre luktplager for omgjevnadene.*

2.2.10 Krav til bygge- og anleggsfasen

a. Krav til bygge- og anleggsfasen skal vurderast i reguleringsplanen.

I reguleringsplanen kan ein t.d. vurdere tidsavgrensingar knytt til støy i bygge- og anleggsfasen, føresegner knytt til massetransport eller krav til tiltak for mjuke trafikantar.

b. For å oppnå akseptable støy- og luftkvalitetstilhøve i anleggsfasen, skal støygrenser som angitt for bygge- og anleggsverksemd i Miljøverndepartementet sine Retningslinjer for behandling av støy i arealplanleggingen (T-1442), og luftkvalitetsgrenser angitt i Retningslinjer for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging (T-1520), vere rettleiande.
c. Det skal settast krav om plan for vern av omgjevnadene i bygge- og anleggsfasen, som skal godkjennast før igangsettingsløyve vert gitt. Planen skal gjere greie for trafikkavvikling, massetransport, massehandtering, driftstider, trafikktryggleik for gåande og syklande, støytilhøve, ristingar og vibrasjonar, reinhald og støvdemping. Naudsynte tiltak skal vere etablert før bygge- og anleggsarbeid kan settast i gong.

§ 2.2.11 Energibruk i bygg

a. Ved planlegging av tiltak skal miljøvennlege alternative energikjelder/løysingar vurderast.
b. Ved lokalisering og orientering av bebyggelse skal det takast omsyn til klimatiske tilhøve, inkludert sol, vind, kaldras o.l. på ein slik måte at ein reduserer energiforbruket mest mogleg.

§ 2.2.12 Barn og unge

a. I all planlegging skal ein ta omsyn til barn og unge sine aktivitetsområde og ferdselsårer. Det skal takast særleg omsyn til trafikksikre snarvegar, gang- og sykkelforbindelsar og varierte aktivitetsområde. Der det er gjennomført registreringar av barnetrakk skal desse takast omsyn til.
b. Det skal synleggjerast korleis krav til leikeplassar er oppfylt (sjå krav i kapittel 2.8).

c. Barn og unge skal inviterast til å medverke i saker som angår dei.
d. Planar som gjeld barn og unge skal leggast fram for barne- og ungerepresentanten. Barne- og ungerepresentanten skal ha ein aktiv rolle i planprosessen.

§ 2.2.13 Folkehelse

a. Folkehelse skal vere eit overordna prinsipp i alle planar.

Virkemidler for å fremme folkehelsen kan blant annet være universell utforming, miljøfaktorer (støy og luftkvalitet), andre helsefremmende faktorer (tilgang til grøntarealer, tilrettelegging for fysisk aktivitet, solforhold), kriminalitets- og ulykkesforebygging og tiltak for å utjamne sosiale helseforskjellar, som sosiale møteplassar. Reguleringsplan skal gjere rede for verknadar for folkehelse i planområdet og i influensområder.

§ 2.2.14 Transport

a. Det skal takast omsyn til verknadar for trafikktryggleik og framkome på berørt vegnett. Tilgjenge for gåande, syklande og reisande med kollektivtransport skal visast.
b. Kollektivtransporten sin framkome skal sikrast på alle hovudruter.
c. Hovudruter for sykkel skal sikrast og etablerast i samsvar med Hovudplan for sykkel. Nye utbyggingsområder skal leggast til rette med effektive sykkelforbindelsar til hovudvegnettet.
d. Korte og trafikksikre gangsamband til viktige målpunkt, inkludert lokale tenestetilbod og kollektivhaldeplassar, skal takast i vare.
e. I nye bustadområde skal ferdselsårar for gåande og syklande vurderast isolert.

Gåande og syklande går ikkje alltid langs bilvegane, men nyttar snarvegar der det er mogleg. I reguleringsplanar for nye bustadområde skal ein vurdere ferdselsårar for gåande og syklande isolert, og legge til rette for effektive snarvegar/gang- og sykkelvegar uavhengig av kvar bilvegane går.

Statens vegvesen sine handbøker N100 Veg og gateutforming og N200 Vegbygging skal vere rettleiande for dimensjonering og utforming av gang- og sykkelvegar. Hovudstrukturen skal ha universell utforming. Dersom korte gangsamband ikkje kan foreinast med universell utforming, skal ulike kompromissar vurderast.

f. Ved etablering av næringsverksemd skal det leggast til rette for trafikksikker og effektiv varelevering, primært på eiga grunn.
g. Hovud-, og samle- og sidevegar skal gi god og trafikksikker framkome. Dette oppnår ein ved ein restriktiv haldning til nye avkøyrsle og opparbeiding av sikre traséar og kryssingspunkt for gåande og syklande (sjå temakart infrastruktur).
h. Langs kommunale vegar tillatast ikkje tiltak som kan hindre opplag av snø innanfor ein avstand av minimum to meter frå ytre vegkant eller regulert vegkant.

§ 2.2.15 Parkering

a. Planframlegget må vise korleis parkeringsbehovet er løyst for planområdet.

§ 2.2.16 Bevaring av matjord i utbyggingsområder

a. I reguleringsplanar og tiltak der jordvernet må vike for utbyggingsføremål skal det settast krav om utarbeiding av ein plan for bevaring eller gjenbruk av matjord. Planen skal godkjennast av landbruksavdelinga og fylgje ved søknad om rammeløyve.
b. Gjenbruk av matjord skal knytast til nydyrking, jordforbetring eller andre jordbruksføremål. Det krevjast dokumentasjon på at matjord som flyttast skal nyttast til jordbruksføremål eller deponerast på godkjent deponi for mellomlagring.

Det er utbygger sitt ansvar å ta i vare matjorda og sjå til at den vert nytta i tråd med føresegnene. Transport av massane skal vere innan rimeleg avstand. Dokumentasjon skal visast ved rammesøknad og kan til dømes vere skriftleg avtale mellom utbyggar og grunneigar.

§ 2.2.17 Retningsliner for privat framlegg til detaljregulering

2.3 Utbyggingsavtalar (pbl § 11-9 nr. 2)

§ 2.3.1 Geografisk avgrensing

a. Det kan inngåast utbyggingsavtale i heile kommunen når ein eller fleire føresetnadar om avtaleinngåing er til stades.

b. Det kan gjerast meir spesifikke vedtak i samsvar med pbl kapittel 17.

§ 2.3.2 Innhald i utbyggingsavtalar

Utbyggingstaler skal vere underteikna før igangsettingsløyve gis, der utbygging i samsvar med vedteke arealplan (kommuneplan, kommunedelplan eller reguleringsplan) med tilhøyrande føresegner også føreset bygging eller oppgradering av offentlege anlegg og/eller tilpassing til slike anlegg. Med offentlege anlegg meinast alle anlegg/tiltak som er vist som offentleg regulerte formål i reguleringsplan eller som fylgjer av føresegner til planen (som til dømes teknisk infrastruktur og offentlege friområde. Som offentlege anlegg reknast også anlegg knytt til overvatn, renovasjonsanlegg og leidningar for vatn, avlaup, fjernvarme mv.).

§ 2.3.3 Bustadsosiale tiltak

Utbyggingsavtale føresettast inngått der kommunen ynskjer å stille krav om tal bustadar i eit område, største og minste bustadstørrelse, nærare krav til bygningars utforming og/eller fortrinnsrett til å kjøpe ein del av bustadane til marknadspris (jf. pbl § 17-3).

§ 2.3.4 Hovudprinsipp for kostnadsfordeling

Utbyggarar innanfor eit utbyggingsområde ber sjølv alle utbyggingskostnadar med tilrettelegging av teknisk og blå-grøn infrastruktur som er naudsynt for det enkelte prosjekt eller tiltak (jf. pbl § 17-3).

2.4 Krav til infrastruktur (pbl § 11-9 nr. 3)

§ 2.4.1 Tekniske anlegg og tenester

Oppstart av anlegg på utbyggingsområde kan ikkje skje før kommunaltekniske anlegg og samfunnstenester som energiforsyning, kommunikasjon mv., er etablert eller sikra tilfredsstillande kapasitet.

§ 2.4.2 Vatn og avlaup

a. Offentlege anlegg for vatn og avlaup skal utformast og byggast i samsvar med kommunen sine gjeldande reglar for vatn og avlaup (VA).

b. Einskild anlegg utanfor dekningsområde til offentleg VA skal dimensjonerast i samsvar med gjeldande reglar for vatn og avlaup i Volda kommune.

c. Anlegg for vatn og avlaup i område med fire eller fleire bustadar eller fritidsbustadar, skal vere fellesanlegg dimensjonert i samsvar med reglar for vatn og avlaup.

§ 2.4.3 Vegnett

a. Alle søknadspliktige tiltak etter pbl § 20-1 skal legge særleg vekt på tilgjenge for gåande, syklande og reisande med kollektivtransport, og trafikktryggleik på vegnettet. Hovudplan for veg og Volda kommune sin trafikktryggingsplan skal ligge til grunn for tiltak.

b. Veg-, gang-, og sykkelnett skal dimensjonerast og byggast ut i samsvar med Hovudplan for veg.

§ 2.4.4 Ekomnett (elektronisk kommunikasjonsnett)

Ved regulering eller utbygging av større tiltak knytt til infrastruktur (som til dømes vegprosjekt, leidningsnett, kraftliner, el.) skal det ved behov samtidig leggast til rette for utbetring av ekomnettet (breidband).

2.5 Rekkjefylgjekrav (pbl § 11-9 nr. 4)

§ 2.5.1 Rekkjefylgjekrav

Før framtidige utbyggingsområder takast i bruk skal følgjande tilhøve vere tilfredsstillande teke i vare:

- Naudsynt teknisk infrastruktur (avlaup, energiforsyning, gang- og sykkelveg, overvatn, parkering, renovasjon, sykkelparkering, vatn, veg, veglys, mv.).
- Blå-grønstruktur (t.d. uteopphaldsareal, friområde, leikeplassar og tilkomstar til overordna grønstruktur og gang- og sykkelvegnett).
- Trafikksikre løysningar for mjuke trafikantar, som trygge skulevegar og generelt trygge tilbod langs vegar og ved kryssingspunkt, skal vere etablert før utbyggingsområde takast i bruk.

§ 2.5.2 Rekkjefylgjekrav til bestemte delområde

2.6 Byggegrenser (pbl §11-9 nr. 5)

§ 2.6.1 Langs vassdrag

a. I plansamanheng skal det setjast av tilstrekkeleg breidde på vegetasjonsbeltet langs vassdrag som er del av grønstrukturen.

b. For vassdrag med årssikker vassføring: der anna ikkje er fastsett i planen, gjeld generelle kantsonar frå normal strandlinje: 20 meter på kvar side av elver og bekkar, 50 meter på kvar side av større elver, tjørn og vatn.

c. Tiltak som fremmar friluftslivet kan tillatast så fremt det ikkje går ut over viktige økologiske funksjonar langs vassdraget.

§ 2.6.2 Langs sjø

a. For nye byggeområde innanfor 100-metersbeltet skal ny byggegrense mot sjø fastsetjast gjennom reguleringsplan.

b. Der hovudvegnettet ligg nærare sjøen enn 100 m er vegen grense for byggeforbodet. 100-metersgrensa gjeld for alle andre område der anna ikkje er fastsett i kommune- eller reguleringsplan.

c. Tiltak som fremmar friluftslivet kan tillatast så fremt det ikkje går ut over viktige økologiske funksjonar i strandsona.

§ 2.6.3 Langs kommunale vegar

a. Der ikkje anna er fastsett i reguleringsplan skal byggegrensene gå i ein avstand på 15 meter frå kommunale vegar. For gang- og sykkelveg er avstanden også 15 meter (jf. veglova § 29). Avstanden skal reknast frå midtlina i høvevis kjørebana, eller gang- og sykkelvegen.

b. Byggverk må ikkje utan særskilt løyve plasserast innafor byggegrensene (jf. veglova § 30). Det same gjeld for vareramper, murar og liknande innretningar, og gjerde som kan hindre fri sikt.

c. Kommunen kan gje påbod om at tre, busker og anna vegetasjon innanfor byggegrenser vert fjerna eller skorne ned dersom det er naudsynt av omsyn til ferdsel eller vegvedlikehald (jf. veglova § 31).

2.7 Universell utforming (pbl § 11-9 nr. 5)

§ 2.7.1 Universell utforming

a. I alle plan- og byggesaker skal det gå fram korleis universell utforming vert ivareteke. Arbeid som er nemnt i pbl § 20-1 og 20-2 kan ikkje settast i gang før tilfredsstillande løysningar for universell utforming er dokumentert, jf. § 5-4 i byggesaksforskriften.

b. Krav til tilgjengelegheit i TEK17 § 12-2 tredje ledd gjeld sjølv om ikkje alle hovudfunksjonar ligg på inngangsplanet.

Nye bustadar bør planleggast med alle hovudfunksjonar (stue, kjøkken, soverom, bad og toalett) på inngangsplanet.

2.8 Leike-, ute- og opphaldsplassar (pbl § 11-9 nr. 5)

Alle bueiningar skal som hovudregel ha tilgang til ein nærleikeplass og ein kvartalsleikeplass i gangavstand frå bustad, i samsvar med tabellen under. Privat uteopphaldsareal kjem i tillegg.

	Maksimal avstand frå bustad	Minimum storleik	Innhald
Minste uteopphaldsareal (MUA)	Del av tomta.	MUA skal være minst 20 % av bruksarealet for bebyggelse på ein tomt.	
Nærleikeplass (5–20 bueiningar per leikeplass)	Konsentrert småhusbusetnad i indre sentrumssone og blokkbusetnad: 50 m Frittliggande småhusbusetnad og konsentert småhusbusetnad utanfor indre sentrumsone: 100 m	200 m^2	Minst to leikeapparat/ installasjonar, benkar, bord, vegetasjon. Både fast og mjukt dekke.
Kvartalsleikeplass (20–200 bueiningar per leikeplass)	300 m	1500 m^2	Minst fire leikeapparat/ installasjonar, benkar, bord, vegetasjon, klatretre. Både fast og mjukt dekke.

Tabell 2.3: Avstands- og arealkrav knytt til MUA, nær- og kvartalsleikeplassar.

§ 2.8.1 Krav til minste uteopphaldsareal (MUA)

a. MUA skal være minst 20 % av bruksarealet for bebyggelse på ei tomt.
b. Areal sett av til uteopphaldsareal skal som hovudregel ikkje vere brattare enn 1:3.

Uteopphaldsareal er dei delane av tomta som er egna til føremålet og som ikkje er bebygd eller avsett til køyring og parkering. Teknisk forskrift inneheld krav til plassering og utforming av uteopphaldsareal. Overbygd del av terrassar og takterrassar kan reknast som uteopphaldsareal. Kommunen kan i reguleringsplanar sette nærare krav til MUA.

§ 2.8.2 Krav til nær- og kvartalsleikeplassar

a. Planlegging og opparbeiding av nær- og kvartalsleikeplassar skal gjerast i samsvar med krav og retningsliner i Volda kommune sin Rettleiar for leike- og aktivitetsområde.
b. Kostnader knytt til opparbeiding og drift må avklarast i utbyggingsavtalen.

2.9 Skilt og reklame (pbl § 11-9 nr. 5)

§ 2.9.1 Plassering

a. Oppføring av skilt og reklameinnretningar er søknadspliktig jf. pbl § 30-3 og veglova § 33.
b. Skilt skal tilfredsstille krav til trafikktryggleik og viktige siktlinjer inn og ut av uterom og gater.
c. Lausfotreklame skal ikkje settast opp i offentlig regulert vegareal (veg, fortau, rabatt). Lausfotreklame skal vere retta mot gåande. Plasseringa skal ta i vare krav til universell utforming og fjernast i butikken si stengetid.
d. Takskilt og skilt på gesims er ikkje tillate.
e. Bevegelege lys og bevegelege skilt tillatast ikkje. Digitale tavler er tillate når desse tek i vare trafikktryggleik og er utforma for de gåande.

Reklameskilt skal tilpassast eksisterande busetnad og omgjevnadar i størst mogleg grad. Dei skal ha storleik, farge og utforming som ikkje er skjemmande. I område med bevaringsverdig bygningsmiljø eller område avsett til spesialområde bevaring/omsynssone eller anna verna busetnad, skal det ved utforming av skilt etter søknad utvisast særleg omsyn til eksisterande bebyggelse. Reklameskilt i anlegg som ligg i nærleiken av natur- og friluftsområde skal formgjevast og plasserast slik at dei ikkje reduserer opplevinga av omgjevnadane for dei som ferdast i området.

Kommunen kan krevje at skilt- og reklameinnretningar vert fjerna i samsvar med lovverk nemnd i § 2.9.1.

2.10 Sykkelparkering (pbl § 11-9 nr. 5)

§ 2.10.1 Lokalisering

a. Oppstillingsplass for syklar avsettast på eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter.

b. Verksemder skal ha lett tilgjengelege sykkelplassar for besøkande nær inngangsparti. Der det er mogleg bør gangavstand til næraste sykkelparkering vere under 25 meter. Parkeringa bør lokaliserast på ein oversikteleg stad med god belysning i område der folk ferdast, slik at sykkeltjuveri i størst mogleg grad forhindrast.

§ 2.10.2 Tal plassar

a. Alle nye tiltak skal ha minimum tal sykkelparkeringar som vist i tabell x.

Institusjon	**Minimum tal sykkelparkeringar**
Bustad	2 plassar per bustad
Skule	0,7 plassar per elev/tilsett
Omsorgsinstitusjonar	0,4 plassar per tilsett + gjesteplassar
Bedrift/kontor/industri	0,4 plassar per tilsett + gjesteplassar
Forretning/detaljhandel/kjøpesenter	2 plassar per 50 m^2 + 0,4 plassar per tilsett
Kultur- og idrettsarenaer	2 sykkelplassar per 10 tilskoderplass
Kollektivknutepunkt	5–10 % av tal reisande per dag


Tabell 2.4: Parkeringstabell for syklar.

b. Større sykkelparkeringsplassar, som til dømes ved boligsameigar, kollektivknutepunkt, arbeidsplassar eller studiestader skal tilby ladepunkt for elsyklar.

2.10.3 Utforming

a. Sykkelstativa skal plasserast slik at syklane ikkje står for tett på kvarandre, og slik at det er tilstrekkeleg plass til å manøvrere syklane inn og ut av stativa.

Figuren under viser døme på storleik for rett sykkelparkering med manøvreringsareal.



Figur 2.1: Dimensjonering av sykkelparkering (mål i meter). Figuren er henta frå Statens vegvesen si sykkelhåndbok.

b. Ferdigattest/bruksløyve vert ikkje gjeve før parkeringskravet er stetta sykkelparkeringsplassar er ferdig opparbeidd.

Anbefalingar for å sikre god kvalitet på sykkelstativ:

- *Lett å få auge på – nær vegnett, godt skilta.*
- *Sjå innbydande ut – estetisk tilpassast omgjevnadar og øvrig gatemøblering.*
- *God tilkomst, opplyst.*
- *Ligge tett ved målet – plassert ved inngang/utgang.*
- *Ligge på naturleg rute mot målet – plassert på rett side.*
- *Tilstrekkeleg tal plassar.*
- *Sikra mot vèr og vind – overdekt eventuelt dekkjer sykkelseta.*
- *Passe til alle typar syklar. Lett å bruke.*
- *Sikra mot tjuveri – sykkelramme og for- eller bakhjul må kunne låsast fast i stativet.*
- *Lett å reinhalde og vedlikehalde – til dømes plassering med tanke på gatefeiing.*

2.11 Parkeringsplassar for bil (pbl § 11-9 nr. 5)

§ 2.11.1 Parkering, personbilar

a. Alle nye tiltak skal ha minimum tal parkeringsplassar som vist i tabell x.x og x.x.

	Indre sentrumssone	**Midtre sentrumssone**	**Øvrige område**
Hybler/ettromsleilegheiter < 40 m²	0,25 per bueining	0,25 per bueining	1 per bueining
Konsentrert småhusbebyggelse og blokkbebyggelse	1 + 0,25 til gjesteparkering per bueining	1,5 per bueining	2 per bueining, der minst 1 må vere overdekt
Frittliggande småhus	1 per bueining	2 per bueining, der minst 1 må vere overdekt	2 per bueining, der minst 1 må vere overdekt

Tabell 2.5: Parkeringstabell bustadhus.

Kontor og forretning	1 bil pr 50 m² BRA
Industri, verkstad og lager	1 bil per 100 m² brutto golvflate BTA.
Bilverkstader og servicestasjonar	3 bilar per 100 m² brutto golvflate BTA.
Hotel	2/3 plass per utleigerom
Restaurantar, kafear ol	1 bil per 5 innandørs sitjeplassar
Skular og barnehagar	1 bil per tilsett
Sjuke- og aldersheimar	1 bil per sengeplass
Forsamlingslokale, her under kyrkjer, bedehus, ungdomshus/grendahus, teater og kino	Fastsetjast etter skjøn, men minst 1 biloppstillingsplass pr. 10 personar ved maks. kapasitet
Fritidsbustadar	1 per fritidsbustad + 0,25 til gjesteparkering
For andre bygningar og anlegg	Fastsetjast etter skjøn

Tabell 2.6: Parkeringstabell offentlege bygg, næringsbygg mm.

b. Parkeringsplassar skal etablerast på eigen grunn eller fellesareal.

c. Ved utforming av parkeringsplassar skal Statens vegvesen si handbok N100 Veg og gateutforming vere rettleiande.

d. I tilknyting til offentlege bygg, næringsbygg, forsamlingslokale og større bustadprosjekt skal minst 10 % av dei fyrste hundre parkeringsplassane, deretter 5 % for dei neste, utformast og reserverast personar med nedsett funksjonsevne.

e. Kommunen kan samtykke i at det i staden for biloppstillingsplassar på eigen grunn eller på fellesareal vert innbetalt eit beløp pr. manglande plass for bygging av offentlege parkeringsanlegg. Kommunen kan krevje at tiltakshavar inngår avtale om betaling av nærare utrekna beløp før igangsetjingsløyve vert gjeve. Avtalen skal kunne tinglysast på eigedomen. Endeleg innbetaling av fastsett/avtalt beløp skal gjerast seinast når bygget/anlegget vert teke i bruk.

f. Frikjøp kan kun tillatast dersom det finst offentlege tilgjengelege parkeringsanlegg innan ein gangavstand på 200 m, og der slik parkering kan prioriterast.

g. Beløp pr. manglande parkeringsplass er fastsett til kr 150 000. Denne summen står fast ut 2018 og vert der etter regulert kvart år pr. 1. januar (første regulering 01.01.2019) i takt med endringa i Statistisk Sentralbyrå sin byggekostnadsindeks for boligblokk. Basis: Indeksen pr. januar 2018.

§ 2.11.2 Parkering, elbil

a. Ved etablering av nye bustadar med felles parkeringsanlegg skal minst 50 % av parkeringsplassane ha ladepunkt for elbilar, og det skal leggast til rette med naudsynt infrastruktur for at resten av parkeringsplassane kan få ladepunkt i framtida.
b. Ferdigattest/bruksløyve vert ikkje gjeve før parkeringsplassane er ferdig opparbeidd, og ladepunkt og naudsynt infrastruktur er etablert.
c. Ved etablering av større parkeringsplassar, som til dømes ved boligsameigar, kollektivknutepunkt, arbeidsplassar eller studiestader, skal minst 20 % av parkeringsplassane ha ladepunkt for elbilar, og det skal leggast til rette med naudsynt infrastruktur for at resten av parkeringsplassane kan få ladepunkt i framtida. Ladepunkta skal vere utforma etter gjeldande retningsliner for elektriske anlegg.
d. Ved etablering av nye bensinstasjonar, eller ved renovering av eksisterande bensinstasjonar, skal det etablerast hurtigladepunkt.

§ 2.11.3 Unntak

a. I staden for biloppstillingsplassar på eigen grunn eller på fellesareal, kan kommunen godkjenne at kravet om biloppstillingsplasser dekkast i separate anlegg eller på areal som er regulert til trafikkområde - parkering, når dette kan betre parkeringstilhøva.
b. Avtale om ein slik ordning skal tinglysast.

2.12 Avkøyrsle frå kommunal veg (pbl § 11-9 nr. 5)

§ 2.12.1 Avkøyrsle frå kommunal veg

a. Opparbeiding eller endring av avkøyrsle frå kommunal veg skal vere i samsvar med kommunen sin hovudplan for veg, og godkjennast av kommunen. Plassering og utforming skal visast på situasjonsplan.
b. Dersom avkøyrsle vert bygt eller nytta i strid med eller utan godkjenning, kan det gjevast pålegg om at avkøyrsle skal stengast, flyttast på eller utarbeidast på nytt i samsvar med føresegner på den ansvarlege sin kostnad, jf. veglova § 42.

2.13 Estetikk (pbl § 11-9 nr. 6)

§ 2.13.1 Estetikk og visuell kvalitet

a. Nybygg og tilbygg/påbygg skal utformast i samspel med omgjevnadene sin karakter og form. Bygningar skal ha form, farge, volum og materialval tilpassa omgjevnadene, dei skal innordne seg terreng, vegetasjon og tomtestruktur, fremje gode gate- og uterom, og ta vare på og utvikle eksisterande vegetasjon og landskapsbilete. Kulturminne med høg verdi og kulturverdiar i bygg og anlegg skal takast i vare, både ved ombyggingar og nybygging. I plan- og byggesaker skal det gjerast ei vurdering av tiltaket sine estetiske sider, både i forhold til seg sjølv, til omgjevnadene og til fjernverknad. Ved utbygging skal det så langt råd er, leggjast vekt på å ta vare på overordna grøntdrag.
b. Dokumentet Bygningsmiljø og estetisk rettleiar skal ligge til grunn for planar og tiltak.

Tiltak i strandsona

- *Der kommuneplanen opnar for fritidsbustadar i strandsona, skal slike bygg utformast utan ruvande volum og med vekt på å ta vare på strandsonenaturen sin karakter.*
- *Sterk fargebruk, også kvit farge, må nyttast med varsemd og med omsyn til karakteren i eventuell kringliggjande busetnad. Visuelle kvalitetar i naturleg terreng og vegetasjon skal søkjast verna.*
- *Anlegg i strandsona skal utformast slik at ein unngår unødige omfattande framføringar av tilkomstvegar. Tilkomst skal i størst mogleg grad samordnast.*

Indre sentrumssone

- *Områdeutbygging i indre sentrumssone skal regulerast med sikte på ein heilskapleg utforming av sentrumsområdet, med vekt på identitet, kvalitet, estetikk og urbane kvalitetar.*
- *Planlegging og utbygging skal styrkje Volda sitt særpreg, og ein skal ta vare på smug, fjordgløtt, uthus og grøne lunger, og sikre eit ope sentrum mot fjorden.*
- *Planframlegg skal følgjast av illustrasjon som realistisk viser korleis ny utbygging vil framtre i høve til annan busetnad og landskap.*

Tiltak i eller nær særlege kulturmiljø eller gamal busetnad

- *Nye bygg i tilknyting til verneverdig miljø skal utformast med omtanke for heilskapen i det aktuelle miljøet.*

Det må dokumenterast med teikningar og utgreiing at tiltaket tek tilstrekkeleg omsyn til miljøet både når det gjeld storleik, proporsjonar, material- og fargebruk.

- *Nye bygg skal som regel ikkje vere stilkopiar av tidlegare bygg på tomta eller nabobygg, men fortelje gjennom formgjeving og materialbruk om eigen tidsepoke. Dette gjeld og ved tilbygg til eksisterande bygg. Unntak frå dette er der det av antikvariske grunnar vert tilrådd gjenreising (til dømes ved brannskader og liknande), eller der det er aktuelt å flytte verneverdige bygg som vert rivne andre stader.*

Spreidd busetnad

- *Der det blir opna for spreidde enkelthus eller bustadklynger, skal desse tilpassast etablert bustadmiljø og landskap i nærområdet.*
- *Små, spreidde reiselivsanlegg skal like eins normalt lokaliserast og leggjast slik at dei føyer seg etter landskapsforma og utnyttar landskapselement.*
- *Bustadhus knytt til gardsbruk, skal plasserast i eit harmonisk tilhøve til eksisterande gardstun og ta omsyn til kulturlandskapet. Så langt det høver, skal nye bustadhus lokaliserast i tilknyting til tunet. Bygningen si orientering, volum og proporsjonar skal supplere og vidareføre det eldre tunet sin visuelle karakter.*

Ombygging, tilbygg og garasjar

- *Ved tilbygging til eksisterande bustadhus eller fritidsbustadar skal opphavleg bygningsvolum – også takform – som ein hovudregel framleis få teikne seg tydeleg.*
- *I proporsjonar, takform, materialbruk og detaljering skal det takast omsyn til eigenarten av eksisterande bygningar. Der ein i tilbygget søkjer formuttrykk som er avvikande frå eldre bygning, skal det liggje føre ei fagleg estetisk grunngjeving.*
- *Tiltaket skal bidra til at uteareal framleis er tiltalande og held god visuell standard.*

Uteområde mellom husa/eigedomar

- *Nødvendige eller planlagde omformingar av terrenget skal gå klart fram av situasjonsplanen. I bratte tomter skal dei visuelle konsekvensane av omforminga av terrenget illustrerast på ein god måte. Det kan krevjast vurdering av alternative løysingar i slike saker.*

Lyssetting og kvalitetskrav

- *Det skal innarbeidast estetiske vurderingar i gatebruksplanar og opparbeidingsplanar når det gjeld lyssetting av gater, strøk, enkeltbygg, fasaderekker og landemerke. Det skal setjast tekniske og estetiske kvalitetskrav til det tekniske utstyret. Det skal også setjast kvalitetskrav til andre lyskjelder, som reklamelys, lysskilt, vindaugslys og privat utandørs lyssetting som vil verke saman med den offentlege belysninga.*

2.14 Omsyn til eksisterande bygningar og anna kulturmiljø (pbl § 11-9 nr. 7)

§ 2.14.1 Omsynet til kulturminner

a. For å ivareta dei automatisk freda kulturminna i kommunen på best mogeleg måte, må aktuelle tiltak etter pbl § 1-6 utanom regulerte område og i område omfatta av reguleringsplanar stadfesta/godkjende før 31.12.1978 avklarast i høve lov om kulturminne. Dette gjeld tiltak både på land og i sjøen, jf. lov om kulturminne §§ 8 og 9.

b. Dersom det ved arbeid i marka dukkar opp freda kulturminner, må arbeidet straks stoppe opp i den utstrekning det kan røre ved kulturminne eller deira sikringssone. Melding skal straks sendast Fylkeskommunen, jf. kulturminneloven § 8.

2.15 Landskap og grønstruktur (pbl § 11-9 nr. 6)

§ 2.15.1

a. Samanhengande grøntdrag, grøne lunger, turvegar og område for lek og rekreasjon skal takast i vare og styrkast.

Minimumsbredde på grøntkorridorar bør vere 30 meter.

Artar som er svartelista skal ikkje plantast i grønstrukturen. Det bør i størst mogleg grad nyttast stadeigen vegetasjon i grønstrukturen.

b. Alle planforslag som berørar natur skal vurderast etter naturmangfoldlova kapittel II.

Omsynet til naturmangfaldet skal vektleggast og avveiast mot andre samfunnsinteresser, jf. veileder til naturmangfoldloven kapittel.II, forskrift om utvalgte naturtyper med veileder og i kommunen si forvaltningsbase for naturdata.

c. I større samanhengande naturområde og viltkorridorar, skal økologiske funksjoner søkas opprettholdt.
d. Langs vassdrag skal naturverdiar, landskap, kulturminne og friluftslivsinteresser takast i vare. Langs alle vassdrag med årssikker vassføring, inklusive elver, bekker, vatn og tjern, skal det opprettholdast og om mogleg utviklast eit naturleg vegetasjonbelte som tek i vare viktige økologiske funksjonar, motverker erosjon og tjener flomsikring og friluftsliv.
e. Bekker og elver skal holdes åpne og i sin naturlige form, med tilstrekkelig kantvegetasjon (jf. vannressursloven § 11).

For vassdrag med årssikker vassføring gjeld generelle kantsonar frå normal strandlinje: 20 meter på kvar side av elver og bekkar, 50 meter på kvar side av større elver, tjørn og vatn.

I 100-metersbeltet langs sjøen, og for område langs vassdrag og større elvar inntil 50 m frå strandlinje målt i horisontalplanet ved høgste vanlege flaumvasstand, skal det takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser, jf. pbl § 1-8. Langs mindre elvar og bekkar gjeld ei grense på 20 meter, jf. § 2.6.1 b.

ØRSTA KOMMUNE

REFERAT

Til:

Ordførar og rådmann, Sjustjerna

Frå:

Referent

Kopi:

Møtedato:	**Møtetid frå – til:**	**Stad:**
17.08.2018	09.40 - 15.00	Strømpeneset, Ørsta
Møteleiar:		**Referent:**
Andreas Nørve		Wenche Solheim

Tilstades:
Knut Erik Engh, Ulstein kommune
Einar Vik Arset, Ulstein kommune
Anders Riise, Hareid kommune
Ragnhild Velsvik Berge, Hareid kommune
Lena Landsverk Sande, Vanylven kommune
Andreas Nørve, Vanylven kommune
Arnulf Goksøyr, Herøy kommune
Olaus Jon Kopperstad, Herøy kommune
Jørgen Amdam, Volda kommune
Rune Sjurgard, Volda kommune
Dag Vaagen, Sande kommune
Oddbjørn Indregård, Sande kommune
Stein Aam, Ørsta kommune
Wenche Solheim, Ørsta kommune
Stig Olav Lødemel, Hornindal kommune

Inviterte:
Sak 1: Revisor Bodil Skeide og styremedl Margrete Bjerkvik
Sak 2: Jostein Støylen, leiar Vest Kontroll og styreleiar Ronald Hagen
Sak 3; Høgskulen i Volda, Dekan Arne Myklebust og professor Peder Haug

Helse Møre og Romsdal HF: Adm. dir. Espen Remme, fung. fagdir. Henrik Erdal, avdelingssjef Lars Erik Sjømæling, kommunikasjonsdirektør Trine Kvalheim, konst. samhandlingssjef Lena B. Waage.

Forfall:

Alle til stades ved møtestart.

Anders Riise deltok til og med sak 3.
Knut Erik Engh deltok til og med sak 6.

Innleingsvis, orienteringar ved ordførar Stein Aam og Kjetil Nesset, Adm dir Vik Ørsta

1.	**10.10 Revisjonssamanslåing.** Jfr skriv til ordførarane frå Komrev3. Vedlagt svar som Vanylven har sendt i retur. Leiar i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, Bodill Skeide, er invitert. Ho avklarar kven som kjem og innleier frå dei om drift i dag, kva utfordringar og moglegheiter dei ser i høve samarbeid/samanslåing framover. *Bodil og Margrete representerer kommunerevisjonen. Margrete er nestleiar i styret.* ***Bodil:** Rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, og selskapskontroll. Fakturerer for medgått tid. Det skal løne seg for kommunane å ha gode system og god internkontroll.* *3 tilsette, 2 på rekneskapsrevisjon.* *Kostnadseffektive og god kompetanse, men ikkje kapasitet til å ta over 6 kommunar inkl Ålesund.* *Nærheit til kunden, men likevel uavhengig og ikkje ein del av kommunen. Opptatt av å yte god service og korleis kommunane kan tilpasse seg regelverket, t.d momskompensasjon.* ***Moglegheiter:** samarbeid/samanslåing sørover/nordover?* *Ålesund har 7 tilsette og meiner dei er for små. Er 10 tilsette stort nok? Eller skal heile Møre og Romsdal verte eit revisjonsdistrikt?* *Kom Rev 3 (nordre Sunnmøre, 12 kommunar) Bodil orienterer om fakta og utfordringar. Dei har høgare kostnader pr innbyggjar, 95 mot 62.* ***Problemstillingar:** Miljøforskjellar, avstandar, mange kontor, fagmiljø og kostnadar.* *Vert eit eventuelt samanslått kontor stort nok?* *Er det meir aktuelt å få med 2-3 kommunar sørover?* ***Margrete:** saka har vore drøfta fleire gongar i styret. Semje om at revisjonen fungerer godt og er kostnadseffektiv. Det er ikkje ønske frå styret om endring som medfører større avstandar og meir reising.* - *Saka vart drøfta:* *Er vårt kontor for sårbart?* *kva er risikoelementa i eit lengre perspektiv?* *Årlege kundemøte er viktig, Kommunale kompetansearbeidsplassar er viktig.* *Vi må ha strategi for å sikre god kompetanse.* *Kan vere meir aktuelt å kjøpe tenester knytt til forvaltningsrevisjon.* *Private løysingar kan også verte aktuelt på sikt?* *Vi må ha kontakt med andre, lære av kvarandre.* *Ved ledig kapasitet bør ein selge tenester.*	

	<u>Konklusjon:</u> *Kommunane er godt nøgde med dagens revisjon, men ser også at ei teneste med 3 tilsette kan vere sårbar. Det er viktig å samarbeide med andre (både sørover og nord for oss), men også viktig å jobbe for kompetansearbeidsplassar på Søre.* *Vi takkar nei til informasjonsmøte om kom rev 3. Det er ikkje ynskje om endring i kommunerevisjonen no.*	
2.	**11.05 Samanslåing av kontrollutvalssekretariata?** Det blir jobba for å få til ei organisering i Ålesund. Ynskjer Søre å vere med? Konsekvensar? Kva er viktig for oss? Leiar i Vest Kontroll Jostein Støylen innleiier, saman med styreleiar for Vest Kontroll og Kontrollutvalsleiar i Volda, Ronald Hagen. *Ronald: kommunereforma gir nokre utfordringar for Vest Kontroll, som misser kommunar og innbyggjarar.* *Styrevedtak går for vidareføring av selskapet, men har nedsett arbeidsutval som gjennomfører drøftingar med to andre selskap.* *Ynskjer synspunkt i høve førebels konklusjon.* *Jostein: Kan gå frå 9 til 6 kommunar som eit resultat av kommunereforma.* *Jostein orienterer om oppgåvene/aktiviteten til kontrollutvalet og historikken til Vest Kontroll.* *Kva påverkar kostnadane? Halvparten av kostnadane vert fordelt likt, den andre halvparten etter folketal. Aktiviteten i den einskilde kommune kan variere. Samanslåingskommunane har større aktivitet no.* *Vest kontroll tilbyr brei kompetanse, uavhengigheit, nærleik og akseptabel kostnad. Fokus på service og å vere på tilbodssida. Problemløysing på lavast mogleg nivå.* *Vest Kontroll, eit alternativ mellom Førde og Ålesund?* *Klarer ein å få fleire kommunar frå Nordfjord?* *Lite ønskeleg å verte ein del av revisjonen Vestland.* *Det var møte med nordre Sunnmøre 28.mai 2018:* - *Nordre kan tenke seg ei samanslåing med søre med kontorstad i Ålesund. Kva skal ein då forhandle om?* - *Kan også vere at nye Ålesund vil ha eige sekreteriat. Då kan kommunane utanfor (t.d. Stranda) kome til Vest Kontroll.* *<u>Førebels konklusjon og vegen vidare vart drøfta.</u>* *Vest Kontroll vert vidareført og ein tilpassar og organiserer selskapet for framtida. Dette krev politisk arbeid.* *Det å miste Selje og Vågsøy medfører auka kostnader for dei resterande. Stranda og Sykkylven bør inviterast med i Vest Kontroll? Stein vil følge opp politisk. Jørgen følger opp om også Stryn kan vere aktuell. Lena snakkar med Eid-ordføraren.*	
	LUNSJ kl 1145 – 12.30	

3.	**12.30 Statped** – 35 arbeidsplassar overført til fylket. Korleis jobbar vi for å vere relevante, og eit naturleg val? Innleiing ved Høgskulen i Volda, Arne Myklebust og Peder Haug *Arne: Møre og Romsdal får tenester gjennom region midt.* *Statped har vorte gradvis nedbygd over tid.* *Stadped står også på lista til Hagen utvalet om nye oppgåver til fylkeskommunen. Eit ekspertutval (inkluderende fellesskap for barn og unge) foreslår å flytte tenestene nærare borna. Statped skal avviklast og reduserast. Meir ressursar skal overførast til kommunane.* *Det er også forslag om å fjerne retten til sakkyndig vurdering og andre meir kontroversielle forslag.* *Peder: Ny femårig utdanning frå hausten 2017, med spesialpedagogikk. Har utdanna mange med master i spesialped og forsking på spes.ped.* *Avslutta eit stort forskingsprosjekt i fjor som har fått stor merksemd.* *Viktig å få eit nærare samarbeid i regionen, mellom dei ulike instansane. Praksisfeltet får ein større og større plass i utdanningane. Høgskulen i Volda er godt egna til å ta mot delar av Statped (nye oppgåver) saman med kommunane og sjukehuset.* *Saka vart drøfta. Dette er viktige arbeidsplassar for søre og er her naturlege fagmiljø med rett kompetanse til å ta mot slike oppgåver lokalt. Til dømes felles barnevern, interkommunalt PPT høgskulen og sjukehuset.* *Ta saka opp i Sunnmøre Regionråd?* *Vi må vere på offensiven og sende skriftleg innspel.* *<u>Konklusjon:</u>* *Jørgen tek ansvar for at det blir skrive brev. Fokus på fag og kompetanse.*	
4.	**13.05 Ambulansetenesta** - lokalisering Volda/Ørsta. Orientering ved adm dir Espen Remme Han har med seg: fung. fagdir. Henrik Erdal, avdelingssjef Lars Erik Sjømæling, kommunikasjonsdirektør Trine Kvalheim, konst. samhandlingssjef Lena B. Waage. *Espen: Fokus er: likeverdige prehospitale tenester til innbyggarane på Søre.* *Orientering:* *Utviklinga av Volda sjukehus, overordna strategiplan og bygningsmessig utviklingsplan.* *Ambisjonar for Volda som akuttsjukehus. Der er for trangt, noko som medfører store driftsutfordringar.* *Dei treng arealet sjølve og ambulansestasjon og legevakt er ikkje inkludert i dei nye planane.*	

	Lars Erik: orienterte om prehospitale tenester i Møre og romsdal med 33 ambulansestasjoner og 480 ansatte. Viser også til at ansvaret er delt med kommunane (legevakt). *Kvalitetsindikatorar og responstid. Vert målt og samanlikna nasjonalt.* *Analysebasert beredskapsplanlegging. Det er forventa ein betydelig oppdragsvekst fram mot år 2030. Dette mellom anna ut frå sentralisering av legevakt, legen reiser i mindre grad på sjukebesøk. Befolkningsvekst og levealder har og stor betydning.* *Justeringa av plassering av stasjonane aukar oppfylt responstid frå 95% til 98%.* *Innen 12 min har Ørsta 19% av akuttoppdrag betjent medan 74% i Volda kommune.* *Vegen vidare: Samlokalisert legevakt og ambulansestasjon?* - *helseforetaket sitt anbod er ikkje til hinder for behov for ros-analyse og konsekvensvurdering av dette.* *Frå drøftinga:* *Kvar står saka om legevakt på Søre? Ein eller to lokasjonar?* *Volda kommune ynskjer å tilby lokale til ambulansestasjon ved gamle hjelpepleieskulen.* *Ein legevakt/ambulansestasjon i Rystene/Ørsta vil medføre utfordringar knytt til særleg innbyggarane i Hornindal.* *For Ørsta er utviklinga ved sjukehuset viktig men også kortare uttrykking.* *Ei ny plassering av ambulansestasjon vil påverke vidare prosess for arbeidet med legevakt for kommunane på Søre Sunnmøre. Dette arbeidet må halde fram.* *Framtida kan gje færre legevakter, men med legar som rykker ut. Dilemmaet er folket sin tryggleik. Korleis kommunisere dette til folket?* *Kan ambulansestasjonen ha ei midlertidig lokalisering (leigetid 5 år?), og med det gi rom for ein god prosess om legevakt i kommunane?* *<u>Konklusjon:</u>* *Dialog mellom kommunane og helseforetaket er god og det har vore tett kontakt.* *Espen viser til dei faglege utgreiingane og kan ikkje vidareføre ei skeivfordeling av dei prehospitale tenestene. Hans tilråding til styret er å sikre ei god og likeverdig teneste. Styret kan sjølvsagt overprøve hans tilråding, men ambulanestasjonen vil verte flytta. Legevakt er fraråda fagleg å vere ein del av akuttmottak ved sjukehusa. Når koblinga med sjukehuset er oppheva, då må ein legge stasjonen der det gir best effekt for pasienten.* *Ei samlokalisering av ambulansestasjon og legevakt vil vere bra for pasienten. Helseforetaket tek med innspelet om mellombels kontrakt for ambulanstasjon i påvente av at kommunane får avklaring rundt organisering av legevakt.*	
5.	**14.45 Utvikling av strategi for forsterka samarbeid Søre Sunnmøre** – NIVI analyse. Ynskjer vi å halde fram samarbeidet.	

	Diskusjon om vedlagt tilbod frå Geir Vinsand. Avklaring og svar tilbake. *Saka vart drøfta. Det er positivt å tenke meir samarbeid men ikkje så omfattande som skissa til Vinsand.* *Må vere gjennomførbart.* *<u>Konklusjon:</u>* *Vi må jobbe vidare med konkrete samarbeidsprosjekt.* *Avventer vidare arbeid med Vinsand no.*	
6.	**14.15 Nordøyvegen** – budsjettsprekk på 800 mill. Kva konsekvensar kan dette ha? Korleis engasjerer vi oss? Knut Erik Engh innleier. *Saka vart drøfta:* *Bekymring i høve konsekvensar for andre investeringar i fylket.* *Ein ser for seg at vidaregåande skular, gang/sykkelvegar, bruer og andre vegar vert utsett.* *<u>Konklusjon:</u>* *Det føregår eit utgreiingsarbeid og vi må avvente meir informasjon.* *Bør vere sak i Sunnmøre Regionråd.* *Styremedlemmar frå Søre tek saka opp på styremøtet i regionrådet, den 27.08.18.*	
7.	**15.00 Feriestenging Trafikkstasjonen i Hovdebygda i sommar.** Innleiing Stein Aam. *Det var møte mellom Ørsta kommune og seksjonsleiar Jan Erik Myhr. Rammebetingelsane er slik at dei må stenge trafikkstasjonane om sommaren.* *Det pågår ein strukturdebatt. 72 stasjonar - skal reduserast.* *Om lag 50 tilsette i Møre og Romsdal, og dei må ned.* *Vi må rekne med at fleire stasjonar vert lagt ned.* *Rapport vert lagt fram 8.oktober.*	

ORGANISERING AV VEST KONTROLL FRÅ 01.01.2020

Kommunereform og konsekvensar

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

TEMA I PRESENTASJONEN

- Årsaka til at saka kjem opp
- Oppgåver til eit kontrollutvalssekretariat
- Kostnad
- Status i dag vedkomande sekretariat og kommunar
- Vest kontroll
- Kva kan Vest kontroll tilby
- Modellar for Vest kontroll etter 2020 – moglege løysingar
- Den mest sentrale problemstillinga
- Konklusjon og prioriteringar

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

ÅRSAK TIL AT SAKA KJEM OPP

- Kommunereforma
- Kan bli frå 9 – 6 kommunar
- Nye Volda (Volda og Hornindal)
- Stad (Selje og Eid)
- Kinn (Vågsøy og Flora)
- Kven vil føre samarbeidet vidare med Vest kontroll?
- Kva vil vere argument for å velje Vest kontroll
- Fellesnemnda avgjer etter innstilling frå Kontrollutvala

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

OPPGÅVER TIL EIT KONTROLLUTVALSSEKRETARIAT

- Administrativ lekk (er «rådmann» for kontrollutvalet)
- Politisk sekretariat for kontrollutvalet
- Vurdering og utgreiing av saker
- Tilrettelegging av møter
- Møtesekretær
- Etterarbeid
- Operativ lekk for kontrollutvalet

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

VEST KONTROLL - HISTORIE

- Frå 1992 – 2004 låg oppg. revisjonen
- Frå 2005 Søre Sunnmøre kontrollutvalssekretariat (kommunane i sjustjerna). Oppgåvene kunne ikkje lenger ligge i revisjonen. Endring i kommunelova sa det skulle vere ei bestillarrolle (kontrollutvalet/sekretariatet) og ei utførarrolle (revisjonen)
- I 2010 kom Selje og Vågsøy med, og det vart namneendring til Vest kontrollutvalssekretariat, seinare omdøpt til Vest kontroll. Vart då auka bemanning - etter kvart til to heile stillingar
- Leiarane i konttrollutvala er styremedlemer.
- I ny kommunelov kan ikkje styremedlemer i kommunale selskap vere styremedlemer. Må også omorganiserast frå § 27 til kommunalt arbeidsfellesskap eller IKS, innan 4 år.

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

VEST KONTROLL - AKTIVITET

Kommune	Møte/saker 2015	Møte/saker 2016	Møte/saker 2017	Planlagde møte 2018
Hareid:	05/040	06/046	06/046	06
Herøy:	04/035	04/035	04/035	04
Sande:	05/043	04/040	04/040	05
Ulstein:	04/034	04/040	04/040	06
Vanylven:	04/036	04/031	04/031	05
Volda:	04/038	04/033	04/033	07
Ørsta:	07/059	05/043	05/043	05
Selje:	05/039	05/038	05/038	07
Vågsøy:	04/033	06/045	06/045	08
Totalt	**40/330**	**42/351**	**54/449**	**53**

- I tillegg: Kommunestyremøte og styremøte i Vest kontroll + andre møte
- Høgare antal møte Selje, Volda og Vågsøy grunna kommunesamanslåing (fellesmøte med samanslåande kommuner sine kontrollutval)

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

KOSTNAD – KVA PÅVERKAR KOSTNADANE

- Ulike modellar i ulike sekretariat gjer samanlikning vanskeleg
- Avgjerande faktorar kan vere:
  - Aktivitetsnivå i kontrollutvalet
  - Utrekningsfaktor
  - Servicenivå
  - Tilgjenge
  - Organisering

  - Vest kontroll i dag: Halvparten av kostnadane likt fordelt og halvparten etter innb. tall. Oversikt over aktivitet i 2017 følger vedlagt.

  - Alle eigarane i Vest kontroll eig like mykje og har like store stemmeandel

  - Viktig for Vest kontroll er å yte best mulig kvalitet på tenestene og servicen til lågast mulig kostnad for kommunane

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

KOSTNAD – FOR KOMMUNANE

TILSKOT FRÅ KOMMUNANE	2014	2015	2016	2017	2018
Hareid	214090,00	221917,00	236281,00	248463,00	259059,00
Herøy	286037,00	297274,00	316810,00	330093,00	343888,00
Sande	167979,00	174943,00	185703,00	191712,00	199576,00
Ulstein	268572,00	282403,00	303447,00	318398,00	332643,00
Vanylven	181419,00	188060,00	198670,00	206752,00	214463,00
Volda	285658,00	298500,00	317705,00	331496,00	347149,00
Ørsta	316582,00	330540,00	351257,00	366668,00	384076,00
Selje	171035,00	177818,00	188139,00	196352,00	205220,00
Vågsøy	234250,00	242992,00	257449,00	266955,00	278085,00
Tilskot totalt frå eigerkommunane	2125622,00	2214447,00	2355461	2456889	2564159,00

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

VEST KONTROLL - TILBYR

- Nærleik
- Brei samansett kompetanse i eigenregi og ved innleigd kompetanse
- Kapasitet tilpassa oppgåvene og aktiviteten
- Uavhengigheit
- Høgt servicenivå
- God kommunikasjon med kommunen
- Akseptabelt kostnadsnivå
- Heimeside for kontrollutvala
- Heimeside for selskapet
- Å vere på tilbudssida
- Å vere løysingsorienterte
- Forsøke å løyse problem/utfordringa på lågast mulig plan / minst mulig støy

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

KVA ER STATUS PER DATO

KOMMUNANE SINE KONTROLLUTVALET SKAL HA EIT SEKRETARIAT SOM TILFREDSSTILLER DEIRA BEHOV. DET ER KONTROLLUTVALET SOM SKAL GI INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET PÅ KVA SEKRETARIAT-/SEKRETARIATSORDNING DEI VIL HA

MÅLET ER DÅ FINNE FRAM TIL DEN LØYSINGA SOM ER BEST FOR KOMMUNENE SINE KONTROLLUTVAL

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

MØTE 04.04.2018. Styremøte i Vest kontroll

- Nemnd for utgreiing: Ronald Hagen styreleiar, Jostein Støylen dagleg leiar, nestleiar i styret Inger Grethe Dalehamn Vågsøy og styremedlem Svein-Rune Krakereid, Selje
- Styret er ser helst at Vest kontroll skal fortsetje som eige selskap
- Styret meiner at Vest kontroll bør vere eit alternativ til å betjene kommunar sine kontrollutval mellom Ålesund og Førde
- Ved tilslutning til Vest kontroll vil ein legge til rette for evt. etablering kontor/arbeidsplass(ar) i område der ein får oppdrag

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

MØTE 28.05.2018. Vest kontroll, SEKOM og Fylkeskontrollutvalet i Sogn og Fjordane

- Styreleiar og dagleg leiar møtte frå Vest kontroll
- Styreleiar og dagleg leiar møtte frå SEKOM
- Styreleiar og nestleiar møtte for KU fylkeskommunen
- Alle lufta sine tankar så langt
- SEKOM (Sunnfjord, Ytre Sogn og Nordfjord). Lite tankar no
- SJF vert slått saman med Hordaland av det følger eit sekretariat. SJF KU ynskjer å få med SEKOM og Vest kontroll med dit. Då som tilsette i Vestland fylke og betjene kommunane ut frå det. Men lite interesse for den løysinga frå Hordaland sekretariatet.

  Vår konklusjon er at dette ikkje er ei tenleg løysing for Vest kontroll og våre kommuner
- Avtale om nytt møte 02.10.2018

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

MØTE 01.06.2018. Vest kontroll og rådmennene på Søre Sunnmøre

- Styreleiar og dagleg leiar i Vest kontroll hadde møte med rådmennene på Søre Sunnmøre
- Orientering om samarbeidet/selskapet og utfordringane framover
- Fekk nokre tilbakemeldingar for det vidare arbeidet

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

MØTE 28.06.2018. Vest kontroll og Sunnmøre kontrollutvalsekretariat (som dekker Nordre Sunnmøre)

- Vest kontroll møtte med styreleiar, nestleiar i styret og dagleg leiar
- Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat møtte med styreleiar og dagleg leiar
- Sunnmøre KU sekr. ynskjer primert å slå seg saman med Vest kontroll. Lukkast ikkje det ynskjer dei å fortsetje aleine om mulig eller slå seg saman nordover.
- Krev kontorstad i Ålesund for aktiviteten, men opplyser at det oppretthaldast eit kontor på Søre Sunnmøre som ei overgangsordning
- Avtale om nytt møte 28.09.2018
- Om Nye Ålesund vedtek at dei vil ha eit eige sekretariat for sitt KU er alternativet for dei utanforståande kommunane truleg å gå til Vest kontroll
- Arbeidsutvalet er skjeptisk å forhandle med Sunnmøre KU når dei har klargjort at aktiviteten skal skje ut frå Ålesund. I så fall kva skal forhandle om?

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

ALTERNATIVE LØYSINGAR FOR VEST KONTROLL ETTER 2020

- Vidareføring av Vest kontroll åleine
- Alle kommunane på Sunnmøre i eit sekretariat (Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat og Vest kontroll)
- Vest kontroll og SEKOM(Deler av Nordfjord, Sunnfjord og Ytre Sogn)
- Sunnmøre kontrollutvalssekretariat – Vest kontroll – SEKOM sekretariat.

SENTRALE PUNKT

- Er det kommunar utanfor Nye Ålesund eller i Nordfjord eller andre kommunar som ser på oss som eit alternativ – så er dei velkomne til å få våre tenester og bli med å samarbeidet.
- At Vest kontroll slår seg saman med Nordre Sunnmøre (Sunnmøre kontrollutvalssekretariat) vil føre til sentralisering i Ålesund (overgangsordning med kontor på Søre Sunnmøre) – Arbeidsutvalet i Vest kontroll ser dette som lite ynskjeleg. Nærleik og kompetansearbeidsplassar vil forsvinne ut frå Søre Sunnmøre. Auke reisekostnader vil då også føre til større tilskot frå kommunane.
- Å gå mot sør kan vere eit betre alternativ for då vert avstandar såpass store at noko må oppretthaldast i vårt område.
- Eit alternativ kan vere Vest kontroll – Sekom sekretariat og Sunnmøre kontrollutvalssekretariat slår seg saman. I så fall kjem vi (Søre Sunnmøre og Nordfjord) i midten. Vi er og avhengig av kva andre sekretariat gjere vidare.

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

KVA GJER VI VIDARE (førebels konklusjon)

- Utelukka alternativ: Vest kontroll, SEKOM sekretariat, Sekretæren for Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sekretariatet for Hordaland Fylkeskommune går saman i ei eining Vest kontroll vert vidareført åleine med ei organisasjonsform som vert tilpassa den nye kommunelova
- Arbeidsutvalet i Vest kontroll ser ikkje hensikt å forhandle med Sunnmøre kontrollutvalsekretariat – då dei har allereide har klargjort at det er uaktuelt å oppretthalde kontor på Søre Sunnmøre. Om styret i Vest kontroll krev forhandlingar må ein kreve avtalar som sikrar framtidig plassering av hovudkontor på Søre, likeverdig deltakarstyring og representasjon
- Vest kontroll kan forhandle med SEKOM sekretariat om samanslåing – då dei per dato ikkje har sett fram noko krav
- Vest kontroll fortset åleine og tilpassar og organiserer selskapet for framtida
- Vest kontroll, SEKOM og Sunnmøre KU sekr. forhandlar om samanslåing

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

VOLDA KOMMUNE
Ordførar

STATENS VEGVESEN
Postboks 8142 Dep

0033 OSLO

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2018/650	11812/2018	Q12	ORDF/ JORAMD	28.08.2018

KRAV OM BEREDSKAPSFERJE FOLKESTAD VOLDA I DEN TIDA ROTSETHORNTUNNELEN ER STENGD

Volda formannskap hadde den 21/8 denne saka oppe til drøfting og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

«Statens vegvesen har sendt ut melding om kolonnekøyring og stenging av Rotsethorntunnelen i samband med utbetringsarbeidet av denne. Arbeidet skal pågå i tida september 2018 – til juni 2019.

Det heiter m.a. i meldinga at tunnelen vert heilt stengd på natt slik:
Fram til starten av desember blir tunnelen heilt stengd på natt mellom kl 23:00 og 04:30.

Volda formannskap set som eit absolutt krav at i den tida Rotsethorntunnelen vert stengd eller delvis stengd – og det såleis ikkje er mogeleg å køyre til Sjukehuset i Volda via fylksveg 651 mellom Straumshamn og Fyrde/Austefjord, så må ferja Folkestad – Volda ha beredskapsvakt. Før arbeidet i tunnelen startar opp, føreset formannskapet at Statens vegvesen stadfestar overfor Volda kommune at slik beredskapsvaktsordning vert innført.»

Med helsing

Jørgen Amdam
ordførar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Telefon:
954 63 942

www.volda.kommune.no
Org. nr:
939 760 946
Bankgiro:
3991.07.81727

VOLDA KOMMUNE
Utvikling

ASKO Holding as

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd /Sakshandsamar*	*Dato*
2016/11	11426/2018	2016001	UTV/ PERHEL	24.08.2018

ASKO HOLDING AS OG V4-MAT AS - KLAGE OVER REGULERINGSVEDTAK - SAK PS2016/11 I VOLDA KOMMUNESTYRE. REGULERINGSPLAN VOLDA - FURENE.

Viser til brev datert 6.07.2018 om klage over reguleringsvedtak i sak 2016/11, og ulike spørsmål knytt til verknader og gjennomføring av plan.

Med grunnlag i brevet vart dert den 21.08.2018 halde eit møte med Arne Johan Rebbestad – ASKO Holding as/V4-Mat as, for å drøfte dei ulike spørsmål reist i klage.
For kommunen møtte her assisterande Rådmann Asbjørn Moltudal og fagansvarleg plan Per Heltne.

Oppsummering:
Arne Johan Rebbestad orienterte om status for den planavklaring og avklaring av avtale/eigedomssituasjonen som dei er i gang med. Jf også fullmakter vedlagt brev av 6.07.18.

Frå kommunen si side vart det gitt fylgjande tilbakemelding i høve til dei moment som er trekt fram i klaga:

1. *klage på at tilkomsten til Ivar og Irene Lotsberg på G.nr. 19 og B.nr. 229 samt nytt areal av grunnen til Gunn Karin Kvistad G.nr. 20 B.nr. 14 er utelatt i BKB 3. Ber om at dette blir synliggjort i plankartet.*

Inntil ny veg skal byggast kan/vil eksisterande tilkomst til Fv45 bli oppretthalden.
Når utbygging av veganlegget skal i gang vil det før utbygging av fylkesvegen også bli etablert ny tilkomst til eigedomen frå FSKV1 om bygget skal nyttast som i dag.
Kommunen legg til grunn at desse spørsmåla vert nærare vurdert og teke standpunkt til som del av grunnkjøpsavtale (ev. skjønn tilknytt slik avtale) som er ein føresetnad for å kunne bygge ut veganlegget etter plan.
Tilkomst til lødetomta på 20/14 vil kunne oppretthaldast som i dag fram til vegnettet skal byggast ut, og ny avkøyring kan og vil bli etablert til ny lokalveg i samråd med eigar, dersom bruken av arealet skal vere om i dag.

Ut over dette vil kommunen vise til at det for området BK3 er krav om detaljreguleringsplan før vidare utbygging, og kommunen/Statens vegvesen legg til grunn at ein gjennom slik detaljplan også tek standpunkt til avkøyrslespørsmål for området, både for nye tiltak/funksjonar i plan, og dei eventuelle bygg/tiltak som etter ny plan skal vidareførast med dagens bruksformål.

Kommunen viser elles til dei signal som ASKO Holding as/V4-Mat as tidlegare har kome med i planprosessen, angåande ynskje om utvikling av området, og at dette også har gitt klare føringar inn mot planprosess og utforming av områdeplan.

2. *Alle tilkomstar til dagens butikk vil bli sperra og mykje av parkeringa på leigd areal ved G.nr. 19 og Br.nr. 211 og 325 blir sterkt redusert.*
3. *Vidare vil gjennomføring/venting på gjennomføring av denne planen gi store logistikk utfordringar med tanke på framtidig drift med varemottak, kundeinngang, kundestraum, butikkplanløysing, plassering av tekniske rom m.m. Kva kan ein få til av moderniseringar/ utbyggingar på kort/lang sikt?*
4. *Ynskjer avklara korleis dette er tenkt løyst for framtida og kva tilpassingar/endringar ein kan foreta seg for å møte den framtidige dagligvare-konkurransen i noverande lokale.*

Dei spørsmål som her blir teke opp er i alt vesentlig knytt til gjennomføring av utbygging etter plan, og spørsmål om avbøtande tiltak/erstatningsvurdering som fylgje av utbygging etter plan.
Det er pr i dag stor usikkerheit knytt til når utbygging etter plan kan starte.
Før vi veit meir om dette må søknad om bompengeløysing vere godkjent, og hovudprosjektet i bompengepakken, (E39 Volda-Furene med tilhøyrande omlegging av lokal infrastruktur), må ha nødvendig finansiering av statlege midlar i prosjektet.
Pr i dag er dette i NTP – sett opp etter 2024.

Når bompengesaka er på plass vil kommunen aktivt arbeide for om muleg å få til tidlegare oppstart av prosjektet.
Tilbakemeldingar frå Statens vegvesen er at dei ut frå dette ikkje kan/vil starte prosessar knytt til grunninnløysing/erstatningsutmåling før finansiering er på plass, gjennom bompengevedtak, og/eller statleg finansiering.

Eksisterande lokale:
Inntil vegen blir bygd ut etter godkjent plan, kan eksisterande butikk og øvrige bygg/anlegg, med tilhøyrande avkjørsler drivas vidare som i dag.
Dersom de også ynskjer å vidareføre drift i eksisterande bygg etter utbygging av E39/Fylkesveg45 etter plan, vil det sjølvsagt bli problem knytt til dagens tilkomstar til butikk, som vil bli sperra. Det er også rett at eksisterande parkering i så fall blir sterkt redusert.
Korleis dette skal avbøtast og erstattast er naturleg tema knytt til grunnavtalar som må på plass før utbygging av veganlegget kan starte opp.
Her må då også dei logistikk- utfordringane som vil bli med tanke varemottak, kundeinngang, kundestrøm, butikkplanløysning, plassering av tekniske rom m.m. vurderast og takast høgde for.
Dette er det teke høgde for i godkjent plan, der området er vist sikra ny tilkomst frå ny lokalveg i sørleg kant av BK3, jf. Veg f_SKV1.
Kommunen finn her grunn til å vise til dei signal som klagar har kome med i planprosessen, angåande ynskje om vidare utvikling av området, og at dette også har gitt klare føringar inn mot planprosess og utforming av plan.

Ut frå samtalen i dag er det også klart at det er ein felles forståing om at vidare drift i noverande lokale er lite aktuelt etter at utbygging av ny butikk plassert lenger aust på område BK3 er ferdig. Eigarane ynskjer ny utbygging også på dette området innan for rammene i

godkjent områdeplan, og der utforming og innhald vil bli nærare avklara gjennom detaljreguleringsplan.
Interessentane i område BK3 vil med det fyrste varsle oppstart av slik detaljreguleringsplan for område BK3 i samsvar med reguleringsføresegnene § 4.4.

Bygging innan område BK3 før veganlegget er utbygd:
(Reguleringsplan er vere bindande for utbygging på området, jf plan og bygningslova §1-6 og 12-4.).
Dersom det, når detaljreguleringsplan er godkjent, vert søkt igangsetting av utbygging innan området før nye tilkomstvegar og anna infrastruktur er utbygt etter plan, må det fremjast konkret søknad/dispensasjon, for slik mellombels løysing. jf.PBL §27. (veg/vannforsyning-/avlaup, drenering).
Kva behov det vil vere for slik mellombels løysing må ein kome nærare attende til når detaljreguleringsplan er godkjent og søknad om rammeløyve for tiltak skal utformast.

Konklusjon:
Med grunnlag i gjennomgangen i møtet i dag og dei føringar som ligg i godkjent plan, er det semje om at ASKO Holding as/V4-Mat as sine intensjonar for utvikling av område BK3 kan ivaretakast innan for dei rammer som ligg i godkjent plan.
ASCO Holding as/V4-Mat as trekkjer såleis klaga fremja i brev av 6.07.2018 frå vidare handsaming. (jf. e-post den 28.08.2018).

Eventuelle mellombelse løysingar før vegutbygginga er gjennomført må ein kome attende til når detaljreguleringsplan ligg føre og konkret søknad eventuelt vert fremja. Slike mellombelse løysingar, der infrastruktur ikkje er etablert i samsvar med plan, vil krevje handsaming som dispensasjon.
Eventuell søknad om dispensasjon kan handsamast parallelt med søknad om rammeløyve, jf. PBL § 12-15.
Slike mellombelse løysingar/behov må få sin avklaring i tett dialog med kommunen og Statens vegvesen.

Med helsing

Volda kommune Utvikling
Per Heltne
fagansvarleg, plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:
Statens vegvesen v/prosjektleiar Astrid Eide Stavseng
Formannskapet til orientering
Utvikling

Fra: Per Heltne[Per.Heltne@volda.kommune.no]
Sendt: 28.08.2018 10:02:10
Til: Postmottak Volda
Tittel: VS: oppsummering etter møte i dag

til sak 2016/11

Per Heltne
Fagansvarleg Plan
Utvikling
Direkte 70058717 Mobil 91151347
www.volda.kommune.no

Fra: Ørsta Franchise Kiwi 827 [mailto:franchise.kiwi.orsta@kiwi.no]
Sendt: 28. august 2018 08:43
Til: Per Heltne <Per.Heltne@volda.kommune.no>
Kopi: Asbjørn Moltudal <asbjorn.moltudal@volda.kommune.no>; Ørsta Franchise Kiwi 827 <franchise.kiwi.orsta@kiwi.no>
Emne: SV: oppsummering etter møte i dag

Hei Per Heltene

Vi takker for din redegjørelse i saken og godtar ditt svar selv om det ikke helt er helt etter våre tanker/ønsker.

Vi trekker vår klage i saken.

Med vennlig hilsen

Arne Johan Rebbestad
V/Asko Holding AS/V-4 Mat AS

Fra: Per Heltne <Per.Heltne@volda.kommune.no>
Sendt: tirsdag 28. august 2018 07.15
Til: Ørsta Franchise Kiwi 827
Kopi: Asbjørn Moltudal
Emne: VS: oppsummering etter møte i dag

Viser til e-post den 24. august, m.vedlegg, jf din e-post den 23. august
har ikkje fått tilbakemelding på den.
gi beskjed om dette er ok, eller om klagehandsaminga skal førast vidare.

mvh

Per Heltne
Fagansvarleg Plan
Utvikling
Direkte 70058717 Mobil 91151347
www.volda.kommune.no

Bilde er fjernet av sender.

Volda kommune

www.volda.kommune.no

Til orientering. SFO-faktura for august vil kome i lag med faktura for september.

Fra: Per Heltne
Sendt: 24. august 2018 08:17
Til: 'Ørsta Franchise Kiwi 827' <franchise.kiwi.orsta@kiwi.no>
Emne: SV: oppsummering etter møte i dag

hei og takk for tilbakemelding.
vi rettar sjølvsagt opp skrivefeilen vedkomande 2014/2024 og korrekt skriving av firmanamn.

Ditt ønskje om endra tekst knytt til eksisterande tilhøve og vidare utbygging kan vi vanskeleg etterkome.
Dette vil vere i strid med kravet om detaljreguleringsplan før utbygging på området.
Vi kan heller ikkje forskottere andre forvaltningsvedtak knytt til eventuell utbygging som ikkje er i samsvar med detaljreguleringsplan.

Vi kan gjerne formulere det slik, om du ynskjer det:

Inntil vegen blir bygd ut etter godkjent plan, kan eksisterende butikk og øvrige bygg/anlegg, med tilhøyrande avkjørsler drivas vidare som i dag.

Eventuelle mellombelse løysingar i påvente av vegutbygginga må ein kome attende til når detaljreguleringsplan ligg føre og konkret søknad eventuelt vert fremja. Slike mellombelse løysingar, der infrastruktur ikkje er etablert i samsvar med plan, vil krevje handsaming som dispensasjon.
Eventuell søknad om dispensasjon kan handsamast parallelt med søknad om rammeløyve, jf. PBL § 12-15.

sjå vedlagt utkast med endringar innarbeidd
Ber om tilbakemelding.

Per Heltne
Fagansvarleg Plan
Utvikling
Direkte 70058717 Mobil 91151347
www.volda.kommune.no

Fra: Ørsta Franchise Kiwi 827 [mailto:franchise.kiwi.orsta@kiwi.no]
Sendt: 23. august 2018 16:43
Til: Per Heltne <Per.Heltne@volda.kommune.no>
Kopi: Ørsta Franchise Kiwi 827 <franchise.kiwi.orsta@kiwi.no>
Emne: SV: oppsummering etter møte i dag

Hei igjen Per.

Viser til vår samtale i dag på telefon.

Vi ønsker en litt mer presisering i ordlyden under "Eksisterende lokaler" i oppsummeringen samt 2 små rettelser.

Eksisterende lokaler:
Sitat: "Inntil vegen blir bygd ut kan eksisterende butikk og øvrige bygg/anlegg på området drivast vidare som i dag".

Vi ønsker:
Inntil vegen blir bygd ut kan eksisterende butikk, avkjørselser og øvrige bygg/anlegg på området utvidas eller drivas videre som i dag. Ev. nybygg skal bygges i tråd med ny reguleringsplan for området BKB 3. Er ikke vegen bygd kan dagens innkjørselser benyttes.

Side 2 på slutten av 3. avsnitt Pr. i dag er dette etter NTP - sett opp etter 2014. Skal vel være **2024?.**

Asco Holding AS skrives **ASKO Holding AS.**

Vi er fornøyde med møtet og svarene vi har fått på våre spørsmål i oppsummeringsskrivet av 21.8.2018 og setter pris på positiviteten Volda kommune med Per Heltne og Asbjørn Moltudal viser overfor våre utbyggingsplaner for området BKB 3.

Utfra svarene vi har fått ønsker vi å trekke vår klage datert 6.7.2018 på reguleringsvedtaket i sak PS2016/11.

Vi ser fram til et videre positivt og godt samarbeid i tiden som kommer.

Med vennlig hilsen

Asko Holding AS og V4-Mat AS
V/Arne Johan Rebbestad

Fra: Per Heltne <Per.Heltne@volda.kommune.no>
Sendt: tirsdag 21. august 2018 15.36
Til: Ørsta Franchise Kiwi 827
Emne: oppsummering etter møte i dag

hei
her er eit utkast til brev med oppsummering etter vårt møte i dag.
dersom du finn dette ok. gi ei tilbakemelding om det, og bekreft at klaga er trekt.
har du forslag til endringar så kom med dei snarast.

mvh

Per Heltne
Fagansvarleg Plan
Utvikling
Direkte 70058717 Mobil 91151347
www.volda.kommune.no

Volda kommune

www.volda.kommune.no

Til orientering. SFO-faktura for august vil kome i lag med faktura for september.

This e-mail message may contain confidential or privileged information. If you are not the intended recipient, please delete the message and any attachments and notify the sender by return e-mail. You should not retain, distribute, disclose, or use any of the information in this message.
This e-mail message may contain confidential or privileged information. If you are not the intended recipient, please delete the message and any attachments and notify the sender by return e-mail. You should not retain, distribute, disclose, or use any of the information in this message.

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Ørsta Taxi SA
v/daglig leder Torstein Moe
Ivar Aasen-gata 18
6150 ØRSTA

Deres ref:	Deres dato:	Vår ref:	Vår saksbehandler:	Vår dato:
	22.08.2018	97167/2018/N12/35/37	Jan Eirik Søraas, 71 28 02 80	22.08.2018

-

Drosjeløyvene i Volda og Ørsta kommuner - Søknad om reserveløyve fra Ørsta Taxi

Vi viser til Deres oversendte brev hit datert 20. august 2018, der De som daglig leder av Ørsta Taxi SA søker om å få tildelt et reservedrosjeløyve til sentralen for motorvogn registrert for høyst 8 sitteplasser, i tillegg til førersetet, godkjent for rullestol (universell utformet). De har begrunnet søknaden med følgende:

> *«Grunnlaget for søknaden er at vi finner det vanskelig å oppdrive tilgjengelig personell til å kjøre minibussen vår ved kort varsel. Det er også et stort ønske fra Ørsta Kommune at vi har rullestolbil tilgjengelig i helger og på kveldstid.*
> *Om vi investerer i en bil som kan ha rullestol og opptil 8 passasjerer med vanlig sertifikat, står vi fritt frem til å bruke sjåfører som allerede er på vakt til å frakte eventuelle rullestoler eller større mengder passasjerer på kort varsel.*
> *Vi ser for oss en bil som skal ha universell utforming for rullestol og godkjennelse for å utføre turer for pasientreiser.*
> *Vi planlegger å bruke eksisterende løyve T-7R ved ekstreme topper og når biler er ute av drift ved service/skader o.l.»*

Vurdering og vedtak

Samferdselsutvalget i fylket gjorde i møte 12. mai 2003 som sak Sa-33/03 A enstemmig vedtak om å delegere til samferdselssjefen å avgjøre bl a opprettelse og tildeling av reservedrosjeløyve.

Et reservedrosjeløyve kan etter §49 i Samferdselsdepartementets *Forskrift om yrkestransport innenlands med motorvogn og fartøy* bare tildeles innehaver av ordinært drosjeløyve i løyvedistriktet.

I §1f) i ovenfor nevnte forskrift heter det:

> *"drosjeløyve, herunder reservedrosjeløyve, løyve som gir innehaveren rett og plikt til å drive transport utenfor rute med motorvogn registrert for høyst åtte sitteplasser i tillegg til førersetet. I særlige tilfeller kan løyvemyndigheten gi tillatelse til å drive drosjetransport med motorvogn registrert for høyst 16 sitteplasser i tillegg til førersetet"*

De fikk 2. januar 2017 med endelig vedtak tildelt et ledig drosjeløyve (T-497) i Volda og Ørsta kommuner (felles løyvedistrikt) tilknyttet Ørsta Taxi.

De oppfyller alle vilkårene etter yrkestransportforskriften for å få tildelt reservedrosjeløyve. De har også lagt ved tilsagn om løyvegaranti.

Et reservedrosjeløyve blir å tildele etter §44 i forskriften, der det heter:

"Er det ikke noen søker som har fortrinnsrett etter §43 avgjør fylkeskommunen etter eget skjønn hvem som skal tildeles løyve. Herunder kan det gis til innehaver av drosjeløyve og til selskap eller annen juridisk person."

Den regelen om fortrinnsrett som det er vist til her gjelder bare for tildeling av ordinært drosjeløyve som er ledig etter tidligere løyvehaver. Regelen er likevel ikke til hinder for at innehaver av ordinært drosjeløyve kan tildeles flere reservedrosjeløyver, dersom det ikke er andre aktuelle søkere. Et reservedrosjeløyve skal således - etter den foran nevnte regelen – tildeles etter skjønn til den løyvehaveren fylkeskommunen finn best skikket til å drive løyvet.

Ørsta Taxi er tidligere tildelt følgende reservedrosjeløyver:

T-7R – for motorvogn registrert for høyst 8 sitteplasser, i tillegg til førersetet
T-53R – for motorvogn registrert for mellom 9-16 sitteplasser, i tillegg til førersetet, universell utformet.

I tillegg har drosjeløyvehaver Gunnar Lyshagen et utvidet reservedrosjeløyve (maxi-taxi) universell utformet (T-71R) tilknyttet sentralen.

I §12 i forskriften heter det at det skal betales et behandlingsgebyr på 4 ganger rettsgebyret (kr 3 400,-) til den løyvemyndighet som skriver ut løyvedokument eller duplikatdokument. Behandlingsgebyret vil bli innkrevet på den måten at løyvedokumentet blir utsendt pr postoppkrav.

Samferdselssjefen mener behovet for å tildele Ørsta Taxi et reservedrosjeløyve er dokumentert og finner derfor å kunne godkjenne søknaden om tildeling av et universell utformet reservedrosjeløyve. Samferdselssjefen gjør etter delegert myndighet slikt vedtak:

1. **Det blir med hjemmel i §1f) og §49 i Samferdselsdepartementets *Forskrift om yrkestransport innenlands med motorvogn og fartøy* opprettet et reservedrosjeløyve for motorvogn registrert for høyst 8 sitteplasser, i tillegg til førersetet, tilknyttet Ørsta Taxi i Volda og Ørsta kommuner (felles løyvedistrikt for drosjer).**

2. **Reservedrosjeløyvet blir med hjemmel i §44 i forskriften tildelt Ørsta Taxi SA v/daglig leder Torstein Moe, Ørsta.**

3. **Motorvognen på reservedrosjeløyvet må oppfylle kravene etter *Forskrift om universell utforming av motorvogn for løyvepliktig transport mv.* og være utrustet etter gjeldende utstyrskrav for drosjene tilknyttet Ørsta Taxi SA.**

4. **Reservedrosjeløyvet skal benyttes til å dekke etterspørselen etter drosjetransport i Volda og Ørsta kommuner når de ordinære drosjene er opptatt eller det er mer transport enn de ordinære drosjene kan utføre. Transport av rullestolbrukere skal prioriteres ved driften av løyvet.**

5. **Ved driften av løyvet må løyvehaveren rette seg etter Samferdselsdepartementets regler om drosjedrift, jfr yrkestransportloven og yrkestransportforskriften, og etter vedtekter og reglement for Ørsta Taxi SA og etter nærmere samarbeidsavtale med Volda Taxi.**

Vedtaket om løyvetildelingen gjengitt ovenfor er ikke endelig før eventuell(e) klage(r) er avgjort. Fristen for å klage er 3 uker fra mottakelse av dette brevet eller kopi av brevet.

Med hilsen

Magne Vinje
ass. samferdselssjef

Jan Eirik Søraas
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Kopi:

Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Norges Taxiforbund avd Møre og Romsdal	Flusundveien 11	6091	FOSNAVÅG
Volda Taxisentral	Postboks 92	6101	VOLDA

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Elin Høydal Vatne	Arkivsak nr.:	2018/37
		Arkivkode:	F64

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
23/18	Tenesteutval for helse og omsorg	23.08.2018
133/18	Formannskapet Kommunestyret	04.09.2018

UTGREIING AV FORSLAG TIL NATTBEMANNING VED MYRAVEGEN 35

Handsaming:
Dag Aarflot stilte spørsmål om gildskap då han tidlegare var samburar med ei som har engasjert seg i saka om å få nattbemanning ved bustadane på øvre Rotset.

Dag Aarflot gjekk frå under røystinga om gildskap. Det var fire røysteføre.

Dag Aarflot vart samrøystes kjend gild. Han tok sete.

Det var fem røysteføre.

Helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten og leiar for rus- og psykisk helseteneste Elin Høydal Vatne orienterte om saka og svarte på spørsmål frå medlemmane i tenesteutvalet for helse og omsorg.

Røysting:

Leiar Hild Våge fremma å endre «Kommunestyret» i tilrådinga til «Tenestutvalet for helse og omsorg». Hild Våge sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Tenesteutval for helse og omsorg - 23.08.2018:

1. Tenesteutvalet for helse og omsorg tek til orientering dei faglege vurderingane som tidlegare er gjort i høve forsvarleg bemanning med to på dag og to på kveld. I oppstartingsfasen tek Tenesteutvalet for helse og omsorg til orientering at det vert flytta stadleg nattevakt frå Sevrinhaugen 7 til Myravegen 35 i tre månader for grundig å kunne kartlegge hjelpebehovet til bebuarane ved Myravegen 35.

2. Tenesteutvalet for helse og omsorg vedtek å dekkje kostnadene med ei ekstra nattevakt i same 3 måneders periode ved Myravegen 35 til ein kostnad på kr 400 000. Helse- og omsorgssektoren si budsjettramma vert tilsvarande styrka med dekning ved bruk av ubunde disposisjonsfond.

3. Tenesteutvalet for helse og omsorg finn å kunne bruke av disposisjonsfondet for dekning av eit tidsavgrensa tiltak, og viser elles til strategien i økonomiplanen om å gjennomføre tiltak for å redusere bruken av ubunde disposisjonsfond for å balansere budsjetta.

Administrasjonen si tilråding:

4. Kommunestyret tek til orientering dei faglege vurderingane som tidlegare er gjort i høve forsvarleg bemanning med to på dag og to på kveld. I oppstartingsfasen tek kommunestyret til orientering at det vert flytta stadleg nattevakt frå Sevrinhaugen 7 til Myravegen 35 i tre månader for grundig å kunne kartlegge hjelpebehovet til bebuarane ved Myravegen 35.

5. Kommunestyret vedtek å dekkje kostnadene med ei ekstra nattevakt i same 3 måneders periode ved Myravegen 35 til ein kostnad på kr 400 000. Helse- og omsorgssektoren si budsjettramma vert tilsvarande styrka med dekning ved bruk av ubunde disposisjonsfond.

6. Kommunestyret finn å kunne bruke av disposisjonsfondet for dekning av eit tidsavgrensa tiltak, og viser elles til strategien i økonomiplanen om å gjennomføre tiltak for å redusere bruken av ubunde disposisjonsfond for å balansere budsjetta.

Uprenta saksvedlegg:

- OS 2/18
- Opptrappingsplan for psykisk helse (St.prop nr 63 (1997-1998))
- Samhandlingsreforma (St.meld nr. 47)
- Primærhelsemeldinga (Meld.St. 26)
- Bedre kvalitet – økt frivillighet. Nasjonal strategi for økt frivillighet i psykiske helsetjenester (2012 – 2015)
- Rettighetsinngripende tiltak i kommunale botilbud 1/2017
- Tilbod på vaktteneste frå Safe24

SAMANDRAG AV SAKA

Kommunestyret bad administrasjonen om ei utgreiing vedrørande organisering og drift av Myravegen 35 og eventuelle behov for finansiering ut over budsjettforslaget jf. K-sak 145/17. Tenesteutval for helse og omsorg (THO) vart orientert om organisering og drift av nye omsorgsbustader på Øvre Rotset 11.01.2018, jf. OS 2/18 der Helse og omsorg foreslo «scenario 4» som einaste løysinga for å fortsatt kunne tilby forsvarleg drift av eksisterande tiltak, samt forsvarleg drift ved Myravegen 35. Det blei lyst ut og tilsett i stillingane før ferien og innflytting i bustadane er sett til 01.10.18. Kommunestyret har i etterkant bedd administrasjonen vurdere behovet for nattevakter for å sikre eit forsvarleg tilbod ved omsorgsbustadane i Myravegen 35 jf. PS 17/18.

Volda kommune (VK) har valt å satse på dei 7 som flyttar inn i Myravegen 35 ved å tilby nye flotte omsorgsbustader som kan vere ein varig bustad dersom ein treng det. Bebuarane vil få tilgang på 2 personale på dagtid og kveldstid, noko som er ei stor styrking av tenester sett opp mot tilbodet desse brukarane har i dag. Helse og omsorg vil tilby helsetenester til dei som flyttar inn og håper det vil setje bebuarane betre i stand til å ivareta seg sjølv og eiga helse. VK har ikkje lovheimel til å lage ordningar der vi fotføl mottakarar av våre tenester. Vi har heller ikkje høve til å bestille slike tenester utført av andre. Politiet vil på lik line som i andre bumiljø i kommunen ha ansvar for å sikre lov og orden.

For å vere trygge på at VK yter forsvarleg helsehjelp til dei som ynskje å busette seg i omsorgsbustadane i Myravegen 35, forslår administrasjonen å kartlegge behovet for tenester grundig i ei overgangsperiode på 3 månader ved å flytte nattevakta som stadleg held til ved basen på Sevrinhaugen 7. I tillegg foreslår VK å ytterlegare styrke Myravegen 35 med ei ekstra nattevakt i same kartleggingsperiode, så der blir to nattevakter. Dette for å ivareta kontinuitet i helsehjelpa til dei brukarane som allereie har nattevaktstenester i Rus og psykisk helseteneste, med å kunne forlate området, samt få gjort ei grundig kartlegging av det helsemessige behovet for nattevakt ved Myravegen 35.

Dersom det i denne 3-måneders perioden viser seg å vere helsemessige årsaker som utløyser behov for stadleg nattevakt ved Myravegen 35, må dette leggast fram som eiga sak.

SAKSOPPLYSNINGAR/FAKTA

Kort historikk
Tidleg 2016 sende VK prosjektet ut på anbod og starta bygging hausten 2016. Omsorgsbustadane stod ferdige våren 2018 og kommunen tok over nybygga april 2018. VK ynskja bygge 7 nye omsorgsbustader, og ikkje berre fleire kommunale gjennomgangsbustader, då vi ser at det er ei gruppe pasientar Rus og psykisk helseteneste ikkje har klart å yte tilstrekkeleg helsehjelp til utan å tilby eit høgare omsorgsnivå. Rus og psykisk helseteneste fekk kr 1 000 000,- i auka ramme gjennom budsjettprosessen for 2018 til bemanning ved Myravegen 35. Ein har kjørt ein intern prosess i tenesta og flytta to årsverk frå Rustenesta og Sevrinhaugen 7. Helse og omsorg måtte sjå på øvrig ramme for å finansiere resten av bemanninga.

I K-sak 145/17 bad kommunestyret administrasjonen om ei utgreiing av organisering og drift av Myravegen 35 og eventuelle behov for finansiering ut over budsjettforslaget. Tenesteutval for helse og omsorg (THO) vart orientert om organisering og drift av nye omsorgsbustader på Øvre Rotset 11.01.2018, jf. OS 2/18 der Helse og omsorg foreslo «scenario 4» som einaste løysinga for å fortsatt kunne tilby forsvarleg drift av eksisterande tiltak, samt forsvarleg drift ved Myravegen 35. Kommunen lyste ut stillingane med søknadsfrist 02.04.18. Det vart tilsett teamleiar, miljøterapeutar og miljøarbeidarar i alle stillingane før ferien. Dei tilsette kan starte opp arbeidet i Myravegen 35 01.09.2018 og bustadane er klar for innflytting frå 01.10.18. Det er behov for nokre veker med planlegging, då dette er eit heilt nytt tiltak. Rutinar og prosedyrer skal utarbeidast og gjerast kjent.

Kommunestyret ba administrasjonen vurdere behovet for nattevakter for å sikre eit forsvarleg tilbod ved omsorgsbustadane på øvre Rotset, jf. PS 17/18.

Det har vore stort engasjement frå nabolaget for å styrke bemanninga med nattevakter med argumentasjon om utryggheit om dette ikkje kjem på plass. Dette har kome tydeleg til uttrykk i møte med dei og i media.

Nokre politikarar har uttalt ynskje om stadleg bemanning også på natt. I tillegg til auka kostander ved nattbemanning, oppmodar politikarane å legge opp til turnusordningar med til dømes 12 eller 24 timars vakter, for god kontinuitet for både tilsette og bebuarar.

Husbanken sin rettleiar for søknadsprosess og bruk av investeringstilskot til sjukeheimsplassar og omsorgsbustader punkt 8. definerer heildøgns pleie- og omsorgstenester til: *«personer som har behov for heldøgns helse- og omsorgstjeneste menes her personer som trenger tjenester på ulike tider i løpet av hele døgnet. Omfanget av tjenesten vil kunne variere gjennom døgnet og over tid. Dette inkluderer personer med langvarige somatiske sykdommer, funksjonshemming, utvilingshemming, rusproblemer eller psykiske og sosiale problemer. Det er ikke noe krav at kommunen må ha en omsorgsbase i det enkelte prosjekt så lenge denne ligger i boligen(es) nærmiljø. Kommunen har ansvar for hvordan tjenesten organiseres»*

Administrasjonen stilte våren 2016 spørsmål til Husbanken, før kommunen søkte om investeringstilskot, korleis bustadane skulle kategoriserast - som omsorgsbustadar eller kommunale utleigebustadar. Kommunen informerte at det var bemanning på dagtid, men at det på natt berre var tilkallingsnattevakt og ikkje bemanning på staden. Husbanken svarte at det ikkje var krav til at det måtte vere stadleg bemanning på natt. Det som var kravet var at personane kunne ha behov for heildøgns helse- og omsorgstenestar og at det var ei ordning for å sikre at bebuarane fekk tilsyn ved behov. Korleis dette vart organisert var opp til kommunen. Ambulerande nattevakt i sentrum stettar kravet frå Husbanken. Prosjektet helse og omsorg har starta på med å styrke ambulerande nattevaktstenester vil ytterlegare styrke dette tilbodet.

Kommunestyret sitt vedtak i sak 17/18

Kommuenstyret godkjente den 1. mars i år (K-sak 17/18) ei bemanning på 5,32 årsverk til ein årskostnad på kr 3,99 mill i bustadane ved Myravegen 35. Samtidig ba dei administrasjonen vurdere behovet for nattevakter. Vedtaket gjengis i si heilheit nedanfor.

1. *Kommunestyret godkjenner at bustadane får ei bemanning på 5,32 årsverk (2 på dagvakt og 2 på seinvakt) til ein årskostnad på kr 3 990 000. For 2018 er kostnaden stipulert til kr 3 325 000 (ca 10 månaders drift)*

2. Bemanninga vert finansiert slik:
Løyvd i budsjettet for 2018 1 000 000
Intern omdisponering, jfr scenario 4 i saksutgreiinga 1 250 000
Forventa auka inntekter 550 000
Bruk av ubunde disposisjonsfond 475 000
SUM 3 325 000
3. Bruk av ubunde disposisjonsfond er ei mellombels løysing for 2018 og skal frå og med 2019 dekkjast innanfor sektoren (ev prosjektmidlar til rusarbeid frå Helsedirektoratet eller midlar som kan frigjerast gjennom strukturelle eller organisatoriske prosessar i helse- og omsorgssektoren).

4. THO bed om at det ikkje vert innflytting i bustadane før personalet er på plass.

Tenesteutvalet er kjende med at helse- og omsorgssektoren har sett i gang ein prosess der nattevaktstenesta vert gjennomgått, med håp om at dette skal frigjere ressursar som kan nyttast til delfinansiering av driftskostnadane ved dei nye bustadane. Tenesteutvalet for helse- og omsorg ber om å bli orientert om resultatet av denne prosessen i ei eiga sak når prosessen er ferdig.

Tenesteutvalet er kjende med at administrasjonen søkjer midlar frå helsedirektoratet til kommunalt rusarbeid. Om kommunen får innvilga søknaden må dette gå uavkorta til

delfinansiering av tenestetilbodet i dei nye bustadane, heilt i tråd med intensjonen for midlane. Midlane kan givast over fire år, med nedtrapping frå 660.000,- første år til 330.000,- siste år.

Kommunestyret ber administrasjonen vurdere behovet for nattevakter for å sikre eit forsvarleg tilbod ved dei nye bustaden.

Nasjonale føringar og målsettingar
Opptrappingsplanen for psykisk helse (St.prop nr. 63) Samhandlingsreforma (St.meld. nr 47) og primærhelsemeldinga (Meld.St. 26) har hatt som mål å betre folkehelse og yte betre helse og omsorgstenester på ein berekraftig måte og overføre helseteneste frå spesialisthelsetenesta til kommunane. I dag tilbyr kommunane psykisk helse- og rustenester til personar som tidlegare fekk hjelp gjennom lengre opphald på sjukehus. Ei sentral målsetting med denne deinstitusjonaliseringa av dei psykiske helsetenestene er at menneske med psykiske lidingar skal oppleve meir tilhørigheit, og at frivilligheit og mindre sosial kontroll, skal prege tenestene (Meld.St 25 (1996-97)). Ein større del av behandling, rehabilitering og habilitering skal skje i kommunane. Strategien er å forebygge meir, behandle tidlegare og samhandle betre. Pasientar og brukarar skal få tidleg og god hjelp nærast mogleg der dei bur.

I 2012 vart strategien «Bedre kvalitet – økt frivillighet. Nasjonal strategi for økt frivillighet i psykiske helsetjenester (2012 – 2015)» lansert. Den hadde som formål å endre praksis og få til meir bruk av frivillige tiltak og frivillige løysingar basert på eit meir likeverdig samarbeid mellom brukarar, pårørande og helsepersonell.

Strategien skildrar mange konkrete tiltak for å redusere bruk av tvang og rettighetsinngripande tiltak. Ein av strategiane var å få ei oversikt over eventuell bruk av rettighetsinngripande tiltak overfor personar som bur i kommunale bustader. Grunngjevinga for dette tiltaket var mellom anna ei bekymring for at det blir etablert «mini-institusjonar» i kommunane der det skjer inngripen overfor personar med alvorlege psykiske lidingar utan forankring i lovverk. Kommunen har ikkje anledning til å gripe inn i grunnleggande menneskerettigheiter som retten til eit privatliv og retten til å ha eit sosialt liv.
Rettigheitsinngripande tiltak kommunen ikkje kan setje i verk er f.eks:

- Tiltak som går ut over det ein leigetakar i ordinær bustad ville akseptert
- Tiltak der bebuaren ikkje har gitt informert samtykke
- At det ikkje finnes lovverk som regulerer tiltaka
  (Eksempel på dette er regulering av fri bevegelse, begrensa tilgang på mat, alkohol og tobakk, vasking og rydding av bustad, fotfølging, 1:1 eller 2:1 bemanning som gir begrensningar i sjølvbestemmelse, busetting langt frå andre med begrensa kommunikasjonsmuligheiter)
- At helsepersonell i den kommunale tenesteapparatet set i verk saksjoner ved brot på reglar
- Når det går frå å vere oppmuntring/motivasjon til tilnærma formelle tvangsinngrep

Behov for bemanning/tenester – ei fagleg vurdering
Bemanning i omsorgsbustader er utmåling av tenester og skal gjerast etter fagleg skjøn på grunnlag av brukar sitt individuelle behov. Dette er ei vurdering etter helse- og omsorgslova. Det er ikkje lenger vanleg praksis i landet å involvere politisk nivå i slike faglege vurderingar. Det vert også stilt juridiske krav om at slike vurderingar ikkje kan gjerast politisk utan at det er oppretta klientutval med eit avgrensa medlemstal på 3 politikarar. I Volda og i kommunane elles vert tenesteutmåling gjort ut frå fagleg vurdering i høve til lovverket. Dei invididuelle rettane vert ivaretekne gjennom overprøvingsinstituttet som ligg i klagereglane med fylkesmannen som endeleg klageinstans. Kommunane er økonomisk ansvarleg for at brukarane får dei tenestene dei har rett til og behov for. Det politiske vedtakstemaet i slike saker vert finansiering av tenesta og ikkje den faglege vurderinga av

behovet. Kommunestyret kan likevel vedta større økonomiske rammer utover det som fagleg er vurdert som tilstrekkeleg. Kommunestyret bør da gjere det ut frå ein overordna økonomisk strategi om tenesteprofil og prioritering og ikkje lausreve i ei enkeltsak. I tillegg vil det vere klokt av kommunestyret å utfordre fagadministrasjonen og tenesteutvalet for helse og omsorg til å gjere ei vurdering av kvar dei meiner behovet er størst innanfor sektoren. Dette vil uansett i det lange løp handle om økonomisk styring – kven skal få og kvar skal ein ta det frå for å dekkje opp satsina. Finansiering av auka varig drift ved bruk av driftsfond varer berre til ein har brukt opp dei oppsparte midlane.

VK har ut i frå kjennskap til brukarane planlagt bemanning med to personale på dagtid og to på kveldstid. Forslaget om medleverturnus med 24 timers vakter er ei svært dyr turnusordning, som ikkje er kostandseffektiv eller berekraftig på sikt dersom VK ikkje vurderer det som nødvendig for å kunne yte forsvarleg helsehjelp.

Det er i turnus lagt opp til langvakter på 12.5 timer på helg for å kunne tilby meiningsfull aktivitet utan at ein må heim til vaktskifte. I vekene elles er det tenkt at dagsenteret Gnisten og Styrk-arbeid kan tilby lågterskelaktivitet ved behov og såleis er det ikkje behov for langvakter.

Ro og orden
Kommunen sitt ansvar er å yte helsetenester til innbyggjarane. Samfunnsoppgåver som går på ro og orden ligg til andre, og skal vurderast ut frå anna lovverk.

Det har kome fram ynskje om bruk av vaktselskap for å ivareta ro og orden i området ved Øvre Rotset. Helse og omsorg sjekka kostnader på dette i forbindelse med orienteringssaka i tenesteutval for helse og omsorg i januar 2018. Kostnadar knytt til bruk av vaktselskap ligg om lag på same nivå som kommunalt tilsette miljøterapeutar vil koste.

Myndigheitene har lenge vore bekymra for at det blir brukt for mykje tvang og rettigheitsinngripande tiltak i dei psykiske helsetenestene i Norge (St.prop nr 63 (1997-1998); Sosial og helsedirektoratat 2006b; Helsedirektoratet 2009)

Det er viktig å presisere at omsorgsbustadane i Myravegen 35 skal vere heimen til dei som flyttar inn der og dei skal leve kvardagslivet sitt der. Dersom brukarane skal ynskje å ta desse bustadane i bruk må vi tilby verdige tenester.

Kommunen har ikkje anledning til å lage ordningar der vi fotfylgjer brukarane. Vi har heller ikkje høve til å tinge slike tenester utført av andre. Helse og omsorg skal yte helsetenester som set brukarane betre i stand til å ivareta seg sjølv og eiga helse. Politiet vil på lik line som i andre bumiljø i kommunen ha ansvar for å sikre lov og orden.

VURDERING OG KONKLUSJON
Personane som flytter til omsorgsbustadane bur i dag i ulike kommunale bustader i Volda, i midlertidig husvære eller andre omsorgsbustader. Dei tek i varierande grad i mot tenester der dei bur no og VK har valt å satse på denne målgruppa ved å bygge eit fint og verdig butiltak der dei kan få tilbod om ein varig heim. I tillegg har VK satsa tungt på bemanning for å kunne yte nødvendig helsehjelp.

Til basen på Sevrinhaugen 7 er det knytt 16 omsorgsbustader. I tillegg får 10 heimebuande døgntenester frå personale der. I Myravegen 35 er det 7 omsorgsbustader. Hjelpebehovet for helsehjelp på natt er etter det VK kjenner til, større for dei som allereie tek i mot helsehjelp på natt frå andre kommunale butilbod i Rus og psykisk helseteneste, enn det truleg vil vere

for dei som skal flytte inn i Myravegen 35. Det vil difor vere upraktisk å stadleg opphalde seg på øvre Rotset som ei permanent løysing, medan helsehjelpa hovudsakleg skal ytast på natt ved andre kommunale butilbod. Ved å vere to nattevakter i Myravegen 35 kan ein ivareta dette for ei kortare periode.

Myravegen 35 er eit nytt tenestetilbod og treng ei innfasing til dagleg drift. For å vere trygg på at kommunen yter forsvarleg helsehjelp gjennom døgnet til dei som allereie er mottakarar av helsehjelp på natt i Rus og psykisk helseteneste, samt få utført ei grundig kartlegging av behovet for helsehjelp på natt til dei som ynskjer å busette seg i omsorgsbustadane, rår rådmannen til å midlertidig flytte nattevakta som stadleg held til ved basen i Sevrinhaugen 7 og ytterlegare styrke Myravegen 35 med ei ekstra nattevakt i tre månader. Den interne omflyttinga er kostnadsnøytral, medan den ekstra nattevakta i 3 månader er kostnadsrekna til kr 400 000. For ei så avgrensa periode og avgrensa kostnad finn rådmannen å kunne rå til at ein dekkjer kostnaden ved å styrke helse- og omsorgssektoren sitt budsjett tilsvarande ved bruk av ubunde disposisjonsfond. Dersom konklusjonen i etterkant vert at ein skal etablere permanent styrking med nattevakt, så meiner rådmannen at ein må gjere ei grundig vurdering av dekning der ein på nytt må vurdere tiltak som ein politisk hittil ikkje har villa gjennomføre innanfor t.d barnehage og skule.

Dersom kartlegginga desse 3 månadane syner behov for helsehjelp til bebuarane i Myravegen 35 meir enn ambulerande nattevakt kan tilby, er det behov for å lage ei grundig konskevensutgreiing av dette i helse og omsorg. Dersom ein kjem fram til at det er eit behov for styrka bemanning, må ein leggje fram politisk sak om finansiering av tiltaket.

Helse og miljøkonsekvensar:
Det er lagt vekt på både verdigheits- og tryggleiksperspektiv i vurderingane omkring bemanning knytt til bustadane. Ein ynskjer å gi eit tilbod der både bebuarar, tilsette og omgjevnader vert ivaretekne på ein god måte. Dette er viktig for å etablere eit framtidsretta tilbod og ein god arbeidsstad.

Økonomiske konsekvensar:
Helse- og omsorgssektoren har i OS 2/18 belyst ulike moglegheiter for å etablere forsvarleg tenesteyting i dei nye bustadane. Utfordringa har vore drøfta i leiarmøte i helse og omsorg, der alle einingsleiarar har blitt utfordra på å tenkje og bidra for å få til finansiering av dette. Rus- og psykisk helseteneste er spesielt utfordra, då dette gjeld drift knytt til deira daglege ansvarsområde.

Fleire av forslaga som vert fremja for å frigjere midlar til bemanning av dei nye bustadane, har ukjent gevinstuttak og vil kunne ha eit fleirårleg perspektiv i seg før evt. gevinstuttak. Bruk av fondsmidlar til drift vil ikkje vere berekraftig ut over 2018 og bør ikkje vere løysing ut over eit kortsiktig perspektiv.

Rune Sjurgard

Svein Berg Rusten

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:
Helse og omsorg
Hovudverneombodet

Hovudtillitsvalt for Fagforbundet, FO og Norsk Sjukepleieforbun
Økonomisjefen

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Rune Totland	Arkivsak nr.:	2018/1617
		Arkivkode:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
134/18	Formannskapet	04.09.2018

TILLEGGSFINANSIERING FAST DEKKE KOMMUNALE GRUSAREAL PROSJEKT 701601

Administrasjonen si tilråding:

1. **Kommunestyret godkjenner ei tilleggsfinansiering på kr 937 500 inkl mva for å kunne ferdigstille legging av fast dekk på prioriterte areal i samsvar med saksutgreiinga.**

2. **Kostnaden vert finansier slik**

Momskompensasjon	**kr 187 500**
Bruk av ubrukt lån/overføring frå Øyra skule	**kr 750 000**
Sum	**kr 937 500**

3. **Vedtaket vert gjort i medhald av kommunelova § 13.**

Vedleggsliste:
Ingen

Uprenta saksvedlegg:
Ingen

Samandrag av saka:
Det vart i budsjetthandsaminga for 2018 vedtatt å løyve 9,5 millionar eksklusiv mva. til å leggje fast dekke på grusvegar og parkeringsplassar i Volda kommune i 2018. Grunnen til at eit så høgt beløp vart løyvd til dette formålet i 2018 er at det er siste året på asfaltavtalen med NCC. Innkjøpssamarbeidet Ålesund har no ein svært fordelaktig pris på asfalt, og ein ventar ei vesentleg

auke i kostnad for asfalt med ny avtale i 2019. Arbeidet med legging av fast dekke er godt i gong, og prosjektet kan fullførast før vinteren set inn. Det er uheldig å stogge framdrifta i prosjektet i påvente av neste møte i kommunestyret, då vi risikerer at vinteren tek til før prosjektet er ferdigstilt.

Prioritert liste over areal som skal asfalterast i 2018 er vedteke av forvaltningsstyret og orientert formannskapet. Prosjektet vart kostnadsrekna i høve budsjetthandsaminga for 2018. Prisen på asfalt vart indeksregulert i 2018, og denne auka var ikkje teke høgde for i budsjettet. Prisen på asfalt er per tonn, og eit 5cm tjukt lag gir 122 kg pr. m2 . Det er nær uråd å berekne dette nøyaktig grunna ujamnheiter i det underlaget der asfalten leggjast, slik at der til no har gått med noko meir asfaltmasse enn bereknar på dei areal som hittil er ferdige. Grunna sjukefråvær i avdelinga for veg og park, har meir av førebuinga for asfaltering på grusvegane vorte utført av eksterne lokale firma enn først planlagt. Dette har også kosta noko meir enn berekna. Samla sett medfører dette ei kosnadsauke på Kr 750.000,- eksklusive mva. som er 8% av opprinneleg budsjett. Grunnen til at kostnadssprekken ikkje er større, er at det var teke høgde for noko meir asfaltmasse pr. m2 enn 122kg.

Saksopplysningar/fakta:
Prioritert liste for legging av fast dekke på kommunale vegar og parkeringsplasser som vedteke av forvaltningsstyret er:

Oversikt grusvegar - vs kostnad asfaltering

NB! Alle prisar er eks.mva.

Nr.	Vegnamn:	Lengde:	Brei:	Areal:	Pri.kost:	Geografi:
1	Ervika (frå hovudveg og til kryss)	340	3,5	1190	131 376	Sentrum
2	Eikremshammaren	690	3	2070	228 528	Sentrum
3	Krumsvikneset - Vika - Folkestad	2150	3,5	7525	875 910	Folkestad
4	Frå fotballbana til Løndalen (Stigen)	1100	3,5	3850	448 140	Folkestad
5	Straume - Mjeltvikveien	275	3	825	96 030	Folkestad
6	Kruse bru - Nova - Shortcut - Sunndalen -	470	3,5	1645	191 478	Austefjord
7	Botnen - Skinvik	650	3,5	2275	264 810	Austefjord
8	Løfoll - Hamre	950	3,5	3325	387 030	Austefjord
9	Åslida - Skare (frå Åslida og ned til Holsvika = 575m)	325	3,5	1138	132 405	Austefjord
10	Vikenes - Høydal	650	3,5	2275	264 810	Austefjord
11	Ødegård - Ytre Høydal	2200	3,5	7700	896 280	Austefjord
12	Dale kai (frå fylkesveg til kaia)	200	3,5	700	81 480	Dalsbygda
13	Åesevegen - Sæteråsen	650	3,5	2275	264 810	Lauvstad
14	Koppen - Høgstøyl	1060	3,5	3710	431 844	Lauvstad
15	Snuplassar - omkøyrsler	800	4	3200	372 480	
16	Løndalsvegen (frå Nakkevegen til Løndalen)	1000	3,5	3500	407 400	Lauvstad
17	Kryss Løndal mot Skaret	750	3,5	2625	305 550	Lauvstad
18	Volda stadion - parkeringsplass			4200	463 680	Sentrum
19	Volda skisenter - Reset - delar av parkeringsplass			8000	883 200	Sentrum
20	Sollida	650	3,5	2275	264 810	Folkestad
21	Årsetvegen	675	3,5	2363	274 995	Austefjord
Ikkje prioritert	Rangseter - Hesteflotane	525	3,5	1838	0	Dalsbygda
Ikkje prioritert	Velsvik kai (frå RV 652 til kaia)	460	3,5	1610	0	Lauvstad
Ikkje prioritert	Rotsetstranda Til bom framanfor Myrtun og frå kryss Lisjedalen til bom Botnasanden	520	3,5	1820	0	Sentrum
Ikkje prioritert	Åmelfotvegen	300	2,5	750	0	Dalsfjord
Ikkje prioritert	Engesetgeila	464	3	1392	0	Sentrum
Ikkje prioritert	Mjeltevikvegen	1350	2,5	3375	0	Straumsha

Ikkje prioritert	Skjeret	807	2,5	2018	0	Austefjord
Ikkje prioritert	Høydal skule	150	3	450	0	Austefjord
Ikkje prioritert	Nedstevegen - Høydal (vegen bør utbetrast i si heilheit)	500	3,5	576	0	Austefjord
Ikkje prioritert	Høydal kai	80	3	240	0	Austefjord
99	Sum:	20741	97	80733	7 667 046	
	Forarbeid - innleigd eksternt				1 350 000	
	Forarbeid i kommunal regi				500 000	
	Sum:				9 517 046	

Avdelinga for veg og park har sprengd kapasitet i høve planlegging og gjennomføring av slike prosjekt. Det er meir tidkrevjande å omprioritere og knipe inn kostnader enn å la prosjektet gå som bestilt.

Vurdering og konklusjon:
Volda kommune gjennomfører legging av fast dekke på kommunale grusareal for å spare kostnader med drift av desse areala i framtida. I prioriteringa for 2018 vart der medteke alle grusareal i Volda kommune, som gjev innsparing på drift. Det er difor fornuftig å fullføre dette prosjektet uavkorta i 2018, før prisstigning på asfalt i 2019.

Helse og miljøkonsekvensar:
Vurdert i høve budsjettdokumentet for 2018

Økonomiske konsekvensar:
Netto kostnad etter momskompensasjon er kr 750 000. Dette representerer ein årleg kapitalkostnad på ca kr 38 000 som inngår i allereie opptekne lån til Øyra skule.
Det er viktig at ein har heilskapleg fokus på prioriteringar av tiltak, og eit kvart tillegg til drift eller investering handlar om prioritering. Derfor bør alle nye tiltak eller utviding av tiltak handsamast i budsjettsamanheng. I denne saka ser ein at det kan vere tenleg å nytte gunstig asfaltavtale for å realisere det som var planlagt. Rådmannen finn derfor ut frå ei samla vurdering å gå inn for tiltaket.

For å kunne nyttegjere seg gjeldande asfaltkontrakt må arbeidet gjerast raskt. Derfor vert saka lagt fram som hastevedtak etter kommunelova. Problemstillinga kom opp for seint til å kunne utgreie sak i tilstrekkeleg tid til kommunestyret. Derfor vert saka lagt fram for formannskapet som hastesak. Når formannskapet gjer vedtak etter kl § 13, skal ein formulere vedtaket med kommunestyret, og kommunestyret skal ha saka som melding i etterkant.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Vurdert i høve budsjettdokumentet for 2018

Rune Sjurgard
Rådmann

Rune Totland
teknisk sjef

Utskrift av endeleg vedtak:
Melding til kommunestyret
Teknisk sjef for oppfølging
Økonomisjefen